



Universitetet
i Stavanger

JOHANNE MALENE EKELAND VALVATNE

RETTLEIAR: MELINA ANTONIA BUNS

Kampen mot kjønnsbasert vald

Forbindelsar, systersolidaritet og visjonar

i den norske krisesenterrørsla,

1976 til 1983

Masteroppgåve 2024

Lektorutdanning for trinn 8-13 – Historie

Institutt for kultur- og språkvitskap

Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora

Antal ord: 32 924



Illustrasjonar på tittelsida

Venstre: Logo for Camilla krisesenter. Gjeve att med løyve frå Oslo Byarkiv

Høgre: Logo for Nødtelefonen og krisesenter for kvinner. Gjeve att med løyve frå Bergen Byarkiv

Samandrag

Denne masteroppgåva tek føre seg historia til krisesenterrørsla i Noreg frå 1976 til 1983. Hovudfokuset for oppgåva er å belysa kvifor og korleis krisesenterrørsla arbeidde for å adressera og nedkjempa kjønnsbasert vald mot kvinner gjennom å oppretta private strukturar i form av hjelpetilbod som krisesenter og krisetelefonar som valdsutsette kvinner kunne nytta seg av. Oppgåva argumenterer for at den norske krisesenterrørsla har påverka utviklinga i både handsaminga av og haldningane til kjønnsbasert vald i Noreg gjennom arbeid på individ og strukturnivå. Vidare argumenterer oppgåva for at arbeidet har vore utført transnasjonalt, nasjonalt og lokalt. Oppgåva er sett saman av tre empiriske kapittel som kvar for seg utforskar ulike delar av krisesenterrørsla sitt verke og tek føre seg kvart sitt analytiske konsept: *forbindelsar, systersolidaritet og visjonar*.

Det fyrste kapittelet utforskar krisesenterrørsla sine forbindelsar, og undersøker korleis den norske krisesenterrørsla vart til som eit resultat av transnasjonal inspirasjon. Her vert det argumentert for at inspirasjon og samhandling på tvers av landegrenser var avgjerande for å identifisera eit problem i ein norsk kontekst og for etableringa av eit norsk tilbod.

Det andre kapittelet undersøker korleis det konkrete tilbodet ein kunne tilby kvinnene i naud såg ut. Kapittelet argumenterer for at det var ei sterk systerskapskjensle som låg til grunn for arbeidet og organiseringa, og syner til at arbeidet ein utførde både fylde ein hjelpefunksjon på både individ og strukturnivå, gjennom å tilby konkret hjelp samstundes som ein kartla tendensar, adresserte samfunnsproblem og bidrog til å redusera omfanget av kjønnsbasert vald mot kvinner på samfunnsnivå.

Det tredje og siste empiriske kapitelet ser på krisesenterrørsla sine politiske og samfunnsmessige visjonar. Kapittelet utforskar særleg arbeidet rørsla utførde utanfor krisetelefonane og sentera. Kapittelet argumenterer for at krisesenterrørsla i si samtid bidrog til sentrale endringar i det norske samfunnet både på eit juridisk og haldningsmessig plan.

Abstract

This master's thesis delves into the history of the Norwegian women's refuge movement from 1976 to 1983. The focus of the thesis is to shed light on why and how the movement worked to combat gender-based violence against women by establishing private structures in the form of support services, such as women's refuges and crisis hotlines, that women could utilize. The thesis argues that the Norwegian women's refuge movement influenced the development of both the treatment and attitudes towards gender-based violence in Norway, through operations on an individual and structural level. The thesis further argues that the work has been carried out on a transnational, national and local level. The thesis consists of three empirical chapters, each exploring different aspects of the women's refuge movement's operations and focusing on their respective analytical concepts: connections, sister solidarity and visions.

The first chapter explores the connections of the women's refuge movement, examining how the Norwegian movement emerged as a result of transnational inspiration. The chapter argues that inspiration and collaboration across borders were crucial for identifying a problem in a Norwegian context and for establishing a Norwegian support service.

The second chapter investigates the concrete assistance provided to women in need. It argues that a strong sense of sisterhood was fundamental for the movement's work and organization. The chapter shows that the work performed served both an individual and structural function, by offering concrete assistance while also identifying trends, addressing societal issues, and contributing to reducing the prevalence of gender-based violence against women on a societal level.

The third and final empirical chapter examines the political and societal visions of the women's refuge movement and explores the work the movement carried out beyond the crisis hotlines and the refuges. The chapter argues that, in this time, the movement contributed to significant changes in Norwegian society both in terms of legislation and attitudes.

Når ein ikkje tør å vera heime, er det forferdeleg flott at ein kan ha ein sånn stad å vera.

- Anonym kvinne, Krisesenterfilmen (1980)

Forord

Fyrst og fremst vil eg takka min dyktige rettleiar, Melina Antonia Buns, for svært verdifull fagleg og medmenneskeleg støtte gjennom heile skriveprosessen. Utan dine gode råd, innspel, ditt gode humør og ikkje minst det gode samarbeidet vårt, ville ikkje denne oppgåva vore mogleg å skriva. Vidare vil eg òg retta ei takk til instituttet som finansierte reisa mi til Oslo byarkiv, og med det opna for å kunna inkludera dette materialet i oppgåva.

Eg vil òg takka mine medstudentar for fagleg utvikling, latter, tårer, støtte og samhold gjennom fem år. Tida ved Universitetet i Stavanger hadde ikkje vore det same utan dykk. Eg vil òg retta ei takk til mine kollegaar ved Arkeologisk museum som har lete meg sitta med dei medan eg har skrive, og som har lytta til synsinga mi og bidrege med å lesa oppgåva. Familie og venner fortener òg ei stor takk for all støtte gjennom studietida generelt, og i denne skriveprosessen spesielt, for å ha stilt opp i små og store krisar langs vegen.

I laupet av tida eg har arbeidd med denne oppgåva, har det synleggjort seg at arbeidet er viktigare enn eg sjølv innleiingsvis hadde trudd, og oppgåva har diverre vorte meir aktuell. Den ytste konsekvensen av vald i nære relasjonar, er partnardrap eller drap på andre nærstående personar. I perioden august 2023 til mai 2024, altså perioden dette arbeidet har vorte utført i, har det vore ei bylgje med drap utført av personar i nære relasjonar til offeret. Særleg dei fyrste månadane av 2024 har vore prega av dette. I ei kartlegging gjort av VG, kan ein lesa at i same periode har totalt 14 personar vorte drepne av partnaren sin, kor ni av desse er kvinner. I tillegg til drap på partnar, har fleire born vorte drepne av omsorgspersonar. Statistikk frå 2023 syner at prosentandelen partnardrapa utgjer av alle drap i Noreg har auka frå omlag 25 prosent, til omlag 45 prosent. Sjølv om nokre av desse drapa har vorte utført av kvinner, er det framleis ei overvekt av menn som er gjerningsperson i partnardrapssakene, og kvinner som er offera. Med dette kan ein sjå at vald i nære relasjonar og vald mot kvinner framleis er eit problem i vårt samfunn, og med det er det naudsynt å sjå på korleis ein gjennom historia har forsøkt å nedkjempa dette.

Denne oppgåva er dedikert til alle tidlegare, noverande og framtidige offer for vald og overgrep i nære og andre relasjonar. Eg ser og trur deg.

Stavanger, mai 2024

Johanne Malene Ekeland Valvatne

Innhald

Samandrag	ii
Abstract.....	ii
Forord	iv
Innleiing.....	1
Historia om krisesenterrørsla	3
Historiografi.....	5
Kvinnehistorie.....	5
Sosiale rørsler	8
Teknologihistorie	11
Analysekonsept.....	13
Omgrepsavklaring.....	15
Krisesenter og krisetelefon	15
Kjønnsbasert vald og mishandling i nære relasjonar	17
Empiri	18
Disposisjon	20
Kapittel 1 - Ei internasjonal rørsle	22
1.1 Transnasjonale samband og internasjonal inspirasjon	22
1.2. Å identifisera eit problem og skapa eit tilbod	27
1.3 Dei norske krisetelefonane og gradvis overgang til krisesenter	32
Kapittel 2 – Dagleg drift og gradvis profesjonalisering.....	38
2.1 Frivilligheit og aktørar	38
2.1.1 Menn sin posisjon i krisesenterrørsla.....	41
2.1.2 Profesjonalisering	46
2.2 Opplæring	48
2.3 Føremålet med, og tilbodet ved krisesentera og krisetelefonane	51
2.3.1 Krisesenterarbeidet i praksis	52
2.3.2 Strukturelle endringar gjennom individuell hjelp	54
Kapittel 3 – Visjonar om samfunnsendring og politiske mål	57
3.1 Politisk forankring, feministisk ideologi og politiske mål	57
3.1.1 Feministisk profil.....	57
3.1.2 Politisk forankring på venstresida.....	61
3.2 Haldningsendring.....	63
3.2.1 Intergenerasjonelt fokus	63
3.2.2 Haldningsendring i offentlege instansar.....	65

3.3 Juridiske endringer.....	67
3.2.3 Tilbod etter opphald på krisesenter	72
3.2.4 Vidareføring av tradisjon	73
Konklusjon.....	65
Arkivmaterial.....	72
Lovtekstar, preposisjonar og konvensjonar.....	73
Aviser.....	74
Trykte primærkjelder	74
Bibliografi.....	75

Innleiing

På slutten av 1970- og byrjinga av 1980-talet vart kjønnsbasert vald mot kvinner eit identifisert samfunnsproblem verda over. Òg i Noreg ynskja aktivistar på tvers av heile landet å gjera noko med problemet. Den nye kvinnerørsla, som hadde oppstått på 1960-talet, fekk denne saka som ei av sine viktigaste kampsaker, saman med mellom anna kampen for sjølvbestemt abort. Med dette vart dei pådrivarar i kampen mot kjønnsbasert vald, og dimed òg for å politisere det som tidlegare hadde vorte sett på som ei privatsak. Kvinnerørsla handsama problemet gjennom å sjølv etablera og tilby den hjelpa som dei meinte mangla for kvinner som vart utsette for slike brotsverk, og som dei meinte at det offentlege ikkje gav tilstrekkeleg av. Nokon av dei tidlege og sentrale tilboda som vart til i denne perioden var krisetelefonar for kvinner og seinare krisesenter. Dette var hjelpetelefonar som kvinner som vart utsette for vald eller overgrep kunne ringa inn til, få råd, stønad, rettleiing, og ein kunne få mogleg tilflukt ved sentera frå valdelege menn i nære relasjonar. Bak desse tilboda stod ei eiga rørsle, som hadde sitt utspring frå kvinnerørsla, nemleg den norske krisesenterrørsla.

Dei seinare åra har krisesenterrørsla vunne sentrale kampar for å sikra tilbod til primært kvinner, men òg andre som vert utsette for vald i nære relasjonar. 1. januar 2010 tredde *Lov om kommunale krisesenter* i kraft. Lova slo fast at alle kommunar i Noreg hadde ei plikt til å sikra eit tilbod om krisesenter til alle innbyggjarane sine som skulle ha behov for det. Sjølv om både stat og kommune hadde bidrege økonomisk til drifta av dei ulike sentera før dette, fekk det offentlege Noreg ved innføringa av lova for fyrste gong eit forpliktande ansvar om å dekkja det tilbodet som tidlegare primært hadde vore dekkja av private aktørar.¹ Mot slutten av tiåret, i 2017, ratifiserte Noreg òg Istanbulkonvensjonen, Europarådet sin konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar. Artikkel 24 i Istanbulkonvensjonen slo fast at partane skulle oppretta landsdekkande, kostnadsfrie, døgnopne hjelpetelefonar kor offer for vald kunne ringa inn for rådgjeving og hjelp,² og i oktober 2019 opna den norske Voldsoffer-lina (VO-lina) som ein konsekvens av dette. Begge desse tilboda – krisesentera og VO-lina - som i dag er lovfesta rettar den norske folkesetnaden har, er vidareføringar av dugnadsbaserte tilbod som krisesenterrørsla etablerte, utvikla og drifta i lengre tid.

¹ «Lov om kommunale krisesentertilbud (krisesenterlova) - Lovdata», opna 28. august 2023, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-44>.

² «Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner CETS 210 - Lovdata», åpnet 4. desember 2023, <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2011-05-11-22>.

Krisesenterrørsla i Noreg har inntil nyleg i lita grad vorte tematisert i den norske historieskrivinga. I den grad ho har vorte tematisert, har det òg vore ein tendens til at ho har vorte nemnd i samband med andre ting som den generelle kvinnerørsla føretok seg. Ein har i lita grad fokusert på den konkrete rørsla og arbeidet deira i lys av seg sjølv og deira eigenart. Dei siste åra har det vore ei noko auka forskingsinteresse for krisesenterrørsla,³ men krisetelefonen, som var ein sentral del av oppstarten til rørsla, har i lita grad vorte inkludert og via merksemd i forskinga. Dette gjeld både i Noreg, så vel som internasjonalt. Av den årsaka er det etter mi meining naudsynt å skriva ei oppgåve som vier krisesenterrørsla den merksemda som dei fortener, samstundes som ein kan utforska uopptrødd mark innføre dette feltet. Det er òg viktig å undersøka krisesenterrørsla då rørsla har vore ein sentral pådrivar for politiske endringar og tilbod som ein kan sjå den dag i dag.

I ei oppgåve som denne som adresserer både ein så vid tematikk som sosiale rørsler, og ein så kjenslelada tematikk som vald mot kvinner, er det mange potensielle problemstillingar ein kunne ha utforska. Av omsyn til oppgåva sitt omfang er naudsynt å avgrensa fokusområdet. I denne oppgåva skal eg difor analysera kvifor og korleis den norske krisesenterrørsla arbeidde for å kjempa mot kjønnsbasert vald mot kvinner i perioden 1976 til 1983. Grunngevinga for den periodiske avgrensinga er todelt. For det fyrste er det meste av arkivmaterialet frå denne perioden. For det andre reknar eg den internasjonale tribunalet om brotsverk mot kvinner i Brussel i 1976 som startskotet for danninga av rørsla, noko som gjer det til eit naturleg år å starta i. I oppgåva fokuserer eg i hovudsak på Bergen og Oslo, og 1983 er det fyrste året kor det kjem fram at rørslene begge stadar nytta «krisesenter» som ein del av namnet sitt. Dimed hadde dei begge to frå dette året av både ei telefonline og eit fysisk senter, og ikkje berre ein av dei. Å ha begge desse funksjonane er i dag vanleg praksis for krisesentera, og det er soleis naturleg å avgrensa perioden eg undersøker til punktet der ein hadde fått etablert eit noko liknande tilbod som i dag.

For å svara på den overordna problemstillinga er det utarbeidd tre underordna forskingsspørsmål som kvar for seg ser på ulike element med tematikken: 1) Kva for årsaker kan ha lege til grunn for opprettinga av den norske krisesenterrørsla og deira tilbod? 2) Korleis var krisesenterrørsla sett saman og korleis arbeidde dei? Og 3) Kva for rolle spelte krisesenterrørsla i samfunnsmessige og politiske endringar mot kjønnsbasert vald? For å svara

³ Eit døme på dette er Erika Eidslott, «'Kvinne, bryt ikke sammen, bryt ut'. Vold mot kvinner og krisesenterbevegelsen i Norge, 1945-2009» (Master thesis, The University of Bergen, 2019), <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/20054>.

på desse spørsmåla er det utarbeidd tre analytiske konsept: *forbindelsar, systemsolidaritet og visjonar*. Desse vil verta nytta gjennomgåande i oppgåva.

Historia om krisesenterrørsla

Krisesenter og krisesenterrørsla er ikkje noko særnorsk fenomen. Den norske krisesenterrørsla fekk inspirasjon til arbeidet sitt frå andre land som hadde kome i gang før dei.⁴ Før 1970-talet var det ei stillheit kring tematikkar som seksuelle overgrep og vald, men ettersom 1970-talet var ei tid kor kvinnerolla var i endring, vart slike problem lyfta fram og tematisert meir enn før.⁵ Kvinnelege opplevingar vart dimed via meir merksemd, og den nye kvinnerørsla vaks fram. I samband med dette engasjerte fleire kvinner seg i å dela sine erfaringar med kvarandre, mellom anna om vald og overgrep.

Det fyrste krisesenteret for valdsutsette kvinner vart til i bydelen Chiswick i London i 1971.⁶ Senteret i Chiswick vart til som eit resultat av at kvinnerørsla hadde fått auka oppslutning etter at fleire kvinner hadde delteke på ein demonstrasjon mot aukande matvareprisar og at den dåverande regjeringa, representert ved undervisningsminister Margaret Thatcher, hadde trekt attende tilbodet ein hadde hatt om gratis skulemjølk. I tida etter demonstrasjonen delte kvinnene personlege erfaringar med kvarandre og tematikken med valdsproblematikk i nære relasjonar vart sett lys på.⁷ I åra som følgde vart fleire slike senter oppretta andre stadar i England. Eit liknande tilbod fekk ein òg i USA på byrjinga av 1970-talet, der krisesenter og telefonliner for valdtektsutsette kvinner oppstod i større amerikanske byar som Berkeley, Chicago, Philadelphia, Boston og Washington D.C. Fleire kvinner frå den amerikanske middelklassen starta å engasjera seg politisk i saka, og oppretta med dette senter.⁸ Liknande senter for valdtektsutsette kvinner oppstod òg i England i 1976.⁹

I ein norsk samanheng kom krisesenterrørsla til etter inspirasjon frå både tilboda i Storbritannia og USA etter å ha vorte introdusert for dei på det internasjonale tribunalet om brotsverk mot kvinner i Brussel i 1976.¹⁰ Fyrst etablerte ein krisetelefonliner. Frå 1. februar 1977 kunne

⁴ Gillian Greensite, «History of the Rape Crisis Movement», u.å., 2.

⁵ Jenny Petrak og Barbara Hedge, «Rape: History, Myths and Reality», i *The Trauma of Sexual Assault: Treatment, Prevention and Practice* (John Wiley & Sons, 2003), 2.

⁶ «The Opening of the First Refuge (1971)», Women's Legal Landmarks, 8. august 2017, <https://womenslegallandmarks.com/2017/08/08/first-womens-refuge-opens-1971/>.

⁷ «The Opening of the First Refuge (1971)».

⁸ Greensite, «History of the Rape Crisis Movement», s. 2.

⁹ Petrak og Hedge, «Rape: History, Myths and Reality», s. 3.

¹⁰ Gerd Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner: [referat fra] Internasjonal tribunal i Brussel 4.-8.mars 1976* (Oslo, Rådhusgt.2: Kvinnehuset, Tribunalgruppa, 1976), s. 64.

kvinner i naud ringa inn til det dei kalla «Krisetelefonen i Oslo», ved å ringe 02-56 24 52.¹¹ I fleire andre norske byar byrja ordet om den nyoppretta telefonen å spreia seg, og lokale aktørar, særleg knytt mot kvinnerørslene, ynskja å få på plass liknande tilbod der. I tida som fylgde oppretta ein raskt fortrinnsvis krisetelefonar i mellom anna Bergen, Trondheim og Stavanger. Etter kvart fekk ein òg oppretta senter, og 2.mai 1978 opna Camilla Krisesenter dørene sine i Oslo for å ta i mot kvinner i naud og tilbød dei hjelp og husly. Dette var det fyrste fysiske krisesenteret i Noreg og i Norden.¹²

I det fyrste nummeret av kvinnetidskriftet *Kvinnekamp* frå 1987, altså ti år etter den fyrste telefonen vart til, kan ein telja heile 59 ulike krisesenter- og telefonar som strekk seg heile vegen frå Kristiansand i sør, til Nordkapp i Nord.¹³ Trass i at tilbodet spreia seg relativt raskt i Noreg, var det korkje eit særnorsk fenomen eller noko som oppstod i eit norsk vakuum. Krisesenterrørsla henta som synt ovanfor inspirasjon frå internasjonale kvinnenettverk og tok det med heim for å så setta i verk arbeid på eit lokalt plan. Likevel var ikkje den norske modellen identisk med tilboda i dei andre landa. Krisetelefonane og krisesentera i Noreg famna både over valds- og valdtektsutsette kvinner, i motsetnad til sentera i Storbritannia og USA, som opererte med separate tilbod for desse ulike typane av vald.

Opphavelg var den norske krisesenterrørsla ein del av den generelle kvinnerørsla, men grunna aukande intern konflikt og splitting på midten av 1970-talet, skilde kvinnerørsla seg i fleire ulike delar som hadde særskilt fokus på ulike element av den kvinnelege opplevinga, deriblant krisesenterrørsla.¹⁴ Med det kan ein seia at den norske krisesenterrørsla var ei sjølvstendig sosial rørsla, men som hadde sterke kvinnepolitiske band.

Å oppretta eit slikt tilbod har vist seg å ha vore eit viktig steg i kampen mot kjønnsbasert vald, og sjølv om Camilla Krisesenter ikkje lenger eksisterer, og det no er kommunane og ikkje rørsla som driv tilbodet, eksisterer tilbodet som krisesenterrørsla gjekk føre med framleis i heile landet.

¹¹ Dette telefonnummeret vart seinare endra, men dette er dette er det opphavelge. Henta frå *Er du klar over at kvinner har en krisetelefon? Ring 02-56 24 52*, *Sirene* (Oslo: Sirene, 1977), s. 36.

¹² Marte Ericsson Ryste, «Krisesenterbevegelsen», *Kvinnehistorie.no*, 2019, <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-3433>.

¹³ Kvinnefronten, *Krisesentra - Krisetelefoner*, *Kvinnejournalen* (Oslo: Kvinnefronten, 1987), s. 46.

¹⁴ Trine Rogg Korsvik, «Kvinnekamp!: politiske spenninger i kvinnefrigjøringsbevegelsene i Norge og Frankrike i 1970-åra», i *Historier om motstand : kollektive bevegelser i det 20. århundret* (Oslo: Abstrakt, 2010), s. 98.

Historiografi

I kraft av oppgåva sitt føremål og si problemstilling, rører ho ved fleire ulike forskingstradisjonar med ulik forskning både nasjonalt og internasjonalt. Ettersom oppgåva omhandlar krisesenterrørsla, som var tett kopla til, og ein utspringar av, den norske kvinnerørsla, skriv ho seg inn som ein del av den norske kvinnehistoria, i tillegg til at ho òg skriv seg inn i studien av sosiale rørsler som er eit internasjonalt fenomen. Samstundes som denne oppgåva ser på krisesenterrørsla, ser ho òg på korleis ein aktivt nytta seg av telefonen som eit verktøy. Då telefonen er eit teknologisk verktøy, vert oppgåva òg ein del av norsk teknologihistorie. Kjernen av denne oppgåva vert soleis i skjeringspunktet mellom desse tre tradisjonane, og kan dimed seiast å vera ei sosioteknisk kvinnehistorie. Med dette omgrepet meiner eg at oppgåva utforskar korleis kvinner, i dette tilfellet i form av ei rørsle, har interagert med og utvikla teknologien for å nytta han som eit aktivt verkemiddel i samfunnsmessige spørsmål. Eg vil gjera tematisk greie for noko av den forskinga som er mest sentral for mi oppgåve og korleis mi forskning bidreg til feltet.

Kvinnehistorie

For å kunna forstå og analysera krisesenterrørsla på 1970- og 1980-talet fult ut, er det naudsynt å forstå både rammene ho vert analysert innanfor, og som ho opererte innanfor. I boka *Writing Gender History*,¹⁵ har historikaren Laura Lee Downs gjort greie for den historiske utviklinga på det kvinnehistoriske feltet, og ser på utviklinga frå 1930-talet til i dag. I tillegg til dette har ho gjort greie for det som vert omtala som «Second-wave feminism», eller *den andre feministbylgja* på norsk. Utviklinga av kvinnehistorie og den andre feministbylgja har tette band. Downs peiker på at ein på slutten av 1960-talet både i Europa og i USA kunne sjå ei gjenoppliving av feministisk aktivisme. Kjernen i denne andre bylgja med feminisme var tanken om mannleg dominans i samfunnet og at denne òg synleggjorde seg i dei private sfærane så vel som dei offentlege. Den nye feminismen meinte at den fyrste feministbylgja, altså kvinnerørsla som hadde kjempa fram til dømes røysterett for kvinner, ikkje lenger var tilstrekkeleg for å adressera det skeive maktforhaldet mellom kvinner og menn. Hovudmålet med aktivismen til den nye kvinnerørsla var å avdekka dei skjulte kjeldene av mannleg dominans, og å angripa problemet med rota.¹⁶ Downs peiker på at for ein del kvinnehistorikarar på 1970-talet var historieskrivinga eit uttrykk for akademisk aktivisme, og unekteleg knytt til eit større samtidig feministisk prosjekt. Med dette argumenterer Downs for at politikk kan seiast

¹⁵ Laura Lee Downs, *Writing Gender History*, 2. utg. (London: Bloomsbury, 2010).

¹⁶ Downs, *Writing Gender History*, 21.

å ha vore ein viktig pågangsdrivar for den hurtige utviklinga av det kvinnehistoriske feltet på starten av 1970-talet.¹⁷

I ein norsk kontekst kan ein òg sjå at dette forskingsfeltet vaks fram på same tid. Den norske kvinnehistoria vart òg driven fram av hovudsakleg unge, kvinnelege historiestudentar som var engasjerte i kvinnerørsla.¹⁸ Profesjonelle historikarar som Ida Blom var viktige for den norske diskursen den gangen, og har vore toneangivande for diskursen i lengre tid. I tillegg til å ha bidrege til å skriva større oversiktsverk over kvinner i historia, har Blom si forskning sentrert seg om familiære relasjonar, særleg tematikkar knytt til morsrolla og kvinner si reproduktive helse.¹⁹

Overordna kan den norske forskinga på kvinnehistorie seiast å mellom anna ha fokusert på og undersøkt kvinneorganisasjonar på byrjinga av 1900-talet sin kamp for like rettar mellom kvinner og menn, kvinner i arbeid og reproduksjon.²⁰ Nyare forskning har òg teke føre seg kvinnerørsla på 1970-talet og deira kampsaker.²¹ Forskinga på kvinner i arbeid har både undersøkt arbeid som kvinner har utført i og utanfor heimen, og har med det både undersøkt husmorrolla og den yrkesaktive kvinna.²² Òg kvinner sine reproduktive rettar har vorte tematisert. Historieskrivinga har teke føre seg både korleis den fyrste og den andre feministbølga var pådrivarar for seksualpolitiske endringar gjennom å tematisera intimitet, prevensjon og abort.²³ Historikaren Tone Hellesund peiker på at særleg den nye kvinnerørsla lyfta seksualitet ut av soverommet, og inn i det offentlege ordskiftet, noko som ein i denne oppgåva vil sjå at dei òg gjorde med vald.

I den kvinnehistoriske forskinga har òg kjønnsbasert vald vore ein gjenstand for undersøking. Trine Rogg Korsvik har undersøkt dette nærmare og peiker på at diskusjonar som omhandla vald ikkje var noko nytt på 1970-talet, då det hadde vore debattert og medført lovendringar i

¹⁷ Downs, *Writing Gender History*, 21.

¹⁸ Ingeborg Fløystad, «Women's History in Norway: A Short Survey», i *Writing women's history: international perspectives* (Houndmills, Basingstoke, Hampshire: Macmillan, 1991), 222.

¹⁹ T.d. Ida Blom, red., *Cappelens kvinnehistorie*, bd. 3 (Oslo: Cappelens forlag, 1992). Ida Blom, Sølvi Sogner, og Bente Rosenbeck, *Kvinner i den vestlige verden fra år 1500 til i dag - Deichman.no* (Oslo: Cappelen akademisk forl., 2005).

²⁰ Fløystad, «Women's History in Norway: A Short Survey», 225.

²¹ Hilde Danielsen, *Da det personlige ble politisk: den nye kvinne- og mannsbevegelsen på 1970-tallet* (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013), https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018041648016.

²² T.d. Gro Hagemann, «'Husmorparadis' - Norgeshistorie», *Norgeshistorie.no*, 2015, <https://www.norgeshistorie.no/velferdsstat-og-vestvending/1804-husmorparadis.html>. Åse Camilla Skaarer, «Gifte kvinners rett til arbeid», *Kvinnehistorie.no*, 2019, <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-2680>.

²³ Tone Hellesund, «Intimitet i forandling: om hvordan den nye norske kvinnebevegelsen satte intimitet på dagsordenen», i *Da det personlige ble politisk: den nye kvinne- og mannsbevegelsen på 1970-tallet* (Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013), ss. 61–102.

fleire hundre år før det. Likevel peiker Korsvik på at desse tabulagde tematikkane på 1970-talet vart inkluderte i det offentlege ordskiftet, noko som førte til ei politisering av fenomenen. Ved å undersøka situasjonen i både Noreg og Frankrike, argumenterer Korsvik òg for at politiseringa av vald og overgrep ikkje berre har skjedd i nasjonale kontekstar, men var ein transnasjonal tendens.²⁴

Krisesenterrørsla er som synt ovanfor ein utspringar av 1970-talet sitt fokus på kvinnesak og feminisme og tematiserte vald i høgste grad. Trass i at det er ein viktig del av kvinnehistoria, har den i lita grad vorte tematisert. Forutan om bøker med samtidsberetningar frå kvinner som var involverte i rørsla,²⁵ er det i hovudsak Erika Eidslott si masteroppgåve frå 2019 som er å finna av historiske framstillingar om denne rørsla, og oppgåva hennar er soleis viktig for mi.²⁶ I oppgåva tek Eidslott føre seg fleire ulike aspekt ved historia til krisesenterrørsla. Eidslott sitt hovudfokus er å undersøka prosessane som førte til at vald mot kvinner gjekk frå å verta sett på som ei privatsak, til å verta eit samfunnsproblem og eit offentleg ansvar. Ho peiker på at det både var juridiske og samfunnsmessige strukturar som førte til at det var ein høg terskel for å gripa inn i forhold som ein såg på som tilhøyrande til det private. I ei forlenging av dette spørsmålet, spør Eidslott seg på kva for ein måte krisesenterrørsla var delaktig i prosessen for å offentleggjera den private valden. Tidsspennet som oppgåva til Eidslott strekk seg over er relativt stort. Det startar i 1945 med etterkrigstida si husmorrolle, og sluttar i 2009 kor Noreg vedtok lov om kommunale krisesenter. Avslutningsvis ser Eidslott òg på prosessane i tida der det offentlege overtok ansvaret for sentera som tidlegare hadde vore drifta av ideelle feministiske organisasjonar, og på korleis denne overtakinga gjekk føre seg og vart motteke internt i krisesenterrørsla.

Sjølv om Eidslott si oppgåve har tematiske likskapstrekk med mi, er det likevel klare skilnadar mellom våre fokus. Der Eidslott i stor grad ser på dei politiske debattane og samfunnsutviklinga i korleis ein såg på vald, ser eg i mi oppgåve nøgnare på rørsla i seg sjølv og korleis dei arbeidde. Me har òg eit ulikt empirisk grunnlag for analysane våre. Eidslott bygger mykje av oppgåva si på intervju av informantar som var delaktige i krisesenterrørsla i Bergen, og ser òg på politiske dokument, offentlege utgreiingar og avisinnlegg om krisesenterrørsla. Det vil seia at mykje av hennar material, forutan informantane, kjem utanfor rørsla. I mi oppgåve vert derimot

²⁴ Trine Rogg Korsvik, *Sex, vold og feminisme: hvordan voldtekt og porno ble politisk på 1970-tallet*, 1. utgave. (Oslo: Cappelen Damm akademisk, 2019).

²⁵ Unni Rustad, Berit Morland, og Linn Stalsberg, *Vi var mange : kvinneaktivister fra 70-tallet forteller*, red. Ellen Aanesen (Oslo: Forlaget Oktober, 2018).

²⁶ Eidslott, «'Kvinne, bryt ikke sammen, bryt ut'. Vold mot kvinner og krisesenterbevegelsen i Norge, 1945-2009».

krisesenterrørsla i Bergen og Oslo sine eigne dokument og eiga samtidsforståing av mandat, moglegheiter og utfordringar, vekta i langt større grad. Dimed bidreg denne forskinga til eit nytt perspektiv på kritesenterrørsla sitt arbeid, og konsekvensane arbeidet har hatt.

Sosiale rørsler

Forskinga på sosiale rørsler er eit felt som strekk seg over ulike fagtradisjonar som mellom anna sosiologi og historie. Når ein studerer sosiale rørsler forsøker ein å identifisera rørsla ved å sjå på kva for føremål ho har, korleis ho oppfører seg, kven som deltek og liknande. Slike studiar har ei klår sosiologisk forankring. Likevel er òg det å studera sosiale rørsler ei historisk øving når ein undersøker sosiale rørsler i fortida og forsøker å svara på nokre av dei same spørsmåla med eit historisk perspektiv. I den historiske forskinga på sosiale rørsler er det etter mi meining likevel viktig å ha med ein tilleggsfaktor som den sosiologiske forskinga ikkje vektar på same vis: forståinga av rørsla si *samtid* og rørsla i *si samtid*. Ein må dimed forsøka å identifisera kva som skjedde på eit gitt tidspunkt, kvifor hendingar skjedde nett i den tida det skjedde i, og kvifor det skjedde i nett den konteksten det opptredde i. Forskinga eg nyttar meg av i denne oppgåva er både henta frå den sosiologiske tradisjonen og den. historiske.

I ein norsk samanheng har det vorte gjort ein del historisk forskning på sosiale rørsler.²⁷ Historikaren Knut Kjeldstadli har mellom anna forska på dette. I boka *Historier om motstand: Kollektive bevegelse i det 20-århundre*,²⁸ går det tydeleg fram at hovudtyngda av forskinga innanfor den norske historieskrivinga, ligg på fredsrørsler og solidaritetsrørsler.²⁹ Særleg arbeidarrørsla verkar å ha ein sentral posisjon. I den grad forskinga har tematisert kollektive kvinnerørsler, har det vore særleg røysterettsrørsla, abortkampen og anti-pornorørsla som har vorte via mest merksemd.³⁰ Kritesenterrørsla, derimot, har ikkje fått den same merksemda frå historikarane.

Sjølv om denne oppgåva omhandlar den norske kritesenterrørsla og soleis opererer i ein norsk kontekst, skriv ho seg likevel inn i forskinga på transnasjonale rørsler, då kritesenterrørsla hadde sterke forbindelsar til andre kvinnenettverk utanfor dei norske landegrensene. Ein del

²⁷ T.d. Trond Gram og Ole Martin Rønning, *De lange linjer: arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Norbok (Oslo: Res publica, 2017), https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2020071748556. og Ole Kallelid, *Avholdsbyen: historien om avholdsbevegelsen i Stavanger* (Stavanger: Promenaden forl, 1996).

²⁸ Jardar Sørvoll, Knut Kjeldstadli, og Idar Helle, *Historier om motstand: kollektive bevegelse i det 20. århundret* (Oslo: Abstrakt, 2010).

²⁹ Sørvoll, Kjeldstadli, og Helle. *Historier om motstand*.

³⁰ T.d. Ida Blom, «Structures and Agency: a transnational comparison of the struggle for women's suffrage in the Nordic countries during the long 19th century», *Scandinavian Journal of History* 37, nr. 5 (1. desember 2012): 600–620, <https://doi.org/10.1080/03468755.2012.729023>. Trine Rogg Korsvik, *Sex, vold og feminisme*.

historisk forskning på slike transnasjonale rørsler har vorte gjort. Astrid Mignon Kirchhof har til dømes undersøkt korleis fredsrørsla på 1970- og 1980-talet var ei transnasjonal rørslle.³¹ Ho peiker på at fredsrørsla trass i at han fanst i fleire ulike land med ulik nasjonal, sosial og politisk kontekst, var ei transnasjonal rørslle likevel, då dei lokale rørslene samhandla med kvarandre på tvers av nasjonale landegrensar, gjennom til dømes å dela strategiar og taktikkar, og gjennom å invitera kvarandre til politiske arrangement. Patricia Clavin har argumenter for at transnasjonale rørsler best kan forståast som «honeycombs» der strukturen er oppretthalden av lokale, nasjonale og internasjonale forhold.³² Samstundes argumenterer Clavin for at slike bikubar ikkje er fastbundne nettverk, men ei heller ein struktur med holrom som kan fyllast og bytast ut med personar, grupper eller idear som passar syftet.

Fleire kvinnehistorikarar har peikt på at den norske kvinnerørsla òg var ei transnasjonal rørslle frå starten av, då mykje av det litterære og ideologiske fundamentet for rørsla kom som importvare frå anten Storbritannia og USA. Dette synet vert òg delt av andre forskarar. Kulturvitar Hilde Danielsen, reknar debattinnlegget «Ny-feminister, foren dere» av Siri Nylander Mæland som vart trykka i Dagbladet 31.januar 1970, som startskotet for den nye kvinnerørsla i Noreg.³³ Mæland var norsk, men hadde budd og studert i USA kor debattar om likestilling i til dømes arbeidslivet alt var etablerte. Her syner Danielsen til kontakt med rørsler i utlandet som ein direkte utløysande faktor for opprettinga av rørsla i Noreg, og syner med det til dei same tendensane som Kirchhoff argumenterer for i fredsrørsla. Dette stør om defineringa av den norske kvinnerørsla som ei transnasjonal rørslle. Etter mi meining kan dette trekkast ut av kvinnerørsla, og ytterlegare gjelda for den norske krisesenterrørsla. Denne oppgåva er eit konkret døme på korleis krisesenterrørsla, på line med kvinnerørsla, oppretta forbindelsar med og fekk impulsar frå liknande rørsler utanfor Noreg, som dei tok med seg og adapterte til å passa i ein norsk, lokal kontekst.

Fylgjeleg peiker Danielsen òg på eit anna interessant element. Ho argumenterer for at Mæland i sin kronikk, gav uttrykk for at dei fleste menn truleg ikkje hadde den same frustrasjonen og missnøya over dei forholda som kvinner levde i, sjølv om det truleg fanst nokre som gjorde det. Her peiker Danielsen på ei interessant interessekonflikt i denne rørsla. Ho skriv at ein frå starten av hadde hatt eit komplisert forhold til menn, då menn både vart sett på som ein alliert,

³¹ Astrid Mignon Kirchhof, «Finding Common Ground in Transnational Peace Movements», *Australian Journal of Politics & History* 63, nr. 3 (september 2015): 432–49.

³² Patricia Clavin, «Defining Transnationalism», *Contemporary European History* 14 (1. november 2005): 421–39, <https://doi.org/10.1017/S0960777305002705>.

³³ Danielsen, *Da det personlige ble politisk*, 9.

samstundes som dei vart sett på som potensielle fiendar.³⁴ Her kan ein sjå at ettersom sosiale rørsler arbeider for endring, har dei behov for noko å mobilisera mot noko, som Knut Kjeldstadli har meint.³⁵ Han argumenterer for at sosiale rørsler har tre ulike storleikar ein kan mobilisera mot: *motstandarar*, *praksisar* eller *fenomen*. I høve krisesenterrørsla, meiner eg at to av storleikane til Kjeldstadli er særleg gjeldande, nemleg *motstandarar* og *praksisar*. Ettersom krisesenterrørsla uttalte at det var den etablerte valdkulturen i samfunnet ein ville til livs, meiner eg at dette kan omtalast som ein etablert praksis som ein kunne mobilisera mot. Noko mindre innlysande er kanskje storleiken *motstandarar*. Som oppgåva kjem til å syna, arbeidde krisesenterrørsla mot praksisen vald mot kvinner, men ettersom denne i stor grad vart utført av menn, synleggjer det seg òg ein motstandar. Når eg i denne samanhengen nyttar omgrepet *motstandarar*, er det ikkje einstydande med *menn*, men det inkluderer dei. I denne samanhengen vert motstandaren sett på som eit meir abstrakt fenomen, nemleg overmakta som menn si vald mot kvinner representerer, og dei patriarkalske strukturane i samfunnet som fasiliterer for og mogleggjer valden.

Det er fleire faktorar som kan forklara kvifor sosiale rørsler mobiliserer seg, får medfart og om dei fungerer godt eller mindre godt. Kjeldstadli peiker på at motivasjon og motiv er sentrale føresetnadar som må vera til stades for at ei sosial rørsle skal forma seg. Det må altså føreligga eit handlingsrom som rørsle kan operere i.³⁶ Ytterlegare er det òg viktig å identifisera kvifor rørsle mobiliserer seg på eit gitt tidspunkt. Professor i sosiologi, historie og politikk John Markoff argumenterer difor for å identifisera *punctual events*, eller *definerande punkt*, som har påverka framveksten og utartinga av rørsle.³⁷

Sosiologen Helena Flam argumenterer for at tilsynelatande individuelle kjensler, dannar eit større mobiliseringspotensial. I fylgje henne er ein del kjensler, slik som til dømes sorg og kjærleik, djupt private kjensler som oftast ikkje vert sett i samheng med sosialt liv.³⁸ Likevel, argumenterer Flam for at desse kjenslene har ein bi-modalitet ved seg som gjer at sjølv om dei er private, kan dei likevel dannast om til større «cross-boarder»-kjensler. Med dette argumenterer ho, i likskap med mellom anna sosiologane Bert Klandermans og

³⁴ Danielsen, *Da det personlige ble politisk*, 10.

³⁵ Sørvoll, Kjeldstadli, og Helle, *Historier om motstand*, 14.

³⁶ Knut Kjeldstadli, «Kollektive bevegelser», i *Historier om motstand: Kollektive bevegelser i det 20. århundre* (Oslo: Abstrakt, 2010), 20.

³⁷ John Markoff, «historical analysis and social movements research», i *The Oxford Handbook of Social Movements* (Oxford University Press, 2015), 69.

³⁸ Helena Flam, «Micromobilization and Emotions», i *The Oxford Handbook of Social Movements* (Oxford University Press, 2015), 270, https://www.academia.edu/21620474/Micromobilization_and_Emotions.

Jacquellin van Stekelenburg for at emosjonar kan fungera som ein pådrivar for sosial handling.

Klandermans og van Stekelenburg peiker òg på ein tredje mobiliseringsfaktor. Dei argumenterer for kor viktig det dei omtalar som *framing* er.³⁹ Med dette meiner dei at for å taka del i ein protestkultur som består av ulike menneske, og på den måten òg ulike meiningar og ideologiar, er det naudsynt å ha eit felles syn. Dette felles synet er viktig for å identifisera kven som skal handla i ein gitt situasjon, og kvifor ein skal det. I ei forlenging av dette peiker dei på identitet som ein sentral faktor. I fylgje Klandermans og Van Stekelenburg er kollektive handlingar gruppeåtferd, men det er samansettinga av individ som dannar gruppa. Difor er det svært viktig at individet kan identifisera seg med gruppa for at det skal ynskja å engasjera seg. Med dette kan individet i møte med problematikken den står overfor skifta fokus frå “kva eg vil ha” til “kva me vil ha”. Med ei slik tilnærming kan ein forsøka å svara på kvifor menneske som tilsynelatande er i same situasjon, vel å respondera svært ulikt på han. Med andre ord kvifor nokre som er ein del av ein kontekst vel å engasjera seg i sosiale rørsler og protestkulturar, medan andre i den same konteksten ikkje vel å gjera det same.⁴⁰ Framing er òg viktig i analysen av krisesenterrørsle, fordi det kan forklara kvifor krisesenterrørsle somme stadar, sleit med mobiliseringsevne og handlekraft grunna uklår målsetting og ein ideologisk profil som det for mange var vanskeleg å identifisera seg med, medan ein andre stadar fekk dette til.

Teknologihistorie

Det kan verka noko underleg å skriva ei teknologihistorie relatert til kvinna og kvinnerørsle, men forskinga har tidlegare bringa desse to felte saman, særleg når det kjem til menstruasjon. Camilla Mørk Røstvik har forska på koplinga mellom utviklinga av nye typar menstruasjonsteknologi og kvinna som forbrukar av det.⁴¹ I likskap med Røstvik har historikaren Sharra L. Vostral òg forska på kvinnelege hygieneprodukt, og har særleg undersøkt den kulturelle tydinga deira.⁴² Vostral har omtalt oppfinninga av

³⁹ P. Klandermans og Jacquellien van Stekelenburg, «Social movement theory: Past, present and prospect», i *Movers and Shakers: Social Movements in Africa*, red. Stephen Ellis og Ineke van Kessel, African Dynamics 8 (Leiden: Brill, 2009), 16.

⁴⁰ Klandermans og van Stekelenburg, 15.

⁴¹ Camilla M. Røstvik, «Tampon Technology in Britain: Unilever's Project Hyacinth and the '7-Day War' Campaign, 1968-1980», *Technology and Culture* 63, nr. 1 (2022): 61–86, <https://doi.org/10.1353/tech.2022.0002>.

⁴² Sharra L. Vostral, «Masking Menstruation: The Emergence of Menstrual Hygiene Products in the United States», i *Menstruation: A Cultural History*, Palgrave Macmillan (London, 2005), 243–58.

menstruasjonsbindet som «'Technological fix' to a social problem.»⁴³ Altså ei teknologisk løysing på noko som er kulturelt tabulagd og dimed undertrykt. På den eine sida kan ein seia at oppfinninga av slike menstruasjonsprodukt på ein måte bidrog til å skjula menstruasjonen, i form av blødingar, for omverda, men ein kan samstundes argumentera for at dei òg gjorde at kvinner kunne delta i det offentlege medan dei menstruerte. Telekommunikasjon, i form av krisetelefonen, kan i denne samanhengen tilførast ein liknande funksjon, då krisetelefonane lettare fasiliterte for kontakt og openheit mellom kvinner om eit vanskeleg og tabulagd emne, då ein stadig vekk kunne ivareta anonymiteten sin. På ei anna side gjorde denne anonymiteten, som unekteleg var fordelaktig for den utsette kvinna, òg at problematikken ikkje vart synleg for storsamfunnet, då openheita fann stad mellom heimen og telefonen. I dette spennet operer krisesenterrørsla mellom den private heimen og det offentlege rom.

Der telefonen og telekommunikasjon har vorte undersøkt i ein norsk historiefagleg kontekst,⁴⁴ verkar koplinga mellom telefonen og kvinnehistoria mindre utforska. Sosiologen Claud S. Fischer har i boka si *America Calling: A Social History of the Telephone to 1940*, belyst kjønnsforskjellar knytt til teknologibruk, gjennom å sjå på korleis telefonen vart nytta i, og hadde innverknad på det amerikanske samfunnet fram til den andre verdskrigen.⁴⁵ Fischer ser på ulike parameter som hadde innverknad på bruken av telefonen, mellom anna sosial status, etnisk opphav og kjønn. Han argumenterer for at då telefonen kom på marknaden, vart han fyrst og fremst marknadsført som eit praktisk hjelpemiddel primært retta mot businessmenn.⁴⁶ Likevel viser forskinga til Fischer at den tenkte bruken av telefonen endra seg frå 1920-talet, då kvinner i større grad starta å nytta seg av teknologien. Den kvinnelege bruken av telefonen vart i langt større grad knytt til sosiale føremål då telefonen kunne fasilitera kontakt med vennar og familie på ein annan og meir effektiv måte enn før.⁴⁷ Fischer syner altså at kvinner sin telefonbruk gjennom historia har vore knytt til sosiabilitet og emosjonar. Ved å undersøka korleis krisesenterrørsla nyttiggjorde telefonen som eit verkemiddel, kan ein bidra til å betre forstå den kvinnelege bruken av telefonen.

Krisetelefonar er ikkje eit fenomen som berre har eksistert i ein norsk kontekst eller berre i samheng med vald mot kvinner. I artikkelen «Before #MeToo: The History of the 9to5 Job

⁴³ Vostral, «Masking Menstruation», 244.

⁴⁴ Lars Thue, *Norsk telekommunikasjonshistorie: B. 3 : Nye forbindelser : 1970-2005*, bd. B. 3 (Oslo: Gyldendal fakta, 2006).

⁴⁵ Claude S. Fischer, *America Calling: A Social History of the Telephone to 1940*, Reprint 2020., ACLS Humanities E-Book (Berkeley: University of California Press, 1992).

⁴⁶ Fischer, *America Calling*, 66.

⁴⁷ Fischer, *America Calling*, 75.

Survival Hotline»,⁴⁸ tek historikaren Emily E. LB. Twarog føre seg den amerikanske nasjonale hjelpetelefonen «9to5», ein hjelpetelefon mot seksuell trakassering på arbeidsplassen, og ser på korleis hjelpetelefonen vart nytta som eit organiseringsverktøy av organisasjonen National Association of Working Women. Twarog argumenterer òg for at 9to5 er ein del av det historiske bakteppet for #MeToo-rørsla som oppstod i 2017. Twarog sin artikkel opererer òg i likskap med mi oppgåve, i skjeringspunktet mellom dei to fagtradisjonane sosiale rørsler si historie og teknologihistorie. Ho ser på korleis ei sosial rørsle har nytta seg av eit teknologisk verktøy og kva for konsekvensar det fekk for arbeidet.

I artikkelen slår Twarog fast at noko av det som definerte arbeidet til kvinnerørsla på 1970- og 80-talet var «the tension between achievable goals and systematic change.»⁴⁹ Ho argumenterer for at 9to5 heile vegen arbeidde for små og konkrete sigrar, som oppstod som eit resultat av den hjelpa ein kunne tilby i kvar einskild sak. Twarog ser dette arbeidet i kontrast til ein annan del av den amerikanske kvinnerørsla, organisasjonen *Alliance against Sexual Coercion (AASC)*. Sjølv om AASC hadde same mål som National Association of Working Women, hadde dei ei anna tilnærming. Der 9to5-lina arbeidde på individnivå, arbeide AASC på strukturnivå og retta fokuset sitt mot systematisk endring i samfunnet. Spennet mellom oppnåelege mål og systematisk endring finn ein òg i den norske kvinnerørsla generelt, og krisesenterrørsla spesielt. Til forskjell frå situasjonen Twarog skisserer for den amerikanske kvinnerørsla, vil eg argumentera for at den norske krisesenterrørsla gjennom sin bruk av krisetelefonen fylde både funksjonen om oppnåelege mål og konkret hjelp, samstundes som dei òg fylde den strukturelle funksjonen gjennom å arbeida mot vald i det offentlege rom gjennom folkeopplysing og politisk arbeid.

Analysekonsept

Det er naudsynt med eit metodisk grunnlag for sjølve analysen av materialet. I den samanheng har eg valt ut nokre overordna konsept som vert nytta gjennomgåande som ei linse for å forstå materialet. Desse konseptu utgjer soleis analyseparameterna for oppgåva. Dei overordna konseptu for denne oppgåva er *forbindelsar*, *systersolidaritet* og *visjonar*. Igjennom desse kjem oppgåva til å kunne analysera nettverk, aktørar og politikk. Med forbindelsar ser ein etter kva for ulike band krisesenterrørsla hadde til andre relevante aktørar, med systersolidaritet undersøker ein korleis ein grunnleggande tanke om eit mellom-kvinneleg band påverka rørsla

⁴⁸ Emily E. LB. Twarog, «Before #MeToo: The History of the 9to5 Job Survival Hotline», *Labor* 19, nr. 1 (1. mars 2022): 96–108, <https://doi.org/10.1215/15476715-9475744>.

⁴⁹ Twarog, «Before #MeToo», 97.

sitt arbeide og organisering, og med visjonar utforskar ein kva for målsettingar ein hadde både politisk og sosiokulturelt. Desse konseptta er flytande, og å skilja så kategorisk mellom dei som vert gjort her er noko artifiisielt då eg vil argumentera for at element frå kvart konsept kan finnast i alle kapitla. Likevel kretsar eit og eit kapittel meir rundt kvart sitt konsept, og det er difor naudsynt å poengtera kva for konsept som kan koplast tettast til dei einskilde kapitla.

Det fyrste konseptet er *forbindelsar* og vert særleg behandla i kapittel 1. Historisk forskning om sosiale rørsler har argumentert for viktigheita av nettverk og forbindelsar mellom einskildpersonar og rørsler, både innanfor, og på tvers av landegrenser.⁵⁰ Gjennomgåande for materialet til krisesenterrørsla er forbindelsar av ulik karakter, både transnasjonale, nasjonale og ikkje-fysiske forbindelsar. Med transnasjonale forbindelsar vert kontakten krisesenterrørsla har hatt med andre systerrørsler i andre land utforska. Denne kontakten er både gjennom fysiske møte, men òg intellektuell kontakt i form av meinings- og kompetanseutveksling på tvers av grenser. Det vert òg utforska korleis rørsla har nytta seg av desse forbindelsane og adaptert den transnasjonale påverknaden til ein nasjonal og lokal kontekst. I tillegg vert ikkje-fysiske forbindelsar sin posisjon i rørsla og arbeidet deira, slik som telefonen, utforska. I oppgåva vert desse forbindelsane undersøkt og det vert sett på korleis dei oppstod, samstundes som ein ser på kva for konsekvensar dei har medført. Ved å sjå på forbindelsar, formår oppgåva å analysere krisesenterrørsla i konteksten av både sosiale rørsler i og utanfor Noreg, og fylgja korleis idear har spreidd seg og vorte omdanna til å passa i ein norsk kontekst.

Det andre konseptet er *systersolidaritet*, som gjer seg særleg gjeldande i kapittel 2 kor ein utforskar drifta av tilbodet og aktørskap. Heilt sentralt for mykje av den ideologiske forankringa til den nye kvinnerørsla på 1970-talet var tanken om *systersolidaritet* eller systerskap. På engelsk vert det same fenomenet omtala som *sisterhood*. Opplevinga av kva som inngår i systerskap avhenger av den sosiokulturelle konteksten som systerskapen opptrer i. Det meste av forskinga på fenomenet er gjort i kulturar der interseksjonalitet på bakgrunn av til dømes etnisitet, har vore meir sentral i kvinnekampen enn i Noreg, som til dømes i USA.⁵¹ Difor er ein del forklaringsmodellar av fenomenet ikkje direkte overførbare til ein norsk kontekst. Likevel kan nokre meir eller mindre universelle definisjonar etablerast. I utgangspunktet refererer systerskap til eit familiært systerforhold og relasjonen mellom faktiske systrer. Innanfor den feministiske ideologien har ein nytta eit slikt systerforhold i ei utvida tyding. I den

⁵⁰ Kirchhof, «Finding Common Ground in Transnational Peace Movements».

⁵¹ For meir om interseksjonalitet og definisjon av det, sjå Kimberlé Crenshaw, *On Intersectionality: Essential Writings* (New York: The New Press, 2020).

forstand kan systerskap i ein slik kontekst forståast som ei fellesskapskjensle som oppstår mellom kvinner uavhengig av slektskap.⁵² Sjølv om kvinner som gruppe er sett saman av ulike individ med ulike interesser, bakgrunn, verdiar og liknande, gjer systerskapstenkinga at ein skapar universelle band mellom kvinner nettopp i kraft av å vere kvinne, trass desse ulikskapane.

Det er klare utfordringar med å sjå alle kvinner som ei felles gruppe med universelle band. Som nemnt er kvinner, i likskap med menn, ulike frå person til person då ein er individ. Dimed kan det vera problematisk å tilskriva kvinner eit slik systerfellesskap, då mange truleg ikkje vil kjenna på den fellesskapskjensla som vert skissert opp, og mange kvinner til og med kan kjenna sterkare likskapstrekk med menn. Dimed er det ikkje slik at alle kvinner korkje då eller no, identifiserer seg med eit slikt systerskap. Likevel har slik familiær tenking vore viktig i arbeidet med å etablere ei identitetskjensle i ein del sosiale rørsler, og har vore historisk viktig i kvinnekampen, og må difor likevel tilskrivast verdi i denne samanhengen. I materialet som er nytta i denne oppgåva vil det difor vera viktig å undersøka korleis denne tenkinga påverka og synleggjorde seg i arbeidet som rørsle føretok seg. Igjennom dette konseptet formår eg å trekka liner mellom aktørskapen i rørsle og motivasjon for arbeidet.

Det siste konseptet er *visjonar*. Med dette meiner eg ulike uttalte målsettingar som rørsle har hatt på ulike plan. Det er i hovudsak snakk om tre visjonar i denne oppgåva: visjonar om å skapa, om å skapa medvit om og opplysa, og om endring. Sjølv om desse tre visjonane finst i alle kapitla, er visjonar hovudkonseptet for kapittel 3. Der vert det undersøkt kva ein såg føre seg at ein skulle oppnå med arbeidet sitt, og korleis visjonane påverka rørsle sitt arbeid på eit politisk og sosiokulturelt plan. Gjennom dette konseptet kan ein undersøka korleis rørsle ikkje berre arbeida med konkrete valdssaker, men hadde eit lyfta blick mot samfunnsendingar.

Omgrepsavklaring

I denne oppgåva vert det nytta fleire omgrep som er naudsynte å avklara då dei rommar ulike definisjonar. Eg vil no gjera greie for dei mest sentrale omgrepa i oppgåva mi: *krisesenter*, *krisetelefon* og *kjønnsbasert vald*.

Krisesenter og krisetelefon

Heilt sentralt for oppgåva sin tematikk er *krisesenter* og *krisetelefon*. Sjølv om desse omgrepa i denne oppgåva er tett knytt til kvinner og kvinnerørsle, er det likevel slik at det òg finst

⁵² Tingting Qi, «Transforming Sisterhood to an All-Relational Solidarity», *Race, Gender & Class* 17, nr. 3/4 (2010): 327–35.

krisesenter og krisetelefonar for andre føremål enn vald i nære relasjonar. Det er difor naudsynt å definera dei. I lov om kommunale krisesentertilbod heiter det at «Eit krisesenter er eit senter der kvinner, menn og barn utsett for vald i nære relasjonar kan opphalde seg og søkje rettleiing og hjelp.»⁵³ Krisesenter er altså i ein slik samanheng tett knytt opp mot vald og ikkje andre krisar som ein kan stå i. Namnet tek heller ingen omsyn til kjønn. Historisk sett har tilbodet ofte hatt namn som «krisesenter for kvinner», men no heiter dei berre «krisesenter». Krisesenter finst òg i andre land, og i Danmark har dei det same namnevalet som i Noreg og presiserer i lik line med dei norske om det er snakk om senter for kvinnever eller menn.⁵⁴ I Sverige derimot, heiter det «kvinnojour» og «tjeijour».⁵⁵ Her kjem kjønnsperspektivet tydeleg fram. Ut frå namnevalet tyder dette på at i ein skandinavisk samanheng kan Sverige seiast å ha det klåraste kjønnsperspektivet på krisesentertilbodet sitt.

Krisetelefon eller *naudtelefon* er omgrep som har fleire ulike definisjonar, alt etter kva for type krise eller naud det er snakk om. I fylgje ordboka er ein naudtelefon ein telefon ein kan nytta for å tilkalla hjelp i naudstilfelle.⁵⁶ Naud- og krisetelefonar har historisk sett hatt, og har framleis, fleire ulike nytteområde. Gjer ein eit søk hjå Nasjonalbiblioteket, kan ein sjå at den fyrste omtalen av ein naudtelefon i norske aviser er frå januar 1922 i avisa *Nordland*.⁵⁷ Her er det snakk om ein naudtelefon som har vorte oppretta for 10 år sidan i øysamfunn i Nord-Noreg. Krisetelefon vert for fyrste gong omtala i *Grimstad Adresstidene* i 1966, og vart her nytta i eit lesarinnlegg om legevaktordninga og moglegheita for å ringa inn når noko oppstår.⁵⁸ Grovt sett kan ein seia at det har vore snakk om nokre gjentakande kategoriar for verkeområdet for denne typen telefonliner; havsnaud, bilhavari, brann og akutt fare for liv og helse. I dag finst det krisetelefonar for fleire ulike ting som til dømes for psykisk uhelse, sjølv mordstankar, pårørandetelefonar, rusavhengigheit og liknande.

I oppgåva har eg valt å nytta omgrepet «krisetelefon», som i dette høve omfattar krisestilfelle som dreier seg om vald i nære relasjonar og valdtekt, og må forståast som ein del av krisesentertilbodet. At desse to tilboda er knytt tett mot einannan, kjem svært tydeleg fram i det empiriske materialet som er nytta i denne oppgåva. Det kan tidvis vera noko forvirrande å skilja

⁵³ Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) - Lovdata.

⁵⁴ «Om LOKK - LOKK», åpnet 12. mai 2024, <https://www.lokk.dk/om-os/om-lokk/>.

⁵⁵ «| Roks», åpnet 12. mai 2024, <https://www.roks.se/om-roks>.

⁵⁶ Språkrådet og Universitetet i Bergen, «Naudtelefon», i *Nynorskordboka*, åpnet 3. januar 2024, <https://ordbokene.no/nn/ordbokene.no>.

⁵⁷ *Fra Selvær.*, *Nordland*, 13. utg., Nordland (Norge; Nordland; Bodø;), 1922), 2.

⁵⁸ *Legevaktordningen*, *Grimstad Adresstidende*, 109. utg., Grimstad Adresstidende (Norge; Agder; Grimstad;), 1966), 2.

mellom ulike aktørar og typar tilbod då omgrepa vert nytta om einannan, og det då kan vera vanskeleg å skilja om kjeldene tek føre seg generelle krise/naudtelefonar, Nødtelefonen i Bergen eller eit faktisk senter. I oppgåva nyttar eg av den grunn «krisetelefon» for tilboda i dei ulike byane når det kjem tydeleg fram at det er snakk om telefontilbodet, dette for å ikkje skapa forvirring med «Nødtelefonen» som vert nytta utelukkande for tilbodet i Bergen.

Kjønnsbasert vald og mishandling i nære relasjonar

I denne oppgåva vil både omgrepa *kjønnsbasert vald* og *mishandling i nære relasjonar* verta nytta. Omgrepa er ikkje einstyndande, men vert i somme høve nytta om einannan. I straffelova kapittel 25. *Voldslovbrudd §282 Mishandling i nære relasjonar*,⁵⁹ kan ein lesa korleis den norske lova definerer dette omgrepet. I fylgje straffelova omfattar mishandling i nære relasjonar tvang, trugsmål, fridomsfråtaking, vald eller andre krenkingar mot noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, slektningar av noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, sin eigen slektning, nokon i husstanden sin eller nokon i si omsorg. Brot på denne lova har ei strafferamme på seks år i fengsel. Ein ser at denne lovteksten er kjønnsnøytral og tek ikkje stilling til kva for eit kjønn som er valdsoffer eller valdsutøvar, eller kva motivasjonen bak valden er. *Gender-based violence*, tek på den andre sida desse elementa i betraktning. I denne oppgåva vil eg nytta meg av den norske omsettinga «kjønnsbasert vald» for det same omgrepet. Kjønnsbasert vald kan definerast som vald som vert utøvd mot ein person på bakgrunn av personen sitt kjønn eller som rammar eit kjønn meir enn andre.⁶⁰ Kjønnsbasert vald er soleis òg eit kjønnsnøytralt omgrep, men det er brei semje kring at kjønnsbasert vald i langt større grad påverkar kvinner og jenter enn menn. Dette vert grunngeve i lange historiske røter med kjønnsforskjellar og diskriminering, og omgrepet vert av den grunn ofte nytta om menn sin vald mot kvinner, og ikkje motsett.⁶¹ I tillegg har aktøren eg undersøker hatt klare tankar om koplinga mellom kjønn og vald, og difor vil omgrepet av den grunn primært verta nytta om vald mot kvinner i denne oppgåva. Det er naudsynt å leggja til at ettersom tilbodet som vart gjeve i starten av krisesenterrørsla både var tilbod til kvinner som var utsette for vald, men òg kvinner som hadde vorte utsette for valdtekt og andre seksuelle overgrep, vil andre typar brotsverk mot kvinner inngå som ein del av vald-omgrepet.

⁵⁹ «Lov om straff (straffeloven) - Kapittel 25. Voldslovbrudd mv. - Lovdata», paragr. 282, åpnet 3. januar 2024, https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-10#%C2%A7283.

⁶⁰ European Commission, «What Is Gender-Based Violence? - European Commission», åpnet 4. januar 2024, https://commission.europa.eu/strategy-and-policy/policies/justice-and-fundamental-rights/gender-equality/gender-based-violence/what-gender-based-violence_en.

⁶¹ European Institute for Gender Equality, «What Is Gender-Based Violence? | EIGE», 29. november 2023, https://eige.europa.eu/gender-based-violence/what-is-gender-based-violence?language_content_entity=en.

Empiri

I ei slik masteroppgåve er det eit stort presumptivt kjeldegrunnlag. Det fanst etter kvart mange ulike krisetelefonar og krisesenter i heile landet, dei let seg intervjuja i aviser, produserte publikasjonar, medverka i TV og radio og laga interne dokument. Med det har dei etterlete seg mykje arkivmaterial. For å kunna svara på oppgåva si problemstilling på ein måte som ikkje vert veldig deskriptiv og generell, er det difor naudsynt å avgrensa kva for eit material ein vil nytta seg av. Det empiriske grunnlaget for denne oppgåva er difor ein kombinasjon av arkivdokument henta frå privatarkivet til «Nødtelefonen i Bergen» som ligg arkivert i Bergen Byarkiv og arkivet etter «Camilla Krisesenter» som er arkivert i Oslo Byarkiv, juridiske dokument som lovpreposisjonar og lovtekstar, aviser og trykte tekstar frå perioden som i hovudsak er produsert av krisesenterrørsla sjølv.

Ein viktig føresetnad for arbeidet med denne oppgåva var å få tak i eit primærkjeldematerial som omhandla krisesenterrørsla generelt, men som òg i stor grad kunne nyttast for å belysa tematikken om krisetelefonane då det etter mi oppfatning var ein sentral del av drifta i dei tidlege dagane. Det var fleire arkiv som hadde privatarkiv frå ulike krisesenter, mellom anna Oslo Byarkiv og Kuben i Arendal. Likevel syntet det seg at Bergen Byarkiv hadde meir material som direkte kunne knytast til krisetelefonar, og soleis vart det valt som ein viktig del av grunnlaget for oppgåva mi. Arkivet i Oslo fokuserte på si side meir på krisesenterdrift og syner meir til kontakt med internasjonale nettverk utanfor Noreg sine grenser. Arkiva bestod av korrespondanse med det offentlege, brev, referat frå møter og konferansar, opplæringsmaterial, ein sjølvprodusert film, loggbøker og registreringskort for å nemna noko. Ser ein desse to arkiva i samanheng, kan ein belysa begge sidene med drifta, både senter og telefon, noko som kan syna til generelle tendensar i rørsla. I tillegg til dette omsynet ser eg det som føremålstenleg å sjå på desse to aktørane, Bergen og Oslo, då dei begge vart etablerte tidleg, og soleis kan tenkast å ha fungert som inspirasjon for andre seinare oppretta tilbod.

Det er forskjell i korleis dei to arkiva er organisert. Arkivserien i Bergen er ikkje finordna, men er grovt ordna i fire ulike kassar. Mange av dokumenta i kassane har òg korkje forfattar, tittel eller dato. I oppgåva må dette takast omsyn til, og eg skal føretaka ei så god og fullstendig kjeldetilvising som mogleg til arkivmaterialet med desse føresetnadane tekne i betraktning. Arkivmaterialet i Oslo var finordna på ein heilt annan måte enn i Bergen, og referansane her vert med det meir fullstendige.

Av trykte primærkjelder nyttar eg meg av eit referat produsert av nokre av dei norske delegatane ved det internasjonale tribunalet i Brussel: *Forbrytelser mot kvinner: [referat fra] Internasjonal tribunal i Brussel 4.-8.mars 1976*,⁶² eit liknande engelsk referat frå tribunalet: *Crimes Against Women: Proceedings of the International Tribunal*,⁶³ boka *Du skal ikke slå...Om kvinnemishandling og krisesentra* (1981), og boka *Kvinner som ofre* av Tove Stang Dahl.⁶⁴ I tillegg til dette nyttar eg meg òg av lovtekstar og odelstingsproposisjonar.

Ved å nytta slike kjelder kan det gje ei innsikt i korleis og kvifor ein drifta krisesentera- og telefonane slik ein gjorde. Kjeldene er som nemnd i stor grad henta frå organisasjonane sine egne arkiv og er soleis nedteikningar og samtidsskildringar av korleis dei sjølve tenkte om, såg på og vurderte arbeidet sitt. Likevel må det nemnast at slike kjelder òg har sine avgrensingar og det er dimed viktig å ha eit kjeldekritisk medvit når ein arbeider med materialet. Sjølv om dei historiske aktørane som har produsert kjeldene eg nyttar meg av i denne oppgåva var til stades i samtida og opplevde situasjonane som er omtalte, kan ein ikkje taka det for gitt at deira oppleving speglar sanninga (i den grad ein kan seia at det finst historiske sanningar) då dei gjev uttrykk for ei subjektiv oppleving.⁶⁵ Likevel kan det seiast å spegla *ei sanning*: sanninga om korleis den gitte historiske aktøren opplevde eller såg på den nemnte situasjonen. Innanfor historisk arbeid er det dimed naudsynt å hugsa på at ingen kjelder kan tala for seg sjølve og at alle kjelder har ein predisposisjon.⁶⁶ Kjeldene må òg forståast i lys av tida dei vart produserte i, og ikkje i lys av notida. Nokre gonger kan det òg vera eit sprik mellom intensjon og realitet som kan by på problem. Til dømes kan ein sjå at det i arkivet frå Bergen ligg fleire planar over seminar for nye telefonvakter som seier noko om kva dei skal læra, kva dei måtte kunne og korleis ein som telefonvakt skulle møte kvinnene som ringte inn. Desse er svært verdifulle kjelder for arbeidet mitt då dei fortel noko om korleis drifta føregjekk. Likevel er det ikkje sikkert at planane for seminara vart fylgde, eller at strategiane dei hadde utarbeidd og lærte vekk til telefonvaktene, vart nytta i praksis. Det er soleis viktig å taka høgde for at kjeldene ikkje kan fortelja ein alt. Likevel kan dei vonleg, om dei vert nytta forsvarleg, bidra til å skapa

⁶² Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*.

⁶³ Diane E. Russell og Nicole van de Ven, *Crimes against Women: Proceedings of the International Tribunal* (Millbrae, Cal: Les Femmes, 1976).

⁶⁴ Brita Holm Valvo, *Du skal ikke slå-: om kvinnemishandling og krisesentra* (Oslo: Universitetsforlaget, 1981), https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007070901034.

⁶⁵ Zachary M. Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research, Skills for Scholars* (Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 2021), 120.

⁶⁶Schrag, *The Princeton Guide to Historical Research*, 120–21.

eit meir heilskapleg bilete over situasjonen og belysa nye sider ved historia om den norske krisesenterrørsla.

Arkiva eg har fått innsyn i kjem frå organisasjonar som har handsama svært personsensitiv informasjon. Sidan perioden materialet stammar frå, ikkje ligg så langt tilbake i tid, er det omfatta av teieplikt og må handsamast på ein etisk korrekt måte under arbeidet med denne oppgåveskrivinga. Det er viktig å hugsa på at fleire involverte personar framleis kan vera i live, eller har direkte etterkommarar. Dette må takast omsyn til. Mykje av materialet var allereie anonymisert av rørsla sjølv, men det hendte stundom at eg i arbeidet kom over både namn og annan identifiserande informasjon. Sjølv om det for det meste ikkje var namn og annan informasjon om brukarar som dukka opp i materialet, men namn på dei som arbeidde ved krisetelefonane og krisesentera, har eg valt å ikkje nytta namn frå materialet. Eit unnatak er Janne Krogstad som har medverka i eit offentleg intervju med *Kilden Kjønnsforskning*. Sjølv om fleire uttrykte si involvering i krisesenterrørsla tydeleg, kom det òg fram at fleire kvinner som etter kvart vart frivillige, sjølv hadde vore utsette for vald og brukarar av tilbodet. Difor er det, slik eg ser det, fornuftig å unngå bruk av namn, då det vil vera vanskeleg å kontrollsjekka om dette gjeld dei personane eg nemner eller ikkje.

Ettersom oppgåva fokuserer på material frå Nødtelefonen for kvinner i Bergen og Camilla Krisesenter i Oslo, vil den analytiske merksemda naturleg rettast der. Som eit resultat av dette vil ein del av funna som vert presenterte i oppgåva vera gjeldande for spesielt desse byane, og kan i somme tilfelle ikkje med sikkerheit nyttast til å peika på drifta ved andre senter, då det kan variera. Likevel er det fleire element som vil kunna seiast å vera meir eller mindre universelle for rørsla i Noreg, sjølv om det er ein case-studie av rørslene i Bergen og Oslo.

Disposisjon

Oppgåva består av tre empiriske kapittel som tek føre seg kvar sin del av historia som vert sett lys på. Dei empiriske kapitla svarar på kvart sitt forskingsspørsmål og fokuserer i hovudsak på kvart sitt analysekonsept. Det fyrste empiriske kapittelet tek føre seg korleis krisesenterrørsla vart til, og kvifor ein valde å fyrst oppretta krisetelefonar og deretter krisesenter som verkemiddel og tiltak i kampen mot kjønnsbasert vald. Kapittelet fokuserer på forbindelsar, og har eit særleg fokus på internasjonalt samarbeid og inspirasjon. Her vert det argumentert for at den norske krisesenterrørsla førte seg inn i ein internasjonal trend med fokus på kvinnesak og at dei lét seg inspirera av særleg britiske og amerikanske kvinnerørslar som kjempa for å avskaffa ulike typar for vald mot kvinner, som ein har tilpassa til norske forhold. Det vert òg

argumentert for at den norske krisesenterrørsla skapte rom for seg sjølv gjennom å identifisera eitt problem i det norske samfunnet, og at teknologiske føresetnadar i samtida gjorde det føremålstenleg å starta opp drift kjapt.

Vidare vert det i det andre empiriske kapittelet sett på korleis det konkrete arbeidet gjekk føre seg i drifta av krisesentera generelt, og krisetelefonen vert nytta som eit gjennomgåande døme for å illustrera den teknologiske sida ved drifta. Her vert det argumentert for at krisesenterrørsla i stor grad var tufta på frivilligheit, med rot i systersolidaritet, og det vert sett på korleis ein gradvis arbeida mot ei profesjonalisering av tilbodet. Dessutan vert det konkrete tilbodet telefonane og sentera kunne tilby kvinnene, sett opp mot arbeid på eit strukturelt plan, utforska.

Til slutt vert det i det siste empiriske kapittelet sett på rørsla sine visjonar, korleis dei sjølv såg på sitt eige samfunnsoppdrag, og korleis dei jobba for å endra samfunnet dei levde i både gjennom å endra sosiokulturelle normer og ved å oppnå politiske mål og sigrar. Kapittelet tek føre seg rørsla sitt eige perspektiv, men trekk òg liner mot dagens situasjon.

Kapittel 1 - Ei internasjonal rørsle

I dette kapitlet vert tida før, og i oppstarten av det norske krisesenter- og telefon tilbodet undersøkt. Kapitlet analyserer kva for motiv og årsaker som kan ha vore lagde til grunn for at ein valte å oppretta nettopp eit krisetelefon og krisesentertilbod i Noreg etter internasjonal inspirasjon nett på denne tida. Med fokus på analysekonseptet *forbindelsar*, vil kapitlet særleg vekta og tematisera faktorar som motivasjon og inspirasjon i rørsle i ulike formar, både organisatorisk og for innhaldet i tilboda. Kapitlet argumenterer for at transnasjonale forbindelsar har vore avgjerande for at ein fekk etablert ei rørsle i Noreg, og at den norske rørsle heilt sidan oppstarten har vore ein deltakar i ei transnasjonal rørsle. Trass i kor viktige desse forbindelsane har vore, har den norske krisesenterrørsle òg operert i ein norsk kontekst, og den utanlandske inspirasjonen vart dimed adaptert og tilpassa for å passa denne. Konkret betydde dette mellom anna at rørsle i starten primært etablerte krisetelefonar då det var lettare å oppretta, og at tilbodet ein gav både gjaldt mishandla og valdtekne kvinner.

1.1 Transnasjonale samband og internasjonal inspirasjon

Ein tydeleg føresetnad for opprettinga av den norske krisesenterrørsle, er transnasjonale samband og internasjonal inspirasjon. Den nye kvinnerørsle, eller den sokalla «andre feministbylgja», har heilt sidan oppstarten vore ei transnasjonal rørsle. Dette sambandet mellom kvinnenettverk i ulike land synleggjorde seg på fleire plan og på 1970-talet vaks det internasjonale samarbeidet innanfor kvinnerørsle meir og meir fram. Med dette kom eit internasjonalt fokus på kvinnesak, ikkje berre internt i kvinnerørsle, men òg til andre aktørar, mellom anna ved at Forente Nasjonar (FN) fastsette året 1975 som det internasjonale kvinneåret, og same år vart 8.mars gjort til den internasjonale kvinnedagen.⁶⁷ Tiåret som fylgde erklærte FN òg som «kvinnetiåret», kor ein skulle ha fokus på kvinnespørsmål rundt om i verda.⁶⁸ Altså var perioden frå midten av 1970-talet til midten av 1980-talet, ein periode prega av eit medvite auka fokus på kvinner sin situasjon internasjonalt.⁶⁹

I ein nordisk samanheng kan ein til dømes sjå svært tette band mellom dei ulike landa. Det er fleire fellesskapsteikn mellom organiseringa til kvinnerørslene og verksemda deira i dei ulike landa, samstundes som dei òg hadde mykje kontakt med kvarandre, både gjennom litteratur og

⁶⁷ 8.mars var rekna som kvinnedag sidan 1919, men vart fyrst anerkjend som det internasjonalt av FN i1975. For meir om den internasjonale kvinnedagen sjå Kristin Engh Førde, «100 år med kvinnedag», Kvinnehistorie.no, 2010, <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-8114>.

⁶⁸ Beatrice Halsaa, «FNs Internasjonale kvinneår 1975», Kvinnehistorie.no, 2007, <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-1939>.

⁶⁹ Halsaa. «FNs Internasjonale kvinneår 1975».

gjennom fysiske møte.⁷⁰ Kvinner frå ulike land møtte òg einannan på ulike leirar, som til dømes på kvinneleiren på Femø i Danmark om sommaren i 1974.⁷¹ Ved slike møte kunne dei dela erfaringar, kunnskapar og inspirasjon med kvarandre.⁷² På kvinneleiren på Femø vart det òg drøfta å etablere eit større internasjonalt møte mellom fleire kvinner. Dette møtet mellom kvinnerørslene frå ulike land som vart planlagd her, bør vektast som ein særskilt viktig faktor for opprettinga av krisesenterrørsla, krisesentera og krisetelefonen for kvinner i Noreg.

4. til 8. Mars 1976 reiste 18 norske kvinner til Brussel for å delta på eit internasjonalt tribunal om brotsverk mot kvinner, som var organisert av ein belgisk og ein internasjonal kvinnekomité.⁷³ På tribunalet var det kvinnelege delegatar frå 31 ulike nasjonar til stades.⁷⁴ Kvinnene kom ikkje berre frå Europa, men frå land rundt om i heile verda, og samla seg i Brussel for å dela historier, erfaringar og kampsaker med kvarandre. Opplevingane og vitnesbyrda frå delegatane varierte etter kva for land dei representerte. På tribunalet fekk dei norske delegatane høyra vitnesbyrd om mellom anna kvinner sin situasjon i fengsel, «femicide», situasjonen for lesbiske i verda og valdtekt. I det norske referatet frå tribunalet gav forfattarane sterkt uttrykk for at alle sakene hadde stor kjenslemessig påverknad på delegatane, men at det likevel var eitt tema som gjorde størst inntrykk på den norske delegasjonen: tre britiske kvinner som hadde fortald om sine opplevingar med mishandling i heimen.⁷⁵

Desse vitnesbyrda er gjengjevne i meir eller mindre fullstendig form i boka *Crimes Against Women: Proceedings of the International Tribunal*.⁷⁶ Felles for historiene var at alle kvinnene hadde forsøkt å få hjelp frå ulike offentlege instansar, men dei sat att med opplevinga av at ein i realiteten ikkje hadde nokon stad å venda seg for å den naudsynte hjelpa. Kvinnene hadde opplevd svikt då korkje sjukehuset, legar, sosialkontor eller politiet hadde ytt tilstrekkeleg hjelp, samstundes som kvinnene hadde blitt møtt med dårlege haldningar. Særleg politiet vart lyfta fram som ein instans kor den hjelpa ein kunne forventast seg ikkje var til stades, og som svikta i sitt arbeid. Eit av dei engelske vitna skildra sitt møte med politiet slik:

⁷⁰ Korsvik, «Kvinnekamp!», 94.

⁷¹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 24.

⁷² «Transnational Interaction among Feminist Activists in the Nordic Countries, 1970s-2000», 21. mai 2019, <https://nordics.info/show/artikkel/transnational-interactions-among-feminist-activists-in-the-nordic-countries-1970s-2000>.

⁷³ Russell og Ven, *Crimes against Women*, vii.

⁷⁴ Landa som var representerte var fylgjande: Østerrike, Belgia, Brasil, Canada, Chile, Danmark, England, Frankrike, Vest-Tyskland, Hellas, Nederland, India, Irland, Israel, Italia, Japan, Korea, Luxembourg, Mexico, Noreg, Portugal, Ruerto Rico, Saudi-Arabia, Skotland, Sør-Afrika, Spania, Sverige, Sveits, Syria og USA. Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 28–29.

⁷⁵ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 55–56.

⁷⁶ Russell og Ven, *Crimes against Women*.

(...) By this time I was lying in a pool of blood. My face was so swollen that the top of my head met with my eyes. My front teeth had been knocked out and nearly gone down my throat and chocked me. I had been cut underneath the arm when I tried to defend myself. A chair had been broken over my back, my toes crushed and all they said was “Do you want to prosecute him?” I couldn’t speak properly because I was so badly injured, but I tried to tell them I was frightened and wanted to go to the hospital. They refused to take me to the hospital. They just said, “If you don’t want to prosecute him, then we can’t help.”⁷⁷

I dette vitnesbyrde kom mangelen på tillit mellom kvinnene og politiet særleg godt fram, og ein peikte på den manglande handlekrafta til politiet i slike situasjonar. Forutan manglande hjelp frå dei eksisterande offentlege tenesteinstansane, var ein annan fellesnemnar i kvinnene sine historier at dei etter ei stund hadde fått hjelp frå, eller sjølv hjelpte til i, ulike kvinneorganisasjonar som tilbydde valdsoffer stønad og hjelp. Dimed var det slik at samstundes som dei norske delegatane fekk høyra personlege historier om vald og om omfanget og konsekvensane av problemet, fekk dei òg høyra om korleis kvinnerørslene i andre land hadde teke på seg eit ansvar med å handsama mishandling av kvinner.

Det fyrste krisesenteret i verda, Chiswick Womens Aid, opna i Chiswick i England i 1971, og i fleire andre engelske byar hadde dei fått det dei kalla «krisesenter for mishandla kvinner».⁷⁸ I USA hadde dei oppretta liknande tilbod, «Rape Crisis Centers», kor valdtekne kvinner kunne oppsøka dei, til dømes gjennom å ringa inn, og få hjelp.⁷⁹ I referatet frå tribunalet i Brussel, kan ein lesa om korleis dei amerikanske og britiske tilboda arta seg. Medan ein i Storbritannia hadde opna senter for mishandla kvinner, hadde ein i USA telefonliner og husvære som var døgnbemanna gjennom ei vaktordning som valdtekne kvinner kunne oppsøka.⁸⁰ Her kan ein altså sjå at det var eit visst skilje mellom fokusa i dei to landa. Der ein i Storbritannia i langt større grad fokuserte på partnervald, hadde ein eit større fokus på overgrep og valdtekt i USA. Kvifor det var ei slik distinkt forskjell mellom landa er ikkje grunngjeve i nokon av referata.

Trass i at tilboda i dei to landa var forskjellig, var ein sentral fellesnemnar mellom dei at tilboda vart starta *av og for kvinner*. Tilboda ved sentra i baa land gjekk i stor grad ut på å tilby kvinnene emosjonell stønad gjennom å lytta til historiene deira. Samstundes fungerte dei frivillige som stønad for kvinnene om dei skulle oppsøka anna hjelp, eller om dei valde å melde forholda til politiet. I begge landa hadde opprettinga av sentera òg ført til ei identifisering og kartlegging

⁷⁷ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 131.

⁷⁸ «The Opening of the First Refuge (1971)».

⁷⁹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 43.

⁸⁰ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 43.

av større problem. I USA hadde tilboda òg vore pådrivarar og bidragsytarar for politisk endring i form av at 13 delstatar endra lovgivinga si om valdtekt. Mellom anna var ei av endringane at etterforskarane i valdtektssaker ikkje lenger kunne spørja etter vandelen til offeret⁸¹

Tribunalet i Brussel kan, slik eg ser det, forståast og analyserast i lys av teorien til Kjeldstadli om motiv og moglegheit. Ettersom tribunalet opna dører for dei norske delegatane ved å opplysa dei om både valdsproblematikk og løysingar på det, kan tribunalet med det seiast å vera nett eit slikt handlingsrom som Kjeldstadli peiker på at må vera til grunn for at ei sosial rørsle skal oppstå. Med dette vil eg òg rekna det for å vera eit definerande punkt og hending med stor tyding for utviklinga av den norske krisesenterrørsla.⁸² Ut frå det me kan sjå i dei skriftlege samtidskjeldene, kan det tenkast at ettersom tribunalet fasilitererte for kontakt mellom og på tvers av internasjonale kvinnenettverk, fungerte det soleis òg som ei inspirasjonskjelde. I ein norsk kontekst kan det tenkast at delegatane såg at ein hadde fått til å oppretta tilbod i andre land som var drifta av frivillige og på dugnad. Ettersom kvinnerørsla i Noreg, som delegatane var representantar for, var ei allereie aktiv rørsle som kunne engasjerast i arbeidet, var det moglegheiter, naudsynte føresetnadar og tilgjengelege ressursar til stades for å i det heile kunna organisera seg og få arbeidet i gang. Ein sentral faktor for opprettinga av ei eiga krisesenterrørsle i Noreg er altså etter mi meining mobiliseringsevne frå ei anna nærliggande rørsle. Dette samsvarar med det ein kan sjå i ein britisk kontekst. I korrespondansen med britiske systerorganisasjonar finn ein eit skriv om korleis ein kunne mobilisera og starta eit sokalla «womens refuge». Her vart ein spesifikt oppmoda om å kontakta andre organisasjonar der det var engasjerte kvinner, slik som ulike kvinnesaksgrupper, abortforkjemparar og fagorganisasjonar for kvinner.⁸³

I tillegg til mobiliseringsevne frå nærliggande organisasjonar, finst det òg ein annan sentral faktor for danninga av rørsla. Under tribunalet vart det sett ned ulike arbeidsgrupper som lanserte forskjellige forslag til arbeid som burde utførast hjå dei representerte landa etter tribunalet var slutt. I den samanheng lanserte ei internasjonal gruppe behovet for fleire trygge stadar for kvinner som vart utsette for vald i nære relasjonar, og ei gruppe beståande av franske delegatar la fram forslag til handling mot valdtekt.⁸⁴ Dimed kan ein òg seia at dei norske kvinnene med dette svarte på ei direkte og konkret oppmoding til handling. Kjeldstadli peiker som nemnd på viktigheita av å ha eit motiv og ei moglegheit for å oppretta rørsla. I denne

⁸¹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 43.

⁸² Markoff, «Historical analysis and social movements research», 69.

⁸³ OBA/A70001. Oslo Byarkiv, Camilla Krisesenter - Ac-L0001. «Referat frå landskonferansen i Oslo i 1980».

⁸⁴ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 189–94.

samanhengen er motivet og moglegheita svært nærliggande kvarandre. Ettersom den norske krisesenterrørsla vart inspirert av dei dokumenterte forholda i andre land, vil eg argumentera for at ein som rørsle «lånte» motiv frå desse andre landa. I dokument frå tida etter tribunalet peikte dei norske kvinnene sjølv på manglande dokumentasjon på og registrering av vald mot kvinner i ein norsk samanheng.⁸⁵ Soleis hadde dei korkje eit statistisk eller faktabasert grunnlag for å vita om omfanget av valdsproblematikken i Noreg før rørsla oppstod. Likevel, gjennom vitnesbyrda på tribunalet, fekk dei eit innblikk i det internasjonale perspektivet, ikkje berre om partnervald, men òg om overgrep, kjønnslemlesting og andre forhold som kvinner vart utsette for, som danna eit motiv for å setta i verk arbeid i ein norsk kontekst.

Dette illustrerer eit tredje sentralt aspekt ved krisesenterrørsla og den ideologiske forankringa til kvinnerørsla elles på 1970-talet, nemleg systerskap. Systerskapen gjekk på tvers av nasjonalitetar og landegrenser og det internasjonale samarbeidet fortsette i stor grad etter tribunalet. Ein hadde mykje kontakt og korrespondanse med dei andre krisesenterrørslene i andre land. Norske kvinner reiste til Chiswick for å sjå korleis ein dreiv senter i England, ein hadde brevkorrespondanse med ulike grupper i ulike land for å hjelpa kvarandre med å starta opp senter og ein utveksla erfaringar og skriv som ein hadde utarbeidd med kvarandre.⁸⁶ Dette arbeidet og denne samhandlinga var tufta på internasjonalt systerskap.

For å illustrera dette systersolidariske internasjonale samarbeidet, kan ein til dømes sjå på samarbeidet i Skandinavia. Noreg var tidleg ute med etablering av krisetelefonar og krisesentertilbod, og i ein skandinavisk samanheng var ein fyrst ute. I Sverige kom dei fyrste *Kvinnojourerna* på plass i Stockholm og i Gøteborg i 1978.⁸⁷ På den fyrste landskonferansen for krisesentera i Noreg, som fann stad i Oslo frå 14. til 16.november 1980, var det invitert gjester frå mellom anna kvinnerørsla i Ålborg. Dei hadde ved hjelp av innsamla middel fått kjøpt eit hus som dei ville nytta til krisesenterføremål i likskap med det dei såg i andre land, mellom anna Noreg.⁸⁸ Dei danske kvinnene fortalde om korleis situasjonen var i Danmark. I Danmark fekk ein sitt fyrste senter i 1980, og på tidspunktet for landskonferansen i Oslo hadde ein berre drifta eit krisesenter i København i om lag tre månadar, som òg var det einaste krisesenteret i landet. Det kom òg fram at i oppstarten av dette senteret hadde ein fått

⁸⁵ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 44–45.

⁸⁶ OBA/A70001 - Dc-L0004. «Referat frå landskonferansen i Oslo i 1980.»

⁸⁷ Ylva Haraldsdotter, «Kvinnojourernas verksamhet - Nationellt centrum för kvinnofrid (NCK) - Uppsala universitet» (Uppsala universitet, 10. juni 2024), <https://www.nck.uu.se/kunskapsbanken/amnesguider/kommunernas-kvinnofridsarbete/kvinnojourernas-verksamhet/>.

⁸⁸ OBA/A70001 - Dc-L0003. «Skriv frå ukjend engelsk krisesenterrørsle.»

representantar frå «Oslogruppa» som hadde halde seminar for dei. Ein oppretta med dette tette band mellom dei skandinaviske sentera.

Det er dimed tydeleg at det ikkje berre er i ettertid at ein har sett på samhandlinga mellom dei ulike landa og peikt på at det har vore eit internasjonalt samarbeid til stades og at det har vore viktig for rørsle. Dette har rørslene sett og sjølv meint at var viktig for arbeidet deira. Det som seinare skulle utgjera den norske krisesenterrørsle uttalte sjølv under Landskonferansen i 1980 at dei var del av ei større internasjonal rørsle for å avskaffa vald.⁸⁹ «Krisesenterbevegelsen karakteriseres gjerne som et resultat av den nye kvinnebevegelsen (...) I likhet med kvinnebevegelsen er også krisesenterbevegelsen et internasjonalt fenomen».⁹⁰ I denne fråsegna kjem det fram at dei såg seg som sterkt kopla mot ei internasjonal rørsle, samstundes som dei anerkjennde at dei hadde likskapstrekk med kvinnerørsle, men at dei likevel var ei eiga, etablert rørsle.

1.2. Å identifisera eit problem og skapa eit tilbod

Då delegatane kom attende til Noreg 8.mars, den internasjonale kvinnetdagen, møttest dei til fest saman med andre engasjerte kvinner på kvinnehuset i Oslo. Her diskuterte dei det dei hadde opplevd i Brussel, brotsverka dei hadde vorte kjende med, og korleis situasjonen og hjelpetilbodet for kvinner var i Noreg.⁹¹ Møtet på kvinnehuset kan etter mi meining sjåast som det verkelege startskotet, og eit anna definerande punkt for då arbeidet med å oppretta eit hjelpetilbod for valdsutsette kvinner i Noreg for alvor vart sett i gang. Ein del av arbeidet som vart gjort som fylgje av tribunalet og det fylgjande møtet, var å identifisera eit samfunnsproblem som ein kunne gripa fatt i. Her kan ein sjå at rørsle forma seg ved å klårt definera ein uynskt praksis som ein ville arbeida mot, og som ein ynskja å endra. Praksisen som vart teke tak i ved dette høve var menn sin vald mot kvinner i Noreg.

Kvinnene som hadde delteke på tribunalet hadde allereie fått vita om omfanget av vald mot kvinner i ein internasjonal samanheng, men det var behov for å sjå på situasjonen på eit nasjonalt plan. I lengre tider hadde vald mot kvinner vore ein usynleggjort og lite tematisert tematikk i Noreg, i likskap med i mange andre land. Krisesentergruppa vart difor møtt med ein del skepsis kring sitt forsøk på å gjera samfunnet medviten om dette. Etersom Noreg hadde kome langt på likestillingsfronten på midten av 1970-talet, stilte fleire seg spørsmål om eit slikt

⁸⁹ OBA/A70001 - Ac-L0001. «Referat frå landskonferansen i Oslo i 1980.»

⁹⁰ BBA/A-2508. Bergen Byarkiv, Nødtelefon og krisesenter for kvinner Bergen – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982»

⁹¹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 59.

problem med partnervald egentleg var eit omfattande problem her heime.⁹² Fleire meinte at slikt nok kunne førekomma i større land som til dømes England, særleg i arbeidarklassen, men at det lite truleg kunne førekomma i den grad her.⁹³ Erika Eidslott har peikt på ulike faktorar som kan ha spelt inn i kvifor valden mot kvinner var usynleggjort for samfunnet, noko som kan forklara kvifor det var vanskeleg å akseptera at dette fenomenet òg fann stad i Noreg. Eidslott argumenterer for at privatvalden kan ha vore usynleggjort særleg grunna at ein både juridisk og som eit dogme var forplikta til å respektera privatlivets fred. Dette hadde ein høg posisjon. Difor kan det ha vore høg terskel for å for det fyrste sjå kva for problem som førekom i andre heimar, og for det andre å gjera noko med det.⁹⁴ Med slike etablerte dogme, juridiske praksisar og haldningar til stades i samfunnet var det klårt at ein måtte starta ei identifisering og ein kartleggingsprosess av problemet på eit nasjonalt nivå for å kunna få gjennomslag for det dei ynskja å etablera. Det var altså ikkje tilstrekkeleg med kun eit internasjonalt perspektiv og lånt motiv som forklaringsmodell for viktigheita av eit krisesentertilbod, det var behov for ein norsk adaptasjon.

Likevel kan ein seia at det på sett og vis òg eksisterte ei viss form for anerkjenning av problemet på eit nasjonalt nivå, og soleis òg medvind for kvinnerørsla, då ein på denne tida hadde fått eit auka fokus på kvinner si stilling i Noreg. I 1978 vart lova om likestilling mellom kjønna, kjend som likestillingslova, vedteke. I lova vart det presisert at ho tok særleg sikte på å betra kvinner sine vilkår.⁹⁵ Dette syner at ein som samfunn anerkjende at kvinner sin posisjon i samfunnet ikkje var likestilt med menn, og at det var kvinnene som var den undertrykte parten som måtte få heva sin posisjon med heimel i lovverket. Det syner òg til at det har vore eit diskutert tema før 1978, då lovendring tek tid og kjem som resultat av ting som skjer i det offentlege debattrommet. I lova vart det òg presisert at dette gjaldt på alle samfunnsplan, og at kvinner skulle likestillast med menn i arbeidslivet, i utdanning og i kulturell og fagleg utvikling.⁹⁶ Sjølv om lova eksplisitt nemnde fleire konkrete samfunnsmessige plan kor kvinner og menn skulle likestillast, tok den berre føre seg dei forholda som føregjekk i det offentlege og ikkje i det private. Altså tok ho ikkje fatt i huslege forhold. Dimed var det både rom og behov for å peika

⁹² Tove Stang Dahl, *Kvinner som ofre, Norbok*, Stensilserie (Universitetet i Oslo. Institutt for kriminologi og strafferett : trykt utg.) 39 (Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for kriminologi og strafferett, 1980), 10, https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2017071909530.

⁹³ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 62.

⁹⁴ Eidslott, «'Kvinne, bryt ikke sammen, bryt ut'. Vold mot kvinner og krisesenterbevegelsen i Norge, 1945-2009», 35.

⁹⁵ «Likestillingsloven - likestl. - Lovdata Pro», paragr. 1, åpnet 1. mars 2024, <https://lovdata.no/pro/#document/NLO/lov/1978-06-09-45>.

⁹⁶ «Likestillingsloven - likestl. - Lovdata Pro», paragr. 1.

på politiske utfordringar og samfunnsmessige problem som ramma kvinner på eit privatplan i tillegg til eit offentleg eit, slik som vald og overgrep. På den måten kan ein argumentera for at det òg her var eit handlingsrom til stades for rørsle. Handlingsrommet kom som ei fylgje av meir merksemd, frå både juridisk- hald og i folkesetnaden, for rettane til kvinner.

For å møta og svara dei som meinte at det ikkje var eit større problem med vald mot kvinner, starta krisesenterrørsle sjølv ein prosess for å kartlegga omfanget av fenomenet. I fyrste omgang vart identifiseringa av valdsproblemet utført basert på samtalar dei sjølv hadde hatt med ulike kvinner som hadde fyrstehandserfaring av partnervalden.⁹⁷ Gjennom slike samtalar fekk krisesenterrørsle ei klår oppfatning av at vald mot kvinner ikkje berre var eit internasjonalt problem, men at dei no kunne stadfesta at det òg var eit nasjonalt og lokalt problem. Denne fråsegna støtta dei i stor grad på material frå organisasjonen Juridisk Rådgiving For Kvinner (JURK). JURK var ein ideell organisasjon drifta av studentar ved det juridiske fakultetet ved universitetet i Oslo som gav kostnadsfri rettshjelp til kvinner.⁹⁸ Dei starta verksemda si i 1974, og i laupet av dei to åra dei hadde operert, hadde dei opparbeidd seg ein del erfaringar som dei delte med Camilla Krisesenter.⁹⁹ Utan om materialet til JURK og deira eigne registreringar, peikte krisesenterrørsle på at det ikkje hadde blitt utført noko form for spesifikk undersøking av fenomenet vald mot kvinner i Noreg, og heller ikkje noko kartlegging av omfanget og konsekvensane av valden. Eit uttalt mål ved opprettinga av krisetelefonane og dei fylgjande krisesentera, var difor at dei skulle bidra til «å angripe ethvert forhold i samfunnet som underbygger og opprettholder vold mot kvinner». For å oppnå dette målet la dei til: «ved siden av drift av det enkelte krisesenter/krisetelefon, skal vi påvirke samfunnet til å endre sitt syn på vold mot kvinner, ved blant annet å drive informasjonsarbeid, systematisk registrering av vold mot kvinner, følgje opp aktuelle saker i pressen, bearbeide holdninger og kreve full offentlig finansiering på krisesentrenes/krisetelefonenes egne premisser.»¹⁰⁰ Med dette kan ein sjå at ein gav seg sjølv i oppgåve å systematisk kartlegga og registra valdsstatistikken på lengre sikt, for å kunna synleggjera valden, men òg for å arbeida målretta mot han.

I fleire av dokumenta til Nødtelefonen i Bergen, mellom anna i oppstartsdokumenta, har rørsle oppretta og lagt ved vedlegg til dei nye telefonvaktene, med oversikter over offentlege instansar.¹⁰¹ Desse var meint som ei hjelp for telefonvaktene slik at dei kunne gi gode råd til

⁹⁷ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 44–45.

⁹⁸ Jon Gisle, «Juridisk rådgiving for kvinner», i *Store norske leksikon*, 25. oktober 2023, https://snl.no/Juridisk_r%C3%A5dgivning_for_kvinner.

⁹⁹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 44.

¹⁰⁰ BBA/A-2508 - Boks 2. «Pressemelding om Landskonferansen i Tromsø i 1982».

¹⁰¹ BBA/A-2508 – Boks 1. «viktige telefonnumre og kontakter».

kvinnene som ringte inn om andre instansar ein kunne søka hjelp hjå. I desse listene var det både nummer til sosialkontor, legevakt, poliklinikk, politi og familievernkontor. Listene var òg markerte med handskrivne notat over kven ein burde be om å snakka med i ulike typar saker, mellom anna dersom det gjaldt til dømes overgrep. Desse dokumenta viser at det allereie var etablerte formar for hjelpetilbod for kvinner utsett for vald i Noreg. Rørsla meinte likevel at det offentlege hjelpetilbodet som fanst for kvinner som hadde opplevd vald og overgrep, ikkje strekte til.¹⁰² Det var heller ikkje berre sjølv tilboda som vart oppfatta som utilstrekkelege, ein peikte òg på at mange av dei som arbeidde i desse tilboda heller ikkje vart sett på som tilstrekkeleg gode. Dette meinte dei sjølv at gjaldt særleg i større byar, med store forhold, kor det var mange tenestemenn som dei meinte ikkje hadde god nok erfaring og kompetanse på å handsama saker med privatvald, og at det var lettare ved til dømes små bydels-stasjonar, då dei lettare kunne luke ut dei dårlege betjentane.¹⁰³

Her kan ein sjå fleire likskapsteikn mellom situasjonen i Noreg og historiene til dei britiske vitna frå tribunalet som fortalde om mishandling. Begge syner til eit ikkje tilstrekkeleg godt offentleg tilbod. Særleg i kritikken kva gjaldt politiet si handsaming av problemet, er likskapsteikna tydelege. I tillegg til dei britiske kvinnene, var det òg eit norsk vitne som fortalde om vald mot kvinner på tribunalet. Det norske vitnet snakka hovudsakleg om valdtekt. Vitnet hadde gjort ei studie av dei ulike valdtektsdommane som hadde blitt felt i dei norske domstolane i 1972. Her hadde ho sett at sjølv om det i fylgje lova ikkje var tillate at ein ektemann forgreip seg på kona si, var det berre eitt tilfelle kor dette hadde enda i domfelling, og ikkje eit einaste tilfelle av dette i dommane frå 1972.¹⁰⁴ Vidare fortalte det norske vitnet om norske kvinner sitt møte med institusjonane som skulle hjelpa dei, slik som politiet og legevakt, og korleis dei ofte vart mistrudde og mistenkeleggjorde i møte med dei. Ein gjennomgangstone for syna som vert uttrykt både hjå det norske vitnet og dei britiske, var den manglande tilliten det var mellom kvinnene og hjelpeapparatet. Kvinnene melde at dei i møte med slike institusjonar vart møtte med negative haldningar og mistenkeleggjerande spørsmåla. Særleg politiet vart trekt fram som ein instans med manglande tillit.¹⁰⁵ Gjennom kvinnene krisesenterrørsla hadde snakka med, og erfaringane som kom fram, var det lita tru på at politiet kunne tilby den hjelpa som ein faktisk hadde behov for.

¹⁰² Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 64.

¹⁰³ OBA/A70001 - Dc-L0004. «Orientering om politiets handlemåte ved mottakelse av anmeldelse».

¹⁰⁴ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 125–26.

¹⁰⁵ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 45–46.

Sjølv om ein hadde lukkast med å kartlegga av ein del av valdsomfanget, meinte rørsla sjølv at det dei hadde sett til no, kun var «toppen av eit isfjell.»¹⁰⁶ Med dette etablert vart det tydeleggjort at det var eit behov for å oppretta eit alternativt tilbod kor kvinnene kunne verta møtte av andre kvinner, verta trudde og forstått utan å verta mistenkeleggjorde, slik som dei hadde fått til i Storbritannia og USA. Ein kan soleis argumentera for at rørsla skapte plass til seg sjølve, og at det ikkje i utgangspunktet var etterlyst noko slikt tilbod frå til dømes det offentlege fyrst, for så deretter å verta fylt av eit privat initiativ. Kvinnene tok sjølve ansvar for å identifisera eit problem, og for å etablera eit legitimt behov for seg sjølve og si verksemd. Likevel kjem det fram at det ikkje berre var rørsla sjølv som såg behovet for eiga eksistens, men etter kvart òg andre instansar. I materialet frå Bergen kjem det fram at krisesenterrørsla der i 1980 sendte ut eit skriv til ulike offentlege instansar kor dei bad dei om å gjera greie for i kva for grad dei hadde funne arbeidet til krisetelefonen nyttig.¹⁰⁷ Mellom anna svarte både legevaktsjefen, Sandviken sykehus og ein representant frå Bergen politikammer på dette skrivet. I svara frå desse offentlege instansane kjem det fram at dei meinte at Nødtelefonen sitt arbeid dekkja eit område som andre hjelpeinstansar ikkje hadde gjort fram til dette tidspunktet. Korrespondansen mellom partane syner ikkje om ein på førehand av opprettinga meinte at det var naudsynt for ein privat aktør å tilby denne typen tilbod, men det syner at ein i alle fall eit par år etter at tilbodet fyrst hadde kome i gang var samde om at det er eit behov for dei.

Når problemet var identifisert var det behov for å gjera noko med det. Det var altså tydeleggjort eit behov for, og eit ynskje om, sosial handling som kunne føra til varig endring. Fleire forskarar innføre sosiale rørsler, mellom anna Flam og Klandermans og Van Stekelenburg, peiker på at emosjonar er ein faktor som kan forsterka og framskynda sosial handling.¹⁰⁸ I referatet frå tribunalet kjem det som synt ovanfor fram at delegatane vart kjenslemessig påverka og investerte då dei høyrte historiene som dei mishandla kvinnene delte. Når dei norske delegatane kom attende til Oslo og delte vitnesbyrda med dei frammøtte på kvinnehuset, kan det òg tenkast at den kjenslemessige påverknaden vart overført til møtedeltakarane. Det er rimeleg å antaka at felles for desse kjenslene som oppstod var at dei negative kjensler, som til dømes sinne og fortvilese over problematikken. I tråd med Flam sin argumentasjon meiner eg at desse tilsynelatande individuelle kjenslene som oppstod hjå kvar einskildkvinne, i dette høve sameinte seg og danna ei større eining som gav vekstgrunnlag for ei sosial rørsle. Når desse kjenslene møttest i ein fellesskap med dei andre kvinnene, kan dei ha vorte omdanna til meir

¹⁰⁶ Valvo, *Du skal ikke slå-*, 8.

¹⁰⁷ BBA/A-2508 – Boks 3. Svarbrev frå Sandviken sykehus, Bergen legevakt og Bergen politikammer.

¹⁰⁸ Klandermans og van Stekelenburg, «Social movement theory», 18.

produktive kjensler av handlekraft og motstand, og utgjorde saman eit insentiv for sosial handling. Det personlege engasjementet kan ut frå dette difor tolkast som eit resultat av både emosjonell påverknad og systersolidaritet. Altså vart ein både engasjert fordi det var opprørande å høyra om, samstundes som ein ynskja å hjelpa andre kvinner ut av situasjonen dei var i som ein betrakta som uholdbar. Med dette teke i betraktning, kan dette vera med å forklara fortgangen det var i prosessen med oppretting av eit hjelpetilbod, som gjorde at ein allereie i underkant av eit år etter tribunalet hadde fått på plass ein krisetelefon.

1.3 Dei norske krisetelefonane og gradvis overgang til krisesenter

Som eit svar på problemet som krisesenterrørsla hadde identifisert, etablerte kvinnene nokre oppfylgningstiltak. Desse er lista opp i det norske referatet frå Brussel.¹⁰⁹ Eit av desse oppfylgningstiltaka var å få på plass eit liknande tilbod som ein hadde i både Storbritannia og USA i Noreg. Ein ynskja altså å oppretta krisesenter, i likskap med Storbritannia, og krisetelefonar, i likskap med USA. Å etablere eit slikt tilbod var ikkje berre lett då det kravde ressursar. Særleg eit krisesentertilbod var ressurskrevjande. Det var både behov for økonomiske midlar, men òg ressursar i form av personar og frivillige som kunne drifta tilbodet. Ettersom slike ressursar ikkje var kome på plass enda, vart det difor lansert ein ide om å prioritera.¹¹⁰ Ein kom difor med ideen om å fyrst få opp ei døgnbemanna telefontline med eit nummer som ein kunne spreia til alle stadar der kvinner oppheldt seg. Slik eg les fråsegna ynskte kvinnene i fyrste omgang eigentleg å oppretta fysiske krisesenter, og at dette var hovudprioriteten. Men ettersom det var ein meir omfattande prosess å starta slike senter, arbeida dei med eit anna alternativ som var lettare å oppnå raskt: krisetelefon.¹¹¹ Her kan ein sjå kva for funksjon ein hadde tilskrive krisetelefonen. Det var truleg ikkje slik at krisetelefonane opphavelg vart rekna for å vere tilstrekkelege og fullverdige tilbod, og at ein ved seinare tilfelle fekk avdekka eit nytt eller utvida behov som førte til senter. Det verkar heller slik at ein såg telefonen som eitt av fleire verktøy ein kunne nytta i kampen, og at det var ei betre løysing enn inga løysing. Dette vart stadfesta av Janne Krogstad, som var ei av dei sentrale kvinnene som var med på å oppretta det fyrste krisesentertilbodet i Oslo. I eit intervju med *Kilden Kjønnforskning* frå 2003 har ho gjeve uttrykk for at ein i utgangspunktet oppretta krisetelefonane som eit steg på vegen mot fysiske krisesenter, då det var det ein eigentleg jobba mot.¹¹²

¹⁰⁹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 64.

¹¹⁰ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 64.

¹¹¹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 64.

¹¹² Ryste, «Krisesenterbevegelsen».

Dette kan ein sjå at var tilfellet i dei større norske byane. I både Oslo og Bergen starta krisesenterrørsla krisetelefonar før dei opna fysiske senter. Den fyrste telefonen kom som nemnd på plass i Oslo 1.februar 1977. Sjølv om det tok opp mot eit år frå heimkomsten frå Brussel til ein fekk telefonlina opp og gå, kan ein seia at dette skjedde relativt raskt. Telefonlina i Oslo fekk òg raskt på plass økonomiske midlar, med mellom anna økonomisk stønad frå aksjonsforskningsprosjektet i kvinnekriminologisk-arbeidsgruppe ved Institutt for kriminologi og strafferett.¹¹³ Med desse midla til grunn gjekk utviklinga i Oslo relativt hurtig frå å berre vera ein telefon, til å oppretta eit fysisk krisesenter etter modell frå Chiswick i England. Krisesentergruppa, som kvinnene som arbeidde for krisesenter i Oslo kalla seg, fekk disponera åtte hyblar i eit kommunalt bygg som kunne nyttast som krisesenter.¹¹⁴ Frå dette punktet hadde krisesenterrørsla i Oslo fått krisesenteret som sitt primære tilbod, og krisetelefonen gjekk, slik eg ser det, over i ei ny rolle. No var krisetelefonen eit sekundært verktøy som vart nytta hovudsakeleg for å fasilitera for kontakt mellom kvinnene i naud og dei frivillige ved sentera, og for å kunna gje ut adressa til senteret. Likevel kunne ein framleis nytta telefonen til å gje råd og rettleiing, då ikkje alle korkje ynskja eller hadde behov for å koma seg ut av heimen.

I Bergen derimot, opna «Nødtelefonen for kvinner i Bergen» den 16. november 1978. Altså drygt halvanna år etter opninga av eit tilsvarande tilbod i Oslo. Krisetelefonen i Bergen hadde ikkje tilgjengelege hyblar på same måte som det ein hadde i Oslo. I Bergen hadde ein kun ei lita leilegheit til disposisjon. Leilegheita skulle i hovudsak nyttast som eit lokale kor dei kunne driva verksemda frå.¹¹⁵ Likevel fekk leilegheita eit anna funksjonsområde: samstundes som ho fungerte som kontor for arbeidet, fungerte ho òg i ein lengre periode som ein tilfluktsstad for kvinner i akutt fare. Altså kunne ein tilby eit krisesenterliknande tilbod i Bergen allereie frå starten av, men ein hadde avgrensa med handlingsrom for å gjera det. Noko påfallande med Bergen som synleggjer nett denne skilnaden mellom dei og Oslo, er at dei i Bergen i fleire år nytta omgrepet «Nødtelefon» og ikkje «Krisesenter» i tittelen sin. Dette kan tyda på ein fundamental hovudforskjell mellom Oslo og Bergen. Sjølv om krisesenterrørsla i begge byane kunne tilby husly ved akutt behov, verkar krisetelefonen å ha vore ein betrakteleg større del av primærdrifta til rørsla Bergen i lengre tid enn kva det var i Oslo.

Trass i at krisetelefonane ikkje opphaveleg var tiltenkt å vera det primære tilbodet, bør krisetelefonen som fenomen vektast som ein sentral del av både oppstarten, så vel som av den

¹¹³ Dahl, *Kvinner som ofre*, 10.

¹¹⁴ Dahl, *Kvinner som ofre*, 10.

¹¹⁵ BBA/A-2508 – Boks 2. «Opprettelse av nødtelefon for kvinner i Bergen – Kontaktpersoner ved deres kontor».

generelle drifta til krisesenterrørsla begge stadar, og fylgjeleg vektast som ein av dei viktige områda krisesenterrørsla generelt arbeidde med. Dersom ein til dømes ser på logoane til både Camilla krisesenter og Nødtelefonen for kvinner i Bergen, ser ein at sjølve telefonen er via stor plass i dei. Logoen til Camilla Krisesenter er ein bygard med ei open dør. Det spesielle med bygarden er at den er utforma som ein fasttelefon, med telefonnummeret til senteret skriven over telefonrøyret. I staden for nummerskiva, har ein laga ei dør inn i bygarden kor det er plassert eit kvinnesymbol på ein slik måte at det ser ut som det er på veg inn i bygningen.¹¹⁶ I logoen til Nødtelefonen i Bergen har telefonen òg fått ein sentral posisjon. Logen består av ein svart silhuett av ein kvinneskikkelse som kikkar ned til sida og som har ei nummerskive føre seg. Under nummerskiva er det informasjon om telefonnummeret og telefonen sine opningstider.¹¹⁷ At telefonen er så sentralt plassert i begge desse logoane understrekar at han spelte ei sentral rolle for krisesenterrørsla, og at ein var avhengige av telefonen for å kunne gjennomføra oppdraget sitt. I Camilla Krisesenter sitt tilfelle hadde ein ganske raskt fått oppretta senter og ikkje berre krisetelefon, men likevel var ein del av marknadsføringa utåt knytt til telefonen. Ettersom eit fysisk krisesenter stilte store krav til diskresjon, anonymitet og tryggleik, kunne dei ikkje gå ut med adressa for senteret. Dimed er det ei naturleg forklaring på at ein marknadsførte nettopp telefonen, at ein balanserte på ein knivsegg mellom openheit og diskresjon, og at ein med det måtte nytta telefonen for å i det heile kome i kontakt med brukargruppa og få dei til å koma til senteret.

Som nemnd kom krisetelefonane fyrst på plass i dei større norske byane, men etter kvart vart telefonliner oppretta ulike stadar i landet då tilbodet spreidde seg raskt. Ein kan spørja seg kva for årsaker det kan vera til at nett dette tilbodet fekk fotfeste så raskt. Ein viktig faktor å nemna er dei teknologiske føresetnadane for det. I tidsrommet 1967 til 1988 hadde andelen av den norske folkesetnaden som hadde telefon i husstanden dobla seg.¹¹⁸ I 1967 var telefondekninga per hushald på 44%, medan ho i 1981 hadde auka til 74%.¹¹⁹ Ut frå denne statistikken kan ein sjå at å ha ein telefon vart meir og meir vanleg utover 1970-talet. Ein viktig føresetnad for at arbeidet med krisetelefonen skulle kunne fungera var at folk i det heile kunne ringa inn. Med auka i telefondekninga i åra før, rundt og rett etter opprettinga, forsvarar det valet om å etablere eit telefonbasert hjelpetilbod.

¹¹⁶ OBA/A70001 - Xa-L0001. «Logo for Camilla krisesenter.»

¹¹⁷ Sjå logo på BBA/A-2508 – Boks. 3 «Søknad om midler til Nødtelefonen for kvinner u Bergen for driftsåret 1981».

¹¹⁸ Statistisk sentralbyrå, *Historisk statistikk 1994: = Historical statistics 1994*, Norges offisielle statistikk C. Vol. 188 (Oslo: Statistisk sentralbyrå, 1995).

¹¹⁹ Statistisk sentralbyrå, 306.

Statistikk utarbeidd i ein rapport utført av Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning (INAS) på krisesenterrørsla i Oslo, syner at krisetelefonen vart nytta. I perioden 2.mai 1978 til 31. desember 1979 hadde krisetelefonen i Oslo motteke 1125 telefonsamtalar. Til samanlikning hadde 340 kvinner budd på krisesenteret i same tidsrom.¹²⁰ Som nemnd har Claude Fischer lansert ein teori om historiske kjønnsforskjellar når det kjem til telefonbruk. Fischer peiker på at telefonen opphavelig var tiltenkt ein praktisk funksjon, noko menn har nytta han til, men at kvinner i langt større grad har nytta telefonen til andre føremål enn berre praktiske, slik som til sosiabilitet.¹²¹ I lys av Fischer sin argumentasjon er det interessant å sjå på om kva for funksjonar krisetelefonen var tiltenkt og i kva for grad han vart nytta. I fyrste omgang er det nærliggande å tilskriva telefonen eit praktisk føremål, då det var lettare å oppretta, folk hadde i stor grad tilgang på telefon, og då den reint faktisk fungerte som eit praktisk hjelpemiddel for kontakt med hjelpeapparatet då ein kunne ringa inn frå heimen utan at ein fysisk måtte møta opp på eit politi- eller sosialkontor for å få hjelp. Soleis bidrog telefonen òg til at ein kunne halda på ei form for anonymitet.

Ut frå tala frå 1978-79 kan ein sjå at det er om lag tre gongar så mange førespurnadar over telefon, enn det var kvinner som budde på senteret. Dette kan tyda på fleire ting. På den eine sida kan det tyda på at det var langt fleire som ringte inn enn ein hadde kapasitet til å husa på senteret. Dette trur eg nok til ei viss grad stemmer, men at det ikkje åleine kan forklara tredoblinga av telefonsamtalar. Ei meir plausibel forklaring er etter mitt syn at ikkje alle som tok kontakt hadde behov for å oppsøka det fysiske senteret, sjølv om dei hadde behov for å snakka med nokon. Eg meiner at dette òg kan peika på at det er ein emosjonell dimensjon til stades ved telefonen sitt mandat, slik Fischer òg syner til. For å forstå han, må me sjå på kva rørsle sjølv meinte at mandatet sitt var. Ein skulle som nemnd møta kvinnene med den støtta ein ikkje fekk hjå dei andre hjelpeinstansane, mellom anna med at kvinnene skulle oppleve å bli trudd, sett, høyrde på og ikkje mistenkeleggjorde, noko som er ei form for emosjonell støtte. Dersom kvinner kunne ringa inn, og ikkje måtte fysisk avsløra identiteten sin ved å møta opp ved til dømes eit sosialkontor, ville ein truleg møta mindre stigmatisering.

Som vist ovanfor tok ein inspirasjon frå andre land i opprettinga av krisetelefonen, særleg England og USA. I USA hadde tilboda som vart presenterte på tribunalet mest fokus på overgrep, medan ein i England hadde meir fokus på mishandling i sine tilbod. Ved å sjå på oversikta over dei ulike telefonane i Noreg, ser ein at dei ofte heiter «krisetelefon» eller

¹²⁰ Valvo, *Du skal ikke slå-*, 7.

¹²¹ Fischer, *America Calling*, 75.

«krisesenter». Namnet «krisetelefon» tek ikkje stilling til kva for ei krise det er snakk om, og gjorde i langt mindre grad enn dei utanlandske telefonane skilje på kva for form for vald ein hjelpte mot. På landskonferansen i Tromsø i 1982 vart det vedteke ei felles politisk plattform for dei dåverande krisetelefonane og krisesentera. I den samanheng vedtok landskonferansen eit beskytta namn som inneheldt begge formane for vald nemleg «nødtelefon for mishandlede og voldtatte kvinner».¹²² Ei av årsakene til at dette vart vedteke, var at ein var redde for at andre organisasjonar, politiske grupperingar eller religiøse organisasjonar skulle oppretta liknande senter og få statsstøtte til liknande føremål. Ein valde altså å verta samde om eit namn internt i krisesenterrørsla, som i tillegg skulle vera beskytta for medlemmane, for å markera seg og taka avstand frå andre aktørar som ikkje hadde eit like klårt kvinnesaks-perspektiv som dei sjølve.¹²³ Samstundes medførte dette namnevalet at sentera fekk eit breiare nedslagsfelt ein dei liknande utanlandske tilboda.

I dag er VO-linja ein landsdekkande telefon, medan tilboda som oppstod på 1970- og 1980-talet var geografisk avgrensa. På same tidspunkt som dei fyrste krisetelefonane opna i Noreg, hadde ein fått på plass ei landsdekkande line i England. Ein kan spørja seg kvifor ein valde å oppretta mange mindre telefonar, i staden for ei nasjonal line. Årsakene til dette vart ikkje grunngeve av rørsle sjølv, men ein kan tenkja seg at valet om geografisk avgrensa telefonliner vart fatta av praktiske omsyn. I Bergen var det til dømes opphaveleg tiltenkt at krisetelefonen berre skulle ha sitt verkeområde i Bergen kommune, og i utgangspunktet ikkje utover det.¹²⁴ Krisetelefonen skulle som nemnd hjelpe kvinner i naud, og ein disponerte kun ei leilegheit i Bergen kor ein kunne taka inn kvinner som var i akutt fare. Dersom verkeområdet for telefonen hadde vore for stort, hadde det av praktiske årsaker vore vanskeleg både for kvinnene som trong hjelp å koma til leilegheita, samstundes som det òg hadde vore vanskeleg for telefonvaktene å yta den hjelpa som dei skulle i fylgje mandatet sitt. Likevel kjem det fram at ein i Bergen opna for at ein kunne gje hjelp til kvinner utanfor verkeområde dersom det var mogleg.¹²⁵ Ein kan sjå at dei ulike telefonane og sentera hadde kontakt med kvarandre, mellom anna møttes dei på landskonferansar og utveksla kompetanse med kvarandre. På den måten kan det tenkjast at ein kunne senda kvinner som tok kontakt med «feil senter eller telefon» til den hjelpa som var nærmast henne.

¹²² BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.»,74.

¹²³ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.»,74.

¹²⁴ BBA/A-2508 - Boks 2. Brev om oppretting av Nødtelefonen.

¹²⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. «Opprettelse av nødtelefon for kvinner i Bergen – kontaktperson ved deres kontor».

*

Dette kapitlet har undersøkt opprettinga av krisetelefon- og krisesentertilbodet i Noreg, og dei bakanforliggende årsakene til det. Kapitlet har synt at transnasjonale samband i kvinnerørsla har vore viktig for opprettinga, og har argumentert for at tribunalet i Brussel i 1976 bør særleg vektast som ei viktig inspirasjonskjelde og eit startskot for arbeidet med rørsle. Kapitlet har poengtert at ein som rørsle kartla og identifiserte valdsproblematikken i Noreg, og tok med seg eit motiv og inspirasjon frå Storbritannia og USA for å svara på problemet. Det har vorte argumentert for at denne inspirasjonen vart adaptert til å passa i ein norsk kontekst, mellom anna med å ikkje skilja mellom vald og valdtekt. Vidare har kapitlet òg belyst at tilgang på ressursar har forma arbeidet. Kvinnerørsla var ei allereie engasjert rørsle, og kapitlet har argumentert for at ettersom krisesenter og krisetelefon vart grunnlagd for å gjera noko med vald mot kvinner, som røyrdde ved kvinnerørsla sitt interesseområde, kunne ein mobilisera ressursar frå den allereie eksisterande rørsle inn i ei ny. Kapitlet har òg belyst at krisesenterrørsla meinte at trass i at det fanst andre offentlege hjelpetilbod, vart dei ikkje sett på som tilstrekkeleg gode, og at ein med det skapa eit rom til seg sjølve. Avslutningsvis har kapitlet synt at dei fysiske og teknologisk føresetnadane i landet i perioden, må vektast for å forklara valet av å tilby ei telefonløysing som hjelpetilbod. Kapitlet har argumentert for at telefonbruken i landet hadde auka betrakteleg i åra før og rundt opprettinga av tilbodet. Soleis vart det argumentert vidare for at det var føremålstenleg å tilby hjelp over telefon, då grada av telefondekning gjorde det mogleg for kvinner å ringa inn, då den skapa og sikra anonymitet og dimed beskyttelse for kvinnene.

Kapittel 2 – Dagleg drift og gradvis profesjonalisering

Dette kapittelet analyserer krisesenterrørsla si verksemd og konkrete arbeid i Bergen og Oslo i oppstartsåra. Kapittelet ser på perioden 1977 til 1983 då åra inkluderer oppstarten av den fyrste krisetelefonen, det fyrste krisesenteret og gradvis eit meir etablert og samanliknbart tilbod i dei to byane. Ved å sjå på arbeidet som vart gjort i desse åra, kan ein òg sjå på korleis det starta og korleis det over tid utvikla og endra seg. Kapittelet undersøker fyrst kven som aktiviserte seg i rørsla, og argumenterer for at aktørskapan var prega av frivilligheit, og at det over tid vart meir homogenisert og drifta meir profesjonalisert. Vidare vert det undersøkt korleis ein lærte opp dei frivillige til å hjelpa kvinnene dei kom i kontakt med, og kapittelet syner at ein stilte krav til både emosjonell og formell kompetanse. Avslutningsvis vert det konkrete føremålet med drifta og korleis arbeidet ved telefonane og sentera vart utført utforska. Her vert det argumentert for at rørsla sitt arbeid var prega av ein dualitet, då ein både arbeida for hjelp og endringar på individnivå og strukturnivå.

2.1 Frivilligheit og aktørar

Som nemnd i førre kapittel oppstod krisesenterrørsla som eit svar på ei direkte oppmoding om handling, frå det internasjonale feministmiljøet på tribunalet i Brussel. Oppmodinga vart gjort av stemmer i den internasjonale kvinnerørsla og fekk gjenklang i kvinnerørsla i Noreg. I tillegg til å vera eit svar på eit internasjonalt spørsmål, var det òg eit svar på det rørsla meinte var eit mangelfullt offentleg tilbod i Noreg. Ettersom krisetelefonane og sentera var private initiativ starta av engasjerte kvinner, og ikkje eit offentleg eit, var ein sentral del av drifta av tilbodet i lengre tid *frivilligheit*. Det offentlege overtok ikkje det offisielle ansvaret for drifta før lov om kommunale krisesenter tredde i kraft i 2010. Med dette kan ein sjå at frivilligheitsaspektet ved drifta var ein sentral faktor for arbeidet i dei tidlege dagane. Ved å starta som ei rørsle, og soleis gå utanom det offentlege apparatet, kunne ein òg ha meir eigarskap over innhaldet i drifta samstundes som det gjekk fortare å starta opp.

Krisenterrørsla er ein sjølvstendig aktør i historieskrivinga om både norsk kvinnehistorie, så vel som historia mot kjønnsbasert vald. Aktøren som krisesenterrørsla utgjer, er likevel ikkje noko utan medlemmane som dannar han. Desse medlemmane kan dimed sjåast på som individuelle aktørar i historia, men utgjer i fellesskap rørsla. For å kunna forstå ho betre, er det difor naudsynt å identifisera kven desse mindre aktørane var, altså dei som melde seg som frivillige, og korleis dei vart engasjerte i rørsla.

I dei tidlege dagane var krisesenterørsla lita. I Bergen kjem det fram at gruppa som opphavelg tok initiativ til å starta opp Nødtelefonen var sett saman av i alt tolv personar.¹²⁶ Dei neste åra kan ein sjå at rørsla vaks raskt. Nett kor mange som var medlemmar av rørsla på eit kvart tidspunkt er vanskeleg å fastslå sikkert, men i underkant av eit år etter opprettinga i 1978 var det meir enn 111 ajourførte medlemmar som var knytte til, og på ein eller annan måte var engasjerte i, arbeidet til Nødtelefonen.¹²⁷ Medlemmane var av ulike aldrar, kor den yngste medlemmen var 21 år, medan den eldste var 54 år gammal. Majoriteten av medlemmane var i slutten av 20- og byrjinga av 30-åra.¹²⁸ Ser ein på korleis medlemsmassen fordelte seg basert på kjønn, ser ein at dei fleste av medlemmane var kvinner, noko ein naturleg kunne venta seg grunna mandatet og målgruppa rørsla hadde.

Det var viktig for rørsla å kunna nå ut til dei kvinnene som trong hjelpa deira, og for å gjera detta var dei avhengige av å rekruttera nye frivillige inn i rørsla. Både i Oslo og Bergen kan ein sjå at ein ved fleire høve nytta pressa for å marknadsføra seg sjølv. I Bergen hadde PR-gruppa i 1979 lagt ein strategi om ein betydeleg PR-offensiv som dei sette i verk.¹²⁹ Til dømes hadde ein utarbeidd ein langsiktig avtale med Bergens Tidene om å at ein skulle få annonsera gratis og jamleg hjå dei.¹³⁰ Gjennom slike avtalar fekk krisesenterrørsla spreidd informasjon om seg sjølve, noko som bidrog til å synleggjera arbeidet deira for omverda. Denne marknadsføringsstrategien kan etter mi meining tilskrivast to ulike funksjonar. På ei side var det heilt klårt ein måte for å oppretta kontakt med potensielle brukarar av tilbodet. Ved å annonsera i aviser fekk ein spreidd telefonnummeret sitt slik at kvinner kunne ringa inn. Likevel er det viktig å hugsa på at ettersom ein dreiv krisetelefonane og krisesentera på frivillig basis, var ein avhengige av å få inn kvinner som kunne ta vakter. Dimed kan det tenkjast at ein på ei annan side kan tilskriva marknadsføringa ein rekrutteringsfunksjon.

Eit døme på dette som ein vellukka rekrutteringsstrategi, er at krisesentergruppa i Oslo ved oppstarten av tilbodet sitt hadde ei annonse i *Aftenposten* 1.februar 1977, der dei fortalte om at dei skulle starta opp ein krisetelefon i Oslo, og at ein allereie hadde ein del kvinnelege legar og juristar som medlemmar. I annonsen skreiv krisesentergruppa «Kvinner som er interessert i gruppen, kan henvende seg til Krisesentergruppen (...)»¹³¹ Det påfallande med denne

¹²⁶ BBA/A-2508 – Boks 2. Brev til ukjend mottakar.

¹²⁷ BBA/A-2508 – Boks 1. Vaktliste for september 1979.

¹²⁸ BBA/A-2508 – Boks 1. Vaktliste for september 1979.

¹²⁹ BBA/A-2508 – Boks 1. Brev til telefonvakter om informasjonsmøte.

¹³⁰ OBA/A70001 - Ac-L0001. «Referat frå landskonferansen i Oslo i 1980».

¹³¹ *Aftenposten* 1977.02.01, *Aftenposten* (Norge;Oslo; 1977), 46, https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_aftenposten_null_null_19770201_118_51_1.

rekrutteringsannonsen er at han ikkje stilte spesifikke krav til dei frivillige om ulike faktorar som til dømes alder, bustad, sosial status eller yrke. Det einaste ein stilte krav om var kjønn. Det var kvinner ein ynskte at skulle melda seg, ikkje menn. Krisesentergruppa i Oslo fekk ein del svar på denne annonsen i form av brev. Felles for dei bevarte svara er at kvinnene presiserte at dei korkje var advokatar eller legar, men dei lurte på om det likevel kunne vera plass til, og behov for dei, i ei slik gruppe. Ei kvinne skreiv: «Kan det være noen mulighet for en eldre husmor å kunne gjøre nytte for seg i denne gruppe som er beskrevet i Aftenposten 1ste februar? Vil gjerne ha kontakt om jeg kan være til litt nytte.»¹³²

Ved sida av rekrutteringsannonsar, var ein annan stad krisesenterrørsla etter kvart rekrutterte frivillige telefonvakter og vakter til sentera, gjennom kvinnene som sjølv hadde vore brukarar av tilbodet. Ein kan stilla seg spørsmål ved kvifor ein valde å gjere dette. For det fyrste kan ein sjå at dette var praksisen ved dei britiske sentera.¹³³ Ettersom ein let seg inspirera av arbeidet til den britiske rørsla, kan det vera ein av årsakene til at ein fekk ein liknande praksis i Noreg. Det kan vidare tenkast at ein med å rekruttera menneske som sjølv hadde vorte utsett for vald, og med det visste kor ille utfallet og konsekvensane av valden kunne vera, fekk rørsla inn frivillige med gode føresetnadar for å yta god hjelp til kvinna som ringte inn, då dei kunne forstå situasjonen hennar på ein anna måte enn andre som ikkje hadde den same erfaringa. På den måten fekk ein inn erfaringsbasert kunnskap i rørsla. Vidare kan det tenkast at ein ynskte slik erfaringsbasert kunnskap då dette kunne verka tillitsvekkande for brukargruppa, som er fundamentalt for å kunna opna seg opp tilstrekkeleg. Å snakka med nokon som har opplevd det same som ein sjølv kan skapa truverd og ei von. Når ei kvinne ringte inn og møtte nokon som hadde vore brukar sjølv, som no var komen så langt i sin sjølvhjelpsprosess at ho kunne hjelpa andre, kunne det skapa ei von og ei tru på at det var mogleg å koma seg ut av sin eigen situasjon, og at å leva eit liv som ei fri kvinne utan valdelege relasjonar var realistisk og oppnåeleg. Det kan òg tenkast at å bidra inn i rørsla ved å yta hjelp som ein tidlegare valdsutsett brukar, òg kunne fungera som eit sjølvhjelpsprosjekt for den aktuelle frivillige. Rørsla hadde stort sett ein flat struktur, og ein meinte at ved å inkludera kvinner med erfaring i arbeidet, kunne det bidra til at ein ikkje fekk eit klårt hierarkisk skilje mellom dei som var vaktar og dei som var brukarar.¹³⁴

¹³² OBA/A70001 - Dc-L0004. «Svarbrev på innlegg i Aftenposten 1977.»

¹³³ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 135.

¹³⁴ OBA/A70001 - Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

Dette styrkar det ein tidelegare har sett på med systerskap og systersolidaritet, og er eit klårt døme på systerskapstenkinga i rørsle og korleis den gjennomsyra arbeidet og strukturen. Som rørsle var ein samde om at systersolidaritet og kvinnefellesskap var viktig.¹³⁵ Det var viktig for å skapa ei forståing om at kvinnene ikkje var åleine. Det var òg viktig for dei å syna at det ikkje var kvinna sin feil at ho vart utsett for vald, men at ho likskap med andre kvinner, vart utsette for overgrep av einskildmenn, men òg av dei patriarkalske maktstrukturane i samfunnet. Eit sentralt syn var nettopp at kvinna som tok kontakt med krisesenterrørsle ikkje var sjuk, men at situasjonen som ho fann seg i var det.¹³⁶ Ved å ringa inn til ein krisetelefon eller ved å oppsøka eit krisesenter og møta ein person med liknande erfaringar som seg sjølv, kunne ein på den måten skapa eit fellesskap mellom dei kvinnene som før hadde kjend seg åleine, og som hadde skamma seg over kva dei hadde vorte utsett for.

På mange måtar kan ein samanlikna rørsle si rekruttering av tidlegare brukarar, til liknande tilbod i yrkeslivet i dag. Ein del av kvinnene som ytte hjelp til andre kvinner, hadde altså sjølv fyrstehandserfaring med problematikkane som handsama. I fleire offentlege instansar har ein tilsett det som i dag vert omtala som «erfaringskonsulentar». Erfaringskonsulentar er personar som er tilsette i helse-, sosial eller velferdstenester på grunnlag av at dei sjølve har hatt erfaring med tilbodet enten som pasient, brukar eller pårørande.¹³⁷ Slik eg ser det kan ein del av kvinnene i krisesenterrørsle seiast å ha vore tidlege erfaringskonsulentar, då dei passar inn i ein slik definisjon.

2.1.1 Menn sin posisjon i krisesenterrørsle

Trass i at krisesenterrørsle arbeidde med kvinnespørsmål og det hovudsakeleg var kvinner som engasjerte seg, var det òg ein del menn som var involverte i arbeidet, i alle fall i oppstartsåra. Det er uvisst om det var og eventuelt kor mange menn som var engasjerte i arbeidet i Oslo, men ut frå medlemslistene i Bergen kan ein sjå at dei mannlege medlemmane der utgjorde rett i underkant 10% av medlemsmassen i 1979.¹³⁸ I Bergen kjem det fram at dei mannlege medlemmane utførde arbeid på lik line med dei kvinnelege, med eit unnatak av at dei ikkje kunne taka telefonane i vaktarbeidet. Menna tok òg på seg roller i kommunikasjonen med det offentlege. Mellom anna svarte dei for rørsle i pressa, til dømes då Nødtelefonen i Bergen skulle medverka i eit fjernsynsprogram om kvinnemishandling.¹³⁹ Sistnemnde oppgåve var ei kjelde

¹³⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.»,7.

¹³⁶ OBA/A70001- Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.».

¹³⁷ Erfaringssentrum, «Hva er en erfaringskonsulent?», *Erfaringssentrum.no* (blog), 9. august 2023, <https://erfaringsentrum.no/hva-er-en-erfaringskonsulent/>.

¹³⁸ BBA/A-2508 – Boks 1. Vaktliste for september 1979.

¹³⁹ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 29a.

til konflikt internt i Bergen då ein på det tidspunktet hadde 80 kvinner og fem menn å velja frå, men ein likevel valde ein mann til å representera dei, noko som vekka sterke reaksjonar.¹⁴⁰

Frå ulike debattinnlegg ved dei ulike landskonferansane og vedtektsrevisjonane i frå slutten av 1970- og i byrjinga av 1980-talet, ser ein at det vart gjort eit arbeid for å definera kven som skulle og ikkje skulle kunna vera ein del av rørsla i Bergen.¹⁴¹ I Nødtelefonen sine tidlege dagar verkar det som at ho var mindre homogen enn ho vart utover 1980-talet. Noko som er påfallande ved informasjonsskrivet frå Bergen om dei tolv personane som opphavelg tok initiativ til rørsla der, er ordvalet. I skrivet omtalar dei initiativtakarane som «personar» og ikkje «kvinner».¹⁴² Den opphavelge initiativtakargruppa i Bergen var sett saman av svært ulike individ, hadde ikkje eit avklart ideologisk fundament og arbeidde heller ikkje ut frå eit klårt kvinnesaksperspektiv.¹⁴³ Dette står i kontrast til Oslo som hadde ei klårare kvinnepolitisk forankring. Som synt ovanfor var det òg ein del menn som var involverte i rørsla, noko som truleg har vore bidragsytande til den kjønnsnøytrale formuleringa i brevet. I dei nye vedtektene som kom på starten av 1980-talet vart ein derimot meir konkrete og tydelege i ordlyden, noko som syner til interne prosessar på slutten av 1970-talet, kor ein arbeidde med å definera seg sjølv på nytt. I referatet frå Landskonferansen i Oslo i 1980 og i Tromsø i 1982 vart den interne splittinga i Bergen, som hadde funne stad nokre år før, gjort greie for. I 1982 kom fram at redefineringa vart gjort for å avklara uopplara spørsmål som hadde ført til ei splitting og ei danning av to forgreiningar internt i rørsla: den kvinnesaksorienterte mot den ikkje kvinnesaksorienterte. Spørsmåla som var viktige i definisjonsprosessen var a) kven som var målgruppa til Nødtelefonen, b) kven som kunne delta i arbeidet til nødtelefonen, og c) korleis organisasjonen skulle framstå utåt.¹⁴⁴

I Bergen vann den sida av rørsla som var oppteken av kvinnesak fram, og dette medførte endringar i både rørsla sitt fokus- og verkeområde, så vel som organisering. Fram til no hadde rørsla arbeidd ut frå ein medmenneskeleg haldning mot vald generelt, men ikkje vald mot kvinner spesielt. Frå dette punktet vart vald mot kvinner gjort om til hovudfokuset.¹⁴⁵ Når det gjaldt medlemsmassen og organiseringa av han, hadde desse endringane i hovudsak

¹⁴⁰ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 29a.

¹⁴¹ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 25- 29b. OBA/A70001- Ac-L0001. «Referat fra Landskonferansen i Oslo 1980», 11.

¹⁴² BBA/A-2508 – Boks 2. «Opprettelse av nødtelefon for kvinner i Bergen – kontaktpersoner ved deres kontor.»

¹⁴³ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 28.

¹⁴⁴ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 29.

¹⁴⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 29.

konsekvensar for to grupper: yngre kvinner og menn. I oppstarten vart ein del unge kvinner rekrutterte inn i rørsla. Dette endra seg med vedtektsendringar frå slutten av 1979.¹⁴⁶ Då etablerte ein ei nedre aldersgrense for kven som kunne og ikkje kunne vera telefonvakter. Dette skjedde likevel ikkje som ein konsekvens av det nye kvinnesaksfokuset, men heller som ein resultata av eit noko uklårt krav frå Bergen kommune.¹⁴⁷ Frå 1979 måtte ein vera 25 år eller eldre for å bli teken opp som medlem. Ei anna endring som kom som fylgje av at den kvinnesaksorienterte sida i Bergen vann fram, ser ein ved at ordlyden tydeleg fastslår at medlemmane er kvinner. Med dette vart menn definerte ut av rørsla og dei mannlege medlemmane fekk ikkje lengre vera medlemmar.

Ser ein på korleis vedtektsendringane utspelte seg, kan sjå at endringane slo ulikt ut for dei to råka gruppene. Menna som var medlemmar i rørsla før vedtektsendringane fekk ikkje lenger vera med. Samstundes såg ein at kvinner under 25 som var medlemmar frå før dei same endringane vart innført, ikkje vart ekskluderte frå rørsla slik ein hadde gjort med dei mannlege medlemmane. Kvinnene under 25 fekk på si side eit innskrenka handlingsrom i kva dei kunne utføra for arbeid, men kunne likevel takast opp som ordinære medlemmar etter fylte 25 år. Kvinner under 25 kunne no berre ha det dei kalla «tredjevakter».¹⁴⁸

I kampen for kvinner sine rettar kan ein sjå at det historisk har vore viktig å definera sokalla «women only-spaces», altså rom der kvinner kan utfolda seg utan menn til stades. Ein viktig premiss for slike rom er at dei er frivillig okkupert eller danna av kvinner, og at dei ikkje har vorte til grunna kjønnssegregering. Føremålet er derimot å skapa rom for frigjering og for å nedkjempa undertrykking.¹⁴⁹ Slik eg ser det er ein premiss for krisesenterrørsla si verksemd at dei hadde etablert slike kvinnerom. Ut frå tilbodet krisesenterrørsla hadde, kan romma både forståast å vera fysiske, men òg ikkje-fysiske rom. Dei fysiske krisesentera sine lokal utgjer her dei fysiske romma, medan krisetelefonen utgjer det ikkje-fysiske. Trass i at forbindelsen mellom partane over ei telefonline ikkje er fysisk, er det likevel kontakt mellom dei. Dimed er òg krisetelefonen å rekna som eit «women only space», då personen ein fekk snakka med på

¹⁴⁶ BBA/A-2508 - Boks 1. «Forslag til endringer av vedtekter.»

¹⁴⁷ Det går ikkje fram av skriva i arkivet kvifor Bergen kommune stilte krav om ei nedre aldersgrense for dei som skulle vera telefonvakter, anna enn at det var eit krav.

¹⁴⁸ Det er ikkje spesifisert ytterlegare kva som inngjekk i arbeidet som «tredjevakt». Ser ein likevel på bemanningslistene, kan ein sjå at det verkar å ha vore ei underordna vakt.

¹⁴⁹ Collette Power, «Women-Only Space» (phd, University of Liverpool, 2008), 1, <https://livrepository.liverpool.ac.uk/3174478>. Sjølv om denne avhandlinga inneheld ein god definisjon for «womens-only spaces» er det viktig å merka seg at han har eit snevert syn på kva som inngår i forståinga av «kvinne». I denne artikkelen er kvinner å forstå som utelukkande personar med kvinneleg biologisk kjønn, og inkluderer ikkje sosialt kjønn i forståinga.

andre sida av røyret var ei kvinne, og det telekommunikative rommet soleis vart etablert og oppteken av kvinner. Dersom ein ser på prosessane der rørsla skulle definera seg sjølv på nytt og ein valde å ekskludera menn, kan det tenkast at det har vore viktigare å definera eit åtskild rom der det ikkje var menn til stades, enn kva den nedre aldersgrensa for dei frivillige var, noko som kan forklara handsaminga av dei råka partane etter endringane.

Dette kan ha samanheng med forståinga av kjønn som ein avgjerande faktor for valden. Krisesenterrørsla såg ikkje på partnarvald som eit kjønnsnøytralt fenomen, slik som lovverket på mange måtar gjer i dag. Dei såg det derimot som ein kjønna problematikk. Omgrep som «vald mot kvinner» vart nytta for å skildra valden dei såg, og det vart ofte etterfylgd av ei forklaring av menn som overgripingar. I tillegg uttalte ein at grunna kjønnsrollemønsteret i samfunnet, hadde menn fått vald som sitt språk.¹⁵⁰ Ein kan altså sjå at dei såg problematikken i høgste grad som kjønna, og opplevinga av valden var dimed tett knytt til det kvinnelege perspektivet, med kvinna som offer og mannen som valdsutøvar. Kanskje var det av den grunn viktig å definera trygge rom kor ein kunne leggja til rette for kvinnelege perspektiv, og der kvinner kunne samtala om sine opplevingar utan menn til stades. Her kjem spennet og det kompliserte forholdet kvinnerørsla hadde til menn, som Danielsen peiker på, til syne.¹⁵¹ Sjølv om menna som opphavelig involverte seg i krisesenterrørsla kan tolkast som allierte av kvinnekampen, og at dei truleg sjølv ikkje var valdsutøvarar, representerte dei i kraft av sitt kjønn og kjønnsrollemønster i samfunnet dei same patriarkalske maktstrukturane som brukarane av tilboda var offer for. Difor var det kanskje naudsynt for dei å definera menna ut av kva som kunne inngå i den trygge sfæren på senteret og bak telefonrøyret, slik at kvinnene ikkje vart møtte av ei mannleg røyst i telefonen, eller ein mannleg frivillig ved senterdøra.

Ettersom Camilla krisesenter i Oslo vart til etter internasjonal inspirasjon frå tribunalet i Brussel, og dei britiske krisesentera som medverka der hadde ein uttalt profil om at dei var *av og for kvinner*, er det nærliggande å tenkja at dette òg var ein premiss for krisesenterrørsla i Oslo.¹⁵² Ein kan òg sjå dette gjennom at ein i rekrutteringsannonse i Aftenposten utelukkande bad kvinner om å melda seg som frivillige i rørsla.¹⁵³ Kvinnesaka og forankringa til kvinnerørsla var tydeleg i Oslo, og av den årsak er det svært interessant at dei i oktober i 1979 søkte om å få ein sivil tenestepliktig ved senteret.¹⁵⁴ Dette fekk dei innvilga og ut over 1980-

¹⁵⁰ OBA/A70001 - Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

¹⁵¹ Danielsen, *Da det personlige ble politisk*, 10.

¹⁵² Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 64.

¹⁵³ *Aftenposten* 1977.02.01, 46.

¹⁵⁴ OBA/A70001 - Pa-L0001. Diverse skriv om sivil tenestepliktig.

talet hadde ein fleire tenestepliktige om utførte sivilteneste hjå dei. På dette tidpunktet var ikkje allmenn verneplikt for kvinner innført då det kom i 2015.¹⁵⁵ Det vil i praksis seia at alle dei som kunne verta sette til å utføre dette arbeidet var menn.

Arbeidet som ein ynskja at den tenestepliktige skulle utføra var å aktivisera barna som budde på senteret, samstundes som ein skulle ivareta eit driftsansvar for bygningen i form av reparasjonsarbeid.¹⁵⁶ På den eine sida hadde altså mennene som tenestegjorde der ein instrumentell funksjon i form av vaktmeisteroppgåver, men på den andre sida var dei faktisk ein direkte del av tilbodet som var retta mot brukarane. Her står det fram eit klårt paradoks. At krisesenterrørsla i Oslo, som ikkje tidlegare hadde hatt menn med, no inkluderte menn som arbeidskraft, samstundes som at ein i Bergen, som sidan oppstarten hadde hatt menn med i rørsla, ekskluderte menn frå ho, er påfallande. Paradokset syner seg både i den større krisesenterrørsla nasjonalt, og i Oslo lokalt.

På den eine sida synleggjer dette at det var ulik praksis mellom dei ulike delane av rørsla i landet. Det reiser ytterlegare spørsmål og ein diskusjon om i kva for ein grad ein kan seia at det i det heile var ei einskapleg rørsle på denne tida, eller om det berre var fleire liknande lokale rørsler med same mandat om samhandla med einannan. Rørsla sjølv skreiv i pressemeldinga frå Landskonferansen i 1982 at dei som hadde signert på plattforma dei vedtok der, utgjorde krisesenterrørsla. Dette kan tolkast som eit definerande punkt for starten på ei meir eller mindre einskapleg rørsle.¹⁵⁷ På den andre sida syner det eit internt paradoks for Oslo og deira ideologi. Slik eg ser det kan dette sjåast som eit døme på at rørsla sin idealisme stundom krasja med realiteten, og at innføringa av ein sivil tenestepliktig soleis syner til ei slags pragmatisme i rørsla. Sjølv om ein ynskja å laga eit senter av og for kvinner etter den britiske modellen, var ein moglegvis til ei viss grad avhengige av menn likevel for å få drifta til å gå rundt. Menna var finansiert av Administrasjonen for sivile tenestepliktige. Dimed var dei kostnadsfri arbeidskraft, då rørsla fekk ein tilsett som dei sjølv ikkje måtte finansiera gjennom driftsmidla dei fekk frå kommune og stat- Dimed kunne dei frigjera desse middela og nytta dei til andre føremål. Dette kan tyda på at ein inkluderte menn fordi det var økonomisk gunstig.

Inkluderinga av eit fåtal menn kan òg tenkast å ha vore eit bidrag til ei ynskt samfunnsending. Mennene som vart tekne inn som sivil tenestepliktig var i tenestepliktig alder, noko som vil

¹⁵⁵ «Allmenn verneplikt», Redaksjonellartikkel, Regjeringen.no (regjeringen.no, 4. november 2014), <https://www.regjeringen.no/no/tema/forsvar/innsikt/allmenn-verneplikt/id2009109/>.

¹⁵⁶ OBA/A70001 - Pa-L0001. Søknad om sivil tenestepliktig.

¹⁵⁷ BBA/A-2508 - Boks 2. «Pressemelding fra Landskonferansen for krisesentra/telefoner for midhandlede og voldtatte kvinner i Tromsø i 1982.»

tilseia at dei var relativt unge. Mennene var altså ein del av den neste og komande generasjonen av ektemenn og fedrar. Kanskje var det å taka inn nokre utvalde menn på denne måten eit vis å «oppdra» dei i tråd med rørsla sine ideal, og dimed eit bidrag til å nå sitt mål om langvarige endringar i samfunnet. I tillegg til å vera i vernepliktig alder hadde mennene ein annan fellesnemnar: av ei eller anna årsak nekta dei militærtjeneste, eller så hadde dei vorte funne ikkje tenestedyktig. Om ein ser på den historiske konteksten rundt dette, finn ein seg mot slutten av det som ein kan omtala som det idealistiske 70-talet, og ei tid kor pasifisme var i vinden nasjonalt og internasjonalt.¹⁵⁸ Dimed er det naturleg å antaka at mange av dei mennene som kom innanfor rørsla var pasifistar og soleis uttalde motstandarar av vald. At ein prinsipielt motsette seg vald, kan ha gjort at desse menna trass kjønnet sitt vart sett på som mindre truande. I tillegg til dette presiserte krisesenterrørsla spesifikt overfor Siviltjenesteadministrasjonen, kva for menn dei ynskja seg til arbeidet. I utgangspunktet ynskja ein å få inn menn som hadde erfaring med arbeid med born. Ser ein på nokre av dei menna som har utført si sivile tenesteplikt hjå Camilla Krisesenter, kan ein sjå at nokre av dei til dømes var lærarar.¹⁵⁹ I eit tradisjonelt kjønnsrollemønster er slikt arbeid i diverse omsorgsyrke knytt mot kvinnelege attributt. Ein hadde med det kanskje eit ynskje om å få inn dei menna som låg ideologisk tettast opp mot seg sjølve, samstundes som det passa med oppgåvene som dei skulle utføra på senteret.

2.1.2 Profesjonalisering

Opphavelig var arbeidet ved krisesentera og krisetelefonane utan løn.¹⁶⁰ Difor er òg ein gjentakande tematikk i dokumenta frå dei tidlege dagane, og ein av dei sentrale kampane ein arbeida med forutan om det konkrete driftstilbodet, å få på plass ei form for offentleg finansiering og lønning av tilbodet. Med offentleg finansiering ynskja ein i fyrste omgang å tilsetja nokre lønna dagvakter i tillegg til dei frivillige. Å få på plass lønna dagarbeidarar var avgjerande for å sikra eit godt tilbod. I Bergen synte det seg at dei ved somme høve var nøydde til å visa vekk kvinner som enten på eiga hand eller gjennom til dømes ei innringing gjort av politiet eller legevakt oppsøkte dei, fordi førespurnadane kom mellom vaktskifte, og at tilbodet dimed var ubemanna i tidsrommet.¹⁶¹ Slike situasjonar såg rørsla som svært uheldige, og dei syner korleis det frivillige arbeidet stundom kunne leggja avgrensingar på tilbodet, då det var

¹⁵⁸ Mats Rønning mfl., «Fredspolitik og folkelige bevegelser i nyere norsk historie», *Historisk tidsskrift* 84, nr. 2 (15. juni 2005): 325–48, <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2944-2005-02-13>.

¹⁵⁹ OBA/A70001 - Pa-L0001. «Anmodning om avgivelse av sivil tenestepliktig.»

¹⁶⁰ Stavanger er eit unntak her då det var sosialkontoret som tok initiativ til opprettinga av tilbodet, og at det soleis var ei kopling til det offentlege frå starten.

¹⁶¹ BBA/A-2508 - Boks 3. «Loggbok for Nødtelefonen i Bergen.»

avhengig at nokon kunne dekkja vakter på ugunstige tidspunkt, som til dømes kunne kollidera med dei frivillige vaktene sine dagjobbar eller andre forpliktingar.

Sjølv om ein ynskte seg offentleg finansiering, ynskte ein likevel ikkje at det offentlege skulle taka over drifta. Ein ville ha det offentlege som ein støttespelar og finansiell samarbeidspartner, men ein ville framleis ha eigarskap over drifta sjølv, både når det gjaldt verdigrunnet og korleis ein dreiv.¹⁶² Av den grunn var ein framleis avhengige av dei frivillige sjølv om ein hadde fått på plass ei form for finansiering, då den flate strukturen og forankringa til kvinnerørsla var sett på som prinsipielt viktig. Å sikra økonomiske midlar var òg viktig for å skapa eit likeverdig tilbod for kvinnene i landet, uavhengig av kvar dei budde. Krisesenterrørsla meinte at kvaliteten på tilbodet ikkje måtte avhenga av den lokale finansieringspraksisen i dei ulike kommunane, då dette kunne hindra dei ulike krisesentergruppene i å utføra arbeidet på ein god og forsvarleg måte.¹⁶³

Sjølv om rørsla var tufta på frivillige og dugnadsarbeid, står ho likevel fram som tydeleg organisert. Trass at nokre senter hadde spiss struktur,¹⁶⁴ altså eit tydeleg hierarki, var tanken om flat struktur ein generell tendens for krisesenterrørsla elles. Den flate strukturen kom etter inspirasjon frå kvinnerørsla og innebar at ein ikkje hadde ei tydeleg etablert leiing, men at alle medlemmane sine stemmer skulle vega like tungt. Konseptet med flat struktur vart diskutert mykje, særleg under dei ulike landskonferansane, men majoriteten av sentera melde at dei hadde vald dette som organisasjonsform. Hovudkritikken mot den flate strukturen var at han var lite effektiv, men han hadde samstundes fordelar. Det vart vekta at ein slik struktur var føremålstenleg ettersom ein ynskte at kvinnene ikkje skulle kjenna seg som pasientar, men som likeverdige. Dimed syner det at ein med unntak av nokre få stadar valde ein flat struktur, med ein grunnleggande tanke om egalitet mellom kvinner, trass livssituasjon.¹⁶⁵

Utanom den flate strukturen hadde ein likevel faste instansar som arbeidde med ulike delar av rørsla sine verkeområde. Til dømes hadde Nødtelefonen i Bergen sett ned ulike komitear eller arbeidsgrupper som skulle taka føre seg ulike element ved drifta. Desse hadde definerte arbeidsområde, og komiteane var PR-gruppa, vaktgruppa, seminargruppa og kontorgruppa.¹⁶⁶ Kontorgruppa var ansvarlege for den administrative drifta. Det var naudsynt for Nødtelefonen å få økonomisk støtte for å kunna driva verksemda, og det var kontorgruppa sitt ansvar å senda

¹⁶² BBA/A-2508 - Boks 3. «Vedtak angående krisesenterenes/telefonenes økonomi.»

¹⁶³ BBA/A-2508 - Boks 2. Vedtak angående Krisesentera/krisetelefonane sin økonomi.

¹⁶⁴ Dette gjaldt mellom anna Bergen i starten og krisesentera i Trøndelag.

¹⁶⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat fra Landskonferansen i Tromsø i 1982», 8-24.

¹⁶⁶ BBA/A-2508 - Boks 1. «Oppgaver for arbeidsgruppene. Oktober 1979.»

søknadar om dette og fylgja opp den økonomiske sida ved drifta. Teieplikt var òg svært viktig i arbeidet, og kontorgruppa var ansvarlege for å senda ut erklæringar om teieplikt til nye telefonvakter.¹⁶⁷ Vaktgruppa hadde derimot ansvaret for sjølve organiseringa av vaktarbeidet. Det var dei som laga vaktlistene, samstundes som det var dei som hadde hovudansvar for å rekruttera nye vakter. Dei hadde òg ansvaret for å fylgja opp på kommentarar og innspel som vaktene hadde kome med i ei intern notatbok.¹⁶⁸ PR-gruppa hadde ansvaret for marknadsføringa ut mot samfunnet. Dei skulle ha kontakt med og informera mellom anna husmorforeningar, skular og andre organisasjonar.¹⁶⁹ Dei hadde òg ansvaret for avisinnlegg og reportasjar som vart gjort om Nødtelefonen. Vidare fungerte dei som eit kontaktledd med dei andre krisetelefonane og sentera i landet. Seminargruppa hadde hovudansvaret for å arrangera opplæringsseminar og temakvelder for telefonvaktene. Dei var òg ansvarlege for å samla relevant litteratur som telefonvaktene skulle få ha tilgang til i krisetelefonen sine lokal.¹⁷⁰ Ei slik organisering av arbeidet kor ulike grupper spesialiserte seg på forskjellige område, gjer at arbeidet etter mi meining stod fram som meir profesjonelt utåt, og verkar å ha spelt positivt inn på effektiviteten til rørsla.

2.2 Opplæring

Ettersom dei som arbeidde ved krisetelefonen eller krisesentera ikkje var fagarbeidarar eller helsepersonell, men frivillige personar med ulik yrkesbakgrunn, var opplæringa av vaktene ein viktig føresetnad for god og lik drift uavhengig av kven som jobba den aktuelle vakta. Mykje av opplæringa og innhaldet i det er veldokumentert i arkivet frå Bergen, men eg har ikkje funne tilsvarande frå Oslo. Opplæringa var obligatorisk for alle som meldte seg frivillig til å taka vakter og føregjekk som seminar kor dei komande vaktene måtte vera delaktige. For å sjå korleis dette gjekk føre seg, vil eg nytta eit seminar frå Bergen i 1979 som eit gjennomgåande døme i dette delkappitelet for å få eit bilete av kva ein fokuserte på. Ved å sjå på opplæringa dei fekk, kan ein òg seia noko om kva ein vekta som viktig i møte med kvinnene.¹⁷¹

Seminara kan seiast å vera ein måte å kvalitetssikre arbeidet som ein utførte, og at ein sikra at alle vaktene var kvalifiserte og rusta til å takla førespurnadane dei fekk på ein god og profesjonell måte, trass i at dei ikkje var fagfolk. Ein kan òg sjå at det var utveksling av seminarmaterial mellom sentera. Bergen hjelpte mellom anna sosialkontoret i Stavanger då dei

¹⁶⁷ BBA/A-2508 - Boks 1. «Årsrapport for kontorgruppa 1979.»

¹⁶⁸ BBA/A-2508 - Boks 1. «Årsrapport for vaktgruppa 1979.»

¹⁶⁹ BBA/A-2508 - Boks 1. «Årsrapport for PR-gruppa 1979.»

¹⁷⁰ BBA/A-2508 - Boks 1. «Årsrapport frå seminargruppa 1979.»

¹⁷¹ BBA/A-2508 - Boks 2. Seminar for telefonvakter 1979.

oppretta eit krisetelefon-tilbod der med å medverka i seminarane deira og dela erfaringar frå sitt eige tilbod.¹⁷²

Seminarane var sette saman av ulike element, kor ein både hadde teoretisk og praktisk arbeid. Den teoretiske opplæringa bestod av ulike føredrag frå eksterne fagpersonar frå forskjellige instansar. Ein hadde mellom anna føredrag frå tilsette i politiet, psykologar og psykiatrar, sjukehusprestar og liknande.¹⁷³ Føredraga tematiserte ulike element knytt til vald og overgrep. I etterkant av seminaret hadde seminargruppa utarbeidd eit evalueringsskjema på åtte spørsmål som deltakarane fekk utlevert.¹⁷⁴ Her kunne deltakarane svara på kva dei likte og ikkje likte med kurset, kor nøgde dei var, korleis dei opplevde det og kva dei ynskja meir av eller sakna på det. Ein gjennomgangstone for svarea var at ein generelt sett var nøgde med føredraga på seminaret og at dei melde om at dei fekk god teoretisk innsikt i viktige tematikkar for arbeidet som dei skulle utføra.

Noko som verka å vera svært sentralt i opplæringsarbeidet var dei praktiske oppgåvene. I opplæringsmaterialet vart det vektlagd både gruppearbeid og gruppediskusjonar. Seminardeltakarane skulle mellom anna løysa ulike casar. Trass i at det ikkje er arkivert nokre detaljerte loggar over telefonsamtalane ein hadde med brukarane, kan ei moglegvis dersom ein ser nærmare på casane få eit innblikk i kva for ein type samtalar ein tok i mot frå innringjarane til krisetelefonen. Ettersom casane vart utarbeidd for klargjera vaktene og trena dei i korleis dei skulle handsama ulike situasjonar og brukarar som dei kunne koma i kontakt med, er det nærliggande å tenkja at casane i stor grad var baserte på reelle, eller realitetsnære situasjonar.

I ein av casane som deltakarane fekk utdelt vart det fortald om 25 år gamle Eli Hansen. I casen hadde Eli ringt inn til krisetelefonen for å få hjelp etter at ho hadde treft ein mann på diskotek kvelden før og vart med han heim. I heimen hans vart Eli utsett for eit overgrep før ho gjekk heim til seg sjølv. Når ho kom heim fekk ho ein sterk kjenslemessig reaksjon og ringde inn til krisetelefonen og fortalde om det som hadde skjedd.¹⁷⁵ Etter å ha lese om Eli, vart deltakarane på seminaret vart bedne å svara på nokre spørsmål der dei skulle drøfta situasjonen hennar. I tillegg til casane var rollespel òg ein sentral opplæringsmetode. I likskap med casane hadde ein utarbeidd tilhøyrande spørsmål som seminardeltakarane diskuterte etter at dei hadde spelt ut ulike scenario. I slikt arbeid fekk dei trena konkret på situasjonar som kunne oppstå, samstundes

¹⁷² BBA/A-2508 - Boks 2. Seminarsskriv frå Stavanger.

¹⁷³ BBA/A-2508 - Boks 2. Seminar for telefonvakter 1979.

¹⁷⁴ BBA/A-2508 - Boks 2. Evalueringsskjema frå seminar.

¹⁷⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. Case frå opplæringsmaterial.

som en fekk reflektert rundt eigen praksis. Casane og rollespela var, slik eg ser det, komplekse. Funksjonen deira verkar ikkje berre å ha vore for å trene på samtaleteknikk eller å øva inn noko ein kunne seia til innringjaren. Dei verkar å vera ein måte for telefonvaktene å setja seg inn i innringjaren sin situasjon og oppnå ei forståing for henne. Atter ein gong kan ein sjå systerskapstanken i praksis ved at ein skulle identifisera seg og sympatisera med innringjaren.

Ut frå casen og rollespela, syner det seg to dimensjonar ved opplæringa og soleis to funksjonar som vaktene måtte taka omsyn til i arbeidet sitt. For det fyrste stilte ein krav til emosjonell kompetanse hjå telefonvaktene. Vaktene vart konkret bedne om å setja seg inn i kva til dømes Eli kjente, kvifor ho ringte og kva ho ynskte seg av hjelp.¹⁷⁶ På den andre sida kan ein sjå at ein òg stilte krav til formell kompetanse i form av fagleg kunnskap til korleis ein skulle handsama ulike situasjonar på best mogleg vis. Dette kjem til uttrykk ved spørsmål i opplæringsmaterialet som rørte direkte med kva for konkret hjelp ein kunne tilby innringjaren. Her vart deltakarane bedne om å drøfta kva for vesentleg informasjon som var naudsynt å få kartlagd frå Eli, samstundes som dei måtte reflektera over korleis dei kunne rettleia ho og kva for andre instansar dei kunne koplå på for å betra situasjonen hennar.¹⁷⁷

I tillegg til seminara arrangerte ein òg temakveldar. Desse tok føre seg ulike tematikkar som til dømes rettar ved separasjon, barnemishandling og valdtekt. Temakveldane tok opp andre ting eller utdjupa det ein gjorde på seminaret, og vart haldne for å gje vaktene fagleg påfyll. I Oslo hadde ein òg ein eigen perm med utdjupande fagleg lesestoff.¹⁷⁸ Mange av tematikkane låg på sett og vis utanfor vaktene sitt ansvarsområde og krisetelefonen og krisesentera sitt fokus. Likevel fekk ein tidvis førespurnadar som ikkje dreidde seg om vald mot kvinner, og det var naudsynt å kunna svara på desse på ein god måte. Difor var det mange informasjonsartiklar som tok føre seg til dømes ulike juridiske spørsmål, saksgangen i melding til politiet, saksgang for rettsprosedyrar, rettar for skilde og liknande, som vaktene kunne lesa eller støtta seg på dersom ein skulle få spørsmål om dette.¹⁷⁹ Dette syner til ytterlegare krav til formell kompetanse då ein som vakt måtte ha mykje fagleg kunnskap om til dømes juridiske aspekt ved ulike brotsverk som dei fekk kjennskap til.

¹⁷⁶ BBA/A-2508 - Boks 2. Case frå opplæringsmaterial.

¹⁷⁷ BBA/A-2508 - Boks 2. Case frå opplæringsmaterial.

¹⁷⁸ OBA/A70001- Dc- L0005. «Gråpermen».

¹⁷⁹ OBA/A70001- Dc- L0005. «Gråpermen».

2.3 Føremålet med, og tilbudet ved krisesentera og krisetelefonane

Når ein har identifisert kven aktørane, kva for mål dei hadde sett seg og korleis dei vart opplærte for å møte dette målet, er det naudsynt å undersøka arbeidsformene til rørsla, og soleis kva for eit tilbud dei kunne tilby kvinnene som oppsøkte hjelp. Ein føresetnad for å forstå arbeidsmetodane og tilbudet er å sjå på korleis rørsla sjølv såg på mandatet sitt og korleis dei sjølv definerte sitt samfunnsoppdrag. Som med mange andre sosiale rørsler hadde krisesenterrørsla eit underliggende mål om å endra samfunnet slik at dei vart overflødige. Krisetelefon- og krisesentertilbudet vart sett på som ei defensiv løysing, og ein håpte på at det kom ein dag kor det ikkje lenger var naudsynt å fortsetta drifta.¹⁸⁰ Kvinnene uttrykte mellom anna at «vårt endelige mål er et samfunn hvor krisesenteras tilbud er unødvendige.»¹⁸¹ På trass av at ein sjølv drøymde om eit samfunn utan behov for seg sjølv, anerkjende ein samstundes at det på eit noverande tidspunkt likevel eksisterte eit behov for dei. Rørsla hadde òg eit medvite forhold til, og klare tankar om framtida, då dei anerkjende at vald mot kvinner ikkje kom til å ta slutt i denne generasjonen, og ikkje i den neste heller.¹⁸² Difor var det òg viktig å orientera samfunnet om forholda dei avdekkka. Med desse sidene belyst kjem det fram at rørsla sitt hovudmål med arbeidet er sett saman av to element. For det fyrste skulle ein avdekkka alle typar vald mot kvinner som eksisterte i samfunnet. For det andre skulle dei avskaffa denne valden gjennom konkret arbeid med dei som vart utsette for han og gjennom samfunnsopplysing.¹⁸³ Desse elementa gjennomsyrrar det utøvde arbeidet og påverka tilboda ein hadde.

Rørsla meinte at det reelt sett fanst tre handlingsalternativ for valdsutsette kvinner. 1) kontakte det offentlege hjelpeapparatet, 2) nytta seg av det sosiale nettverket sitt, og 3) forsøka å skjula problemet for omverd til det vart heilt uuthaldeleg.¹⁸⁴ Dei meinte at tilfellet for ofte var at handlingsalternativ tre vart det som vart nytta, då mange venta lenge med å nytta seg av det offentlege tilbudet, og då dei private relasjonane ofte òg var knytt til valdsutøvaren. Difor forsøkte rørsla å etablere eit tilbud som var lett å kontakta og ein ynskja å fjerna barrierar som gjorde det vanskeleg for kvinner å taka kontakt. Ein betrakta seg sjølv som ein spesialinstans for valdsutsette kvinner som var opne på tidpunkt kor dei andre tilboda var stengt, let kvinna sjølv bestemme kva for eit tilbud ho hadde behov for, og ikkje mistenkeleggjorde kvinner sine

¹⁸⁰ OBA/A70001- Ua- L0001. «Krisesenterfilm.»

¹⁸¹ Valvo, *Du skal ikke slå-*, 8.

¹⁸² BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 7.

¹⁸³ Valvo, *Du skal ikke slå-*, 8.

¹⁸⁴ BBA/A-2508 – Boks 1. «Søknad om vidare drift av Nødtelefonen for mishandla og voldtatte kvinner i Bergen.»

forklaringar om situasjonen deira og stilte heller ikkje noko form for etterprøving.¹⁸⁵ Her kan ein altså sjå at krisesenterrørsla skapa eit anna tilbod enn det offentlege. I det offentlege var det fleire instansar som kunne hjelpa kvinner som vart utsette for vald, som til dømes psykiatri og sosialkontor, men ingen av desse hadde spesialisert seg på feltet. Særleg sosialkontora, som hadde ansvar for busetting, hadde faste opningstider og stengte gjerne på kveldstid når valden ofte skjedde. Med det kunne krisesenterrørsla tilby akutt husly på kveld- og nattetid som sosialkontoret ikkje kunne. I tillegg kunne dei trygga kvinna med å ikkje måtte grave i hennar situasjon, slik som ein til dømes hadde måtta dersom ein oppsøkte politiet for hjelp, og ein kunne då hjelpa henne på hennar premisar.

Vidare kan ein seia at ei av dei viktigaste oppgåvene rørsla sjølv melde at dei hadde var å vera ein «formidlende instans til kvinner i nød».¹⁸⁶ Altså skulle ein vera eit slags mellomledd mellom kvinna og andre hjelpeapparat, gjennom å fasilitera for kontakt med andre relevante instansar som kunne gi kvinna hjelp på lengre sikt. Krisesenter- og krisetelefon-tilbodet var etter alt å dømme, tenkt som eit mellombels hjelpetilbod, og ikkje som langvarig hjelp. Det er òg tydeleg at rørsla sjølv betrakta tilbodet sitt som både noko anna enn dei offentlege tilboda, samstundes som det òg skilde seg frå den hjelpa kvinner kunne få i sine private sfærar. «Nødtelefonen kan betraktes som en forlengelse av det private nettverk, eller som en mellomstasjon mellom det private nettverk og det formelle hjelpeapparat.»¹⁸⁷ Med dette kan ein lesa at ein sjølv meinte at ein opererte i ein marknad som ikkje var opptrodd enno og at ein tilbydde eit nytt tilbod.

2.3.1 Krisesenterarbeidet i praksis

Det var tydelege retningslinjer for korleis dei frivillige skulle handsama sensitiv informasjon som dei fekk hjå brukarane. Til dømes skulle ein aldri skriva ned noko som kunne føra til at brukarane kunne verta identifiserte.¹⁸⁸ På grunnlag av at ein var svært varsame med å skriva ned sensitiv informasjon, og grunna teieplikta telefonvaktene hadde forplikta seg til, finst det ikkje arkivert konkrete og detaljerte loggar som kan visa korleis ein typisk interaksjon mellom innringar eller bebuar på senter, og vaktene såg ut. Likevel hadde ein av dokumentasjon- og kartleggingsårsaker registreringskort kor ein grovt skisserte opp informasjon om innhaldet i samtalanen.¹⁸⁹ I materialet frå Bergen var det bevart eitt slikt utfylt registreringskort frå våren 1979, og i frå Oslo er det òg eit slikt utfylt skjema. Desse kan nyttast til å seia noko om korleis

¹⁸⁵ BBA/A-2508 - Boks 1. «Søknad om videre drift av Nødtelefonen for mishandla og voldtatte kvinner i Bergen.»

¹⁸⁶ BBA/A-2508 - Boks 2. Brev om oppretting av Nødtelefonen.

¹⁸⁷ BBA/A-2508 – Boks 1. Brev til ukjend mottakar.

¹⁸⁸ BBA/A-2508 - Boks 1. Registreringskort.

¹⁸⁹ BBA/A-2508 - Boks 1. Registreringskort.

ein kan ha handsama situasjonane ein kom i, og kva hjelp ein har tilbydd. I tillegg til dette er det både i Bergen og Oslo arkivert loggbøker kor vaktene kunne skriva ned kommentarar til forbetring av drifta, eller om det var spesielle situasjonar som burde følgast opp.¹⁹⁰ Desse to kjeldene, saman med opplæringsmaterialet, vert soleis nytta for å danna eit bilete av korleis tilboda kan ha sett ut.

I registreringskorta vart ein del sentral informasjon om samtalen skrive ned. Ein dokumenterte kva for kjønn og alder kvinna hadde, men ikkje til dømes namn. Vidare undersøkte telefonvaktene kva for type vald kvinna vart utsett for, anten det var fysisk eller psykisk vald. I dei høva kor kvinna hadde barn, undersøkte ein òg om det kunne vera snakk om barnemishandling. Ein kartla ytterlegare den psykiske helsa ved å sjekka om ho hadde depresjon og/eller sjølv mordstankar. Om valdsutøvar hadde rusproblematikk vart òg undersøkt. Ein gjorde òg undersøkingar om innringaren hadde vore i kontakt med andre hjelpeinstansar før ein kontakta krisetelefonen, for så å visa vidare til andre eventuelle føremålstenlege institusjonar. I dei høva kor overnatting i krisetelefonen eller krisesentera sine lokale var naudsynt, registrerte ein dette, i tillegg til tal på personar som skulle overnatta. Ut frå registreringskorta kan ein sjå at det var noko informasjon som var avgjerande å innhenta for kunna tilby god og riktig hjelp. På mange måtar kan dette samanliknast med når ein ringer inn til akutt nødmedisinsk telefon og dei hentar inn informasjon om symptom og skade for å kunna stilla rett diagnose og gi rett behandling.

Likevel hadde slike samtalar og tilboda svakheiter. På Landskonferansen i Tromsø i 1982 forklarte ein representant frå Nødtelefonen i Bergen kva for tilbod dei hadde, og ytra at det var «utilfredstillende å ikke å ha et bedre tilbud.»¹⁹¹ Her refererte representanten til at ein i Bergen på dette tidspunktet berre hadde eit krisetelefontilbod, og at det dei i stor grad kunne tilby av hjelp, var samtalar. Dette syner at det truleg har vore ei utfordring å driva eit slik tilbod over telefon og at ein ikkje har vore tilfreds ved dette, og at tilbodet slik det vart drifta i Oslo vart sett på som betre. Det er klårt at telefonen som verktøy, som gir kontakt mellom partar som ikkje er nær kvarandre fysisk, opna for at kvinner som fann det vanskeleg å oppsøka hjelp fysisk, kunne få hjelp likevel. Samstundes medførte ei slik ordning at ein fekk eit avgrensa handlingsrom for å yta konkret hjelp, då det kunne vera vanskeleg over telefon, og at ein ikkje hadde nokon form for uttrykkingsteneste. Likevel kunne vaktene, både på telefonen og på sentera tilby det ein kan omtala som emosjonell fyrstehjelp ved å lytta til kvinna og tilby

¹⁹⁰ BBA/A-2508 - Boks 3. Grøn kommentarbok.

¹⁹¹ OBA/A70001 - Ac-L0001. Referat frå landskonferansen i Oslo i 1980.

emosjonell intimitet i form av forståing og trøyst. På eit vis kan ein seia at den konkrete hjelpa som ein tilbydde kvinnene gjennom krisetelefonen fungerte som symptomlindrande, og ikkje behandlande. Soleis kan ein òg seia at sjølv om det konkrete arbeidet er det mest tydelege og handfaste, var det berre ein liten del av eit mykje større prosjekt, nemleg å stogga all vald mot kvinner, og at behandlinga av problemet føregjekk på eit strukturelt nivå.

2.3.2 Strukturelle endringar gjennom individuell hjelp

Slik eg ser det kan ein grovt sett dela rørsla sitt mandat inn i to hovudkategoriar: individuell hjelp og strukturelle endingar. Kategoriane er på mange måtar motstridande, men heng samstundes saman og fyller kvarandre ut. Dette gjer det tydeleg at det fanst ein dualitet i arbeidet og at krisesenterrørsla spelte ei dobbel rolle. Den individuelle hjelpa er godt synleg, då dette er representert gjennom hjelpetilbodet, som riktig nok var det primære arbeidet. Rørsla skulle som nemnd fungera som ei støtte til kvinna og tilby ho den hjelpa ho trong i si unike sak, anten gjennom rådgiving via telefon, eller gjennom husly på eit senter. På den måten kan ein ved fyrste augnekast tenka at rørsla primært arbeidde på individnivå.

Etter mi meinig er det likevel eit klårt strukturelt fokus til stades i arbeidet som vart gjort i kvar ei einskildsak, sjølv om ho kan verka å vera individuell. Eg vil argumentera for at bak tiltaka som vart sette i verk for kvar brukar, ligg det eit underliggende arbeid med strukturelle problem. Krisesenterrørsla tok føre seg saka til den aktuelle kvinna som ringte inn, og arbeidde for at ho skulle få hjelp i si unike sak. Her arbeidde ein altså på individnivå. Men det er viktig å merka seg at sjølv om saka var unik, hadde ho likevel fellestrekk med andre saker og ho var eit resultat av maktstrukturar som var oppretthaldne i samfunnet og som spelte inn i sakene til andre kvinner. Slike faktorar kunne til dømes vera at kvinner var økonomiske avhengig av mannen, at menn innehadde dei fleste maktposisjonar og tabuet kring valden i samfunnet.¹⁹² Altså var det fellesnemnarar mellom sakene som måtte takast tak i, og som peikte på strukturelle og ikkje individuelle problem i samfunnet.

Eit interessant aspekt bak dette var at ein ikkje berre meinte at det var kvinnene som vart utsette for desse strukturane på negativt vis, men ein peikte òg på at menn i høgste grad vart påverka av dei. Til dømes meinte ein at menn hadde fått vald som språk grunna kjønsskilja i samfunnet, og soleis kunne ein argumentera for at menna som utøvde fysisk og psykisk vald i einskildsakene, ikkje berre gjorde det grunna deira eigne individuelle behov, men utførte desse

¹⁹² BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat fra Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 57-61.

handlingane som eit resultat av langvarig kvinneundertrykking og samfunnsmessige normer.¹⁹³ Gjennom den individuelle hjelpa, kunne ein altså arbeida med å avdekka kva for strukturelle forhold og årsaker som låg til grunn for kvinnemishandling og overgrep. Når dei strukturelle årsakene var avdekka, kunne ein òg arbeida for systematisk samfunnsendring, gjennom politiske innspel, fråsegner og haldningskampanjar. Denne arbeidsforma der ein balanserte mellom fokus på individ og struktur, var ikkje utelukkande noko ein kunne sjå i ein norsk kontekst, men noko ein òg finn utføre dei norske landegrensene og i andre rørsler. Til dømes er dette spennet eit av dei sentrale elementa Emily Twarog tek opp når ho skildrar drifta til den amerikanske rørsla *9 to 5*, og deira arbeid mot seksuell trakassering på arbeidsplassen.¹⁹⁴

Eg vil òg argumentera for at summen av einskildsaker og individ som rørsla fekk hjelpt, utgjorde ein større eining og spelar òg inn i det strukturelle arbeidet. Ved å arbeida på individnivå med mange ulike kvinner, i ulike situasjonar, akkumulerte rørsla eit empirisk grunnlag for å seia noko om den generelle valden mot kvinner som dei såg i samfunnet, til dømes korleis han såg ut, kven som vart utsette, kor mange som søkte hjelp og liknande. På den måten kan ein seia at summen av alle einskildsakene danna eit grunnlag for å kartlegga og identifisera større samfunnsmessige og strukturelle problem. I tillegg til dette var òg hjelpa ein kunne tilby på individnivå, bidragsytande til endring på eit strukturelt plan. For kvar kvinne ein kunne hjelpa ut av kvinnemishandlinga ho vart utsett for, var det ei kvinne mindre som vart utsett for fenomenet, og kvar kvinne ein kunne få ut av ein slik situasjon, ville spela positivt inn på endringane på eit større nivå. Altså kunne ein redusera den overordna mengda av saker ved å hjelpe ei og ei kvinne til å koma seg ut av valden og til å stå på egne bein.

Den same tankegangen kan overførast til å analysera den norske krisesenterrørsla si rolle i den internasjonale samanhengen. Her meiner eg at ein kan utvida individforståinga til å gjelda kvinnene i eit kvart land. Kampen som vart ført på nasjonalt plan i Noreg mot vald mot kvinner, var ein del av eit større verdsomspennande prosjekt for å frigjera kvinner. Difor vil eg argumentera at den norske krisesenterrørsla gjennom arbeidet som vart gjort for å betra situasjonen for norske kvinner, likefullt bidrog i strukturelle og internasjonale endringar då ein bidrog til å redusera problemet på verdsbasis. I tillegg kan ein seia at sjølv om dei norske kvinnene ikkje nødvendigvis arbeida aktivt for frigjeringa som fann stad i andre land, kan det

¹⁹³ OBA/A70001- Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

¹⁹⁴ Twarog, «Before #MeToo».

argumenterast for at ein likevel gjorde det indirekte då frigjering av nokre kvinner, ville gjera at færre kvinner på verdsplan vart utsette for problemet.

*

Dette kapittelet har undersøkt korleis sjølv arbeidet med krisesentera og krisetelefonane såg ut. Kapittelet har argumentert for at drifta opphaveleg var tufta frivilligheit og ikkje-profesjonelt arbeid, kor frivillige (i hovudsak) kvinner arbeida utan løn. Seinare vart dette utvida og endra, men frivilligheita var i lang tid avgjerande for tilbodet. Kapittelet har òg belyst korleis medlemsmassen opphaveleg såg annleis ut enn kva han enda opp med å gjera på sikt, grunna vedtektsrevisjonar som dreidde seg om kven som kunne, og ikkje kunne takast opp som medlemmar. Rørsla gjekk frå å inkludera menn, til å skapa eit «women only-space», der premissen var at det skulle vera kvinner som hjelpte andre kvinner. Likevel har kapittelet synt til eit paradoks i rørsla, ettersom ein i Oslo likevel inkluderte menn gjennom ordninga med sivile tenestepfiktige. Kapittelet har òg argumentert for at krisesenterrørsla sin marknadsføring i media både var for å synleggjera tilbodet, samstundes som det vart gjort for å rekruttera nye frivillige. Det vart òg belyst at ein del av rekrutteringa av nye frivillige vart gjort bland kvinner som sjølv hadde vore brukar av krisesentertilbodet. Felles for kvinnene som vart engasjerte både gjennom media og gjennom tidlegare erfaringar, var at dei ynskja å hjelpa andre kvinner. Eit gjennomgåande argument for kapittelet er dimed krisesenterrørsla sin grunnleggande tanke om systemsolidaritet, og det vart synt at rørsla bygga på egalitet mellom kvinner, anten ein var valdsutsett eller ikkje. Kapittelet har òg utforska opplæringa av dei frivillige og korleis arbeidet vart utført i praksis. Kapittelet har synt at det var noko ulik praksis i Bergen og Oslo grunna ulik tilgang på ressursar. Sjølv om arbeidet var ikkje-profesjonelt, bar det likevel preg av profesjonalitet gjennom systematisk arbeidsfordeling og brei fagleg opplæring av dei frivillige. Gjennom å sjå på både opplæringa og registrerte interaksjonar med brukarar, har kapittelet synt at vaktene vart lærte opp til å fylla to funksjonar: på den eine sida skulle dei fokusera på praktisk rettleiing av kvinnene, medan dei på den andre sida skulle vera ei emosjonell støtte for dei. Dimed har det vorte argumentert for at rørsla dreiv med både rådgiving og akutt emosjonell fyrstehjelp, og at arbeidet både fungerte på eit individuelt og strukturelt nivå.

Kapittel 3 – Visjonar om samfunnsendring og politiske mål

I dette kapittelet skal eg undersøka korleis krisesenterrørsla arbeidde aktivt for sosial og politisk endring gjennom arbeidet sitt. Det er vanskeleg å konkret måla kva for direkte konsekvensar arbeidet til krisesenterrørsla har hatt for samfunnsendring når det kjem til syn på vald, då det sjølvstøtt og har vore andre bidragsytarar til dette enn berre krisesenterrørsla. Likevel kan ein seia at det med stor sannsyn har hatt ein viktig innverknad. Trass dette, er det likevel svært interessant å undersøka rørsla sitt eige perspektiv på sitt eige engasjement og korleis dei sjølv meinte at dei bidrog til samfunnsendring og politiske gjennomslag. I dette kapittelet skal eg difor sjå nærmare på korleis krisesenterrørsla arbeidde for endringar på særleg to plan: lovendring og samfunnsendring. Ettersom noko av det som gjennomsyrrer begge desse plana er rørsla si politiske forankring, vil det politiske aspektet ved rørsla si organisering og verksemd verta utforska nærmare i dette kapittelet. Difor undersøker kapittelet korleis ulike forklaringsmodellar på kvifor kvinner vart utsette for vald skapte intern konflikt i rørsla, og argumenterer for korleis dei gjennom å skapa ein tydelegare feministisk profil betra desse forholda. Avslutningsvis undersøker kapittelet ulike lovforslag som rørsla bidrog til både internasjonalt og nasjonalt, og argumenterer særleg for at rørsla har vore tidlege initiativtakarar for fleire initiativ som det offentlege seinare har overteke.

3.1 Politisk forankring, feministisk ideologi og politiske mål

3.1.1 Feministisk profil

Vald mot kvinner vart sett på både den nasjonale og internasjonale dagsordenen på 1970-talet. Nokre årsaker til dette var mellom anna FN si satsing på kvinnespørsmål gjennom kvinneåret- og tiåret, større kvinnesaksorienterte konferansar slik som til dømes tribunalet i Brussel, og den andre feministbylgja sitt fokus på forhold i det private. Med den auka merksemda var det fleire aktørar som melde seg på i kampen mot det som no i større grad vart sett på som eit samfunnsproblem. Aktørar som til dømes Blåkors, ein organisasjon som arbeidde for rusfridom i samfunnet, vart òg opptekne av dette spørsmålet, og oppretta eit eige krisesenter for mishandla kvinner og born i Fredrikstad.¹⁹⁵ Dimed var det eit større mangfald i kampen mot kjønnsbasert vald enn berre det som kvinnene i krisesenterrørsla representerte.

¹⁹⁵ *Krisesenter for mor og barn åpnes, Fredrikstad Blad*, 278. utg., Fredriksstad Blad (Norge;Østfold;Fredrikstad, 1979).

Innåt i dette mangfaldet av aktørar kan ein sjå at det både var eit spenn i meiningar, og ei tydeleg usemje mellom dei. Usemja dreidde seg i hovudsak om to spørsmål: kva for vald som eksisterte i samfunnet, og korleis ein skulle forklara han. Det fyrste spørsmålet omhandla i kva for ein grad aktørane såg på vald mot kvinner som eit eige fenomen som kravde særleine tiltak, eller om ein såg på det som ein underordna del av ein større valdsproblematikk. Krisesenterrørsla vekta at vald mot kvinner var nettopp noko særlege som kravde ei via merksemd, medan andre meinte at ein burde ha eit breiare fokus på nedkjemping av vald som eit generelt samfunnsproblem.¹⁹⁶ Det er klart at dersom ein såg vald mot kvinner som ein del av eit større problem, ville ein arbeida fyrst og fremst med det ein betrakta som hovudproblemet, og dermed ikkje nødvendigvis spesifikt med den kjønnsbaserte valden. På den måten kan ein seia at eit slikt ulikt utgangspunkt for synet på vald, ville medføra at aktørane fekk ulike fokusområde, og soleis òg ulik arbeidsmetode for å bli bukt med problemet. Det andre spørsmålet som usemja dreidde seg om handla om kva for ein forklaringsmodell dei ulike aktørane nytta for å forklara den valden som ein meinte måtte handsamast. På landskonferansen i Tromsø i 1982 vart desse ulike persepsjonane og forståingane av vald adressert. Ei kvinne frå Nødtelefonen i Bergen summerte opp hovudessensen i spenningane mellom aktørane då ho sa: «Vi er jo alle enig i at kvinnemishandling ikke kan aksepteres – uenigheten kommer frem når vi skal forklare hvorfor dette skjer.»¹⁹⁷ Dimed oppstod det eit ytterlegare sprik mellom om ein skulle forklara valden som eit resultat av dei patriarkalske strukturane i samfunnet som hadde gjort kvinna ufri, eller om ein skulle forklara valden på anna vis, til dømes som eit resultat av rusbruk.

Som nemnd ynskte òg andre aktørar å bidra i kampen mot valden, til dømes gjennom å sjølv oppretta eller bidra til andre eksisterande krisesentertilbod. Fleire av desse hadde dimed andre forklaringsmodellar på vald mot kvinner enn den feministiske analysen av samfunnet. I same prosess som då Nødtelefonen i Bergen definerte menn ut av rørsla, vart det òg reist ein diskusjon om det dei kalla for «veldigheitsspørsmålet». Dette meiner eg kan lyftast til eit høgare nivå enn berre lokalt i Bergen, og etter mi meining kan dette omgrepet nyttast for å forklara tendensar ein kan sjå òg i andre delar av landet. Ein stad eg meiner at dette har direkte overføringsverdi er for å forklare kvifor til dømes Blåkors var initiativtakar til krisesenteret i Fredrikstad.¹⁹⁸

«Veldigheitsspørsmålet» i Bergen dreia seg om i kva for grad ein skulle akseptera andre føremål enn kvinnesak som motivasjonen bak arbeidet rørsla utførte. Det synte seg tydeleg at

¹⁹⁶ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat fra Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 28-29b.

¹⁹⁷ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat fra Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 26.

¹⁹⁸ *Krisesenter for mor og barn åpnes.*

det i Bergen var fleire medlemmar som opphavelig engasjerte seg på grunnlag av andre saker enn rein kvinnesak. Engasjementet kunne mellom anna botne i til dømes eit rus- og fråhaldsperspektiv, eller kunne koma som eit velgjerdsinitiativ. Ein stad kor ein tydeleg kunne sjå at rusperspektivet hadde fotfeste var i Fredrikstad, representert med Blåkors. Andre forklaringar som eksisterte var av ein meir religiøs karakter. Bispemøtet hadde òg engasjert seg i spørsmålet. Dei peikte mellom anna på mangel på moral, generell normoppløysing og at ein som samfunn ikkje lenger hadde respekt for ekteskapet, som faktorar som kunne forklara kvinnemishandlinga.¹⁹⁹ Ut frå dette kan ein sjå at «veldedighetsspørsmålet» eigentleg botna i at det var eit spenn mellom kva for eit overordna nivå ein opererte på, altså om ein såg på problemet på individ eller strukturnivå. Slik eg ser det kan ein identifisera to forklaringsmodellar: den individorienterte og den strukturelle forklaringsmodellen. Den individorienterte forklaringsmodellen er i denne samanhengen representert ved aktørar som Blåkors og bispemøtet, som vekta individuelle føresetnadar som alkoholproblematikk og manglande respekt for ekteskap. Dei strukturelle er representert ved krisesenterrørsla, som såg etter forklaringar på eit strukturelt plan, gjennom den feministiske analysen av samfunnet som patriarkalsk undertrykkande.²⁰⁰

I Bergen ser ein korleis desse motstridande forklaringsmodellane førte til polarisering internt i krisesenterrørsla.²⁰¹ Som ein har sett i kapittel 2 var Bergen i stor grad prega av intern konflikt og splitting i oppstartsåra. I kjølvatnet av konflikten vart det gjort greie for innhaldet i han og korleis han vart løyst. I tillegg til at menn sin posisjon i rørsle og om dei skulle få deltaka i ho eller ikkje skapte splitting, var kjernen i konflikten å avgjera kva for ei ideologisk forankring Nødtelefonen skulle ha, og soleis òg om kva for identitet ein skulle skapa for seg sjølv som ei rørsle. Spørsmålet var dimed om ein skulle ha ein feministisk profil, eller skulle ein fortsetta i velgjerdstanken. Denne interne splittinga kan moglegvis vera ei av årsakene til at ein i Bergen ikkje omtala seg sjølv som «krisesenter» før i 1983, og soleis kvifor dei brukte meir tid enn Oslo på å få etablert eit meir fullverdig tilbod enn berre krisetelefon. I Oslo var det ein mykje tydelegare feministisk identitet som låg til grunn frå starten av. Den feministiske identiteten kan truleg forklarast gjennom Oslo si deltaking i transnasjonalt samarbeid. Oslo hadde eit svært tett band mot den internasjonale kvinnerørsle allereie før opprettinga av Camilla, og desse banda var bidragsytande til opprettinga av tilboda i det heile. Dette kan ein seia på grunnlag av at insentivet for opprettinga krisetelefonen og senteret i Oslo kom frå det internasjonale

¹⁹⁹ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 26.

²⁰⁰ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 57-61.

²⁰¹ BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 29.

feministmiljøet i Brussel. Vidare vart initiativet gripen og utført av kvinner som hadde vore på tribunalet, og som sjølve identifiserte seg som feministar. I Bergen derimot, var ikkje initiativtakarane til Nødtelefonen sjølv deltakarar på tribunalet, og hadde soleis ikkje dei same internasjonale relasjonane. Det er meir nærliggande å tru at ettersom ein vart inspirert av tilbodet som ein såg hadde vorte oppretta i Oslo, kan det moglegvis ha vore ei for stor avstand til hendingane i Brussel og sentera i England og USA ved opprettinga. Dette kan ha ført til at ein ikkje fekk den same feministiske forankringa i Bergen som ein fekk i Oslo.

Men konfliktnivået i Bergen kom òg til å senka seg. Etter kvart vart det fatta ei avgjersle om å orientera seg mot ein tydelegare feministisk profil, noko dei gjorde utover 1980-talet. Under landskonferansane i Oslo i 1980 og i Tromsø i 1982 haldt representantar frå Bergen innlegg kor ein fortalde om konflikten ein hadde hatt internt, og korleis den hadde løyst seg. Ut frå representantane sine framlegg kjem det fram at dei meinte at mykje hadde løyst seg når ein fekk eit meir einskapleg og klårare syn på sitt eige mandat. Ein meinte at dette hadde skjedd grunna at den kvinnesaksorienterte, og ikkje den velgjerdorienterte sida hadde vunne fram, og at arbeidet med det vart ein del av den overordna kvinnekampen.²⁰² Det dette òg syner er at krisesenterrørsla ikkje nødvendigvis alltid har vore ei homogen rørsle, med ein heilt klår uttalt profil som alle var samde i. Det kan òg tenkast at det framleis var intern usemje i rørslene, men at kommunikasjonen som retta seg ut mot samfunnet vart meir homogen og tydeleg. Slik splitting gjeld òg for andre sosiale rørsler.²⁰³

Som heilskap gjekk krisesenterrørsla mot ein tydelegare ideologisk profil på byrjinga av 1980-talet. Under landskonferansen i Oslo i 1980 vedtok ein for fyrste gong ei felles plattform for krisesentera. Trass i at plattformen ikkje nytta omgrepet «feminisme» gjennomsyra det feministiske tankegodset likevel dokumentet. I dokumentet stadfesta ein at ein ynskja å arbeida med å «angripe ethvert forhold i samfunnet som legitimerer, underbygger og opprettholder vold mot kvinner».²⁰⁴ I tillegg inkluderte plattformen ei tydeleg systemsolidarisk melding, nemleg: «Kvinner enes i kamp mot undertrykking av kvinner.»²⁰⁵ Dette syner òg eit anna aspekt ved feminismen, nemleg systemskapstenkinga i at det skulle vera kvinner som kjempa kampen for å frigjera andre medsysstrar. I 1982 vart dette enda tydelegare. Då reviderte ein den opphavslege plattformen frå 1980. Ei av endringane som vart gjort var å stadfesta ein fast mal for å utarbeida namna til dei ulike krisesentera og krisetelefonane. Ein valde då å ha for hovudregel at ein

²⁰² BBA/A-2508 – Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982», 29- 29b.

²⁰³ Kirchhof, «Finding Common Ground in Transnational Peace Movements».

²⁰⁴ OBA/A70001 - Ac-L0001. «Referat frå Landskonferansen i Oslo 1980.».

²⁰⁵ OBA/A70001 - Ac-L0001. «Referat frå Landskonferansen i Oslo 1980.» .

skulle kalla seg «krisesenter/telefon for mishandlede og voldtatte kvinner».²⁰⁶ Ved å spesifisera allereie i namnet at det var vald mot kvinner ein arbeidde for å nedkjempa, stadfesta ein at dette var eit fokusområde. Ein vedtok òg at sentera som underteikna plattformen frå no utgjorde «Krisesenterbevegelsen i Norge».²⁰⁷ Med dette kan ein seia at dersom ein skulle vera deltakar i krisesenterrørsle frå 1982, måtte ein stilla seg bak plattformen og soleis òg den feministiske grunntanken bak han.

Eit slikt felles idegrunnlag som vart til ved den felles plattformen, danna eit fundament og vekstgrunnlag for ein felles gruppeidentitet. Eit resultat av konflikten i Bergen var at fleire medlemmar starta å skulka vaktene sine, som igjen førde til eit mindre effektivt arbeid og dårlegare tilbod.²⁰⁸ Ein kan sjå at ein etter kvart danna ei felles identitet i Bergen, noko som resulterte i eit betydeleg senka konfliktnivå. Med utgangspunkt i til teorien til Klandermans og Van Stekelenburg om *framing*, kan ein truleg seia at det både vart enklare å organisera og engasjera seg i rørsle då ein fekk på plass ein bestemt gruppeidentitet og ein kunne gå frå «det eg vil ha»- fokuset, til å fokusera på «kva me vil ha», noko som er viktig for å kunna arbeida saman som ei rørsle, og ikkje berre som individ. Med andre ord: ettersom ein etablerte at ein skulle arbeida frå eit kvinnesaksperspektiv, vart det tydeleg for medlemmane at dette var ein premis for arbeidet, og dersom ein ikkje identifiserte seg med det kunne ein gå ut av rørsle. Med dette kunne ein få ei homogenisering av rørsle. Dimed kan den feministiske forankringa som dei tok på seg, slik eg ser det, tilskrivast ei viktig rolle i å skapa eit vekstgrunnlag for ei fungerande og meir effektiv sosial rørsle.

3.1.2 Politisk forankring på venstresida

Ut over den feministiske profilen som vart tydelegare etter kvart, hadde krisesenterrørsle, i alle fall delar av ho, òg ei anna ideologisk og politisk forankring. Noko krisesenterrørsle i både Oslo og Bergen sjølv peikte på fleire gonger ved ulike høve og i ulike dokument, var at dei både var uavhengige av og ikkje hadde tilknytning til ulike trussamfunn og organisasjonar. Dei poengterte òg at dei var partipolitisk nøytrale, noko som landskonferansen for krisesentera, som var krisesentera sitt høgaste organ, òg slo fast i den felles plattformen for krisesentera.²⁰⁹ Likevel kan ein diskutera om dette eigentleg kan seiast å ha vore tilfellet i realiteten.

²⁰⁶ BBA/A-2508 - Boks 2. «Pressemelding fra Landskonferansen for krisesentra/telefoner for mishandlede og voldtatte kvinner i Tromsø i 1982.».

²⁰⁷ BBA/A-2508 - Boks 2. «Pressemelding fra Landskonferansen for krisesentra/telefoner for mishandlede og voldtatte kvinner i Tromsø i 1982.» .

²⁰⁸ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 29b.

²⁰⁹ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø i 1982.», 90.

Både Downs og Danielsen peiker i bøkene sine på at kvinnerørsla på 1970-talet både internasjonalt og nasjonalt hadde tette band mot venstresida i politikken. Downs refererer på si side til den britiske historikaren Catherine Hall, som slår fast at dei fleste som engasjerte seg i opprettinga av kvinnerørsla i Birmingham hadde vore ein del av politisk verksemd på venstresida.²¹⁰ Danielsen peiker på at i ein norsk kontekst var dei største aktørane i kvinnerørsla var ein utspringar av organisasjonar på venstresida, og at kvinnerørsla var prega av ein sosialistisk grunntone på 1970-talet.²¹¹ Det har med andre ord vore samhandling mellom kvinnerørsla og venstresida. Dette kan ein òg etter mi meinig seia at skjeddde motsett veg, då partia på venstresida inkluderte kvinnesak som ein del av sin konkrete politikk. Eit konkret døme på dette er at Arbeiderpartiet før stortingsvalet i 1973 hadde programfesta at dei ville arbeida for ei lov mot diskriminering mellom kjønna, som vart grunnlaget for det vidare arbeidet som resulterte i likestillingslova frå 1978.²¹² Etersom krisesenterrørsla var ein utspringar av kvinnerørsla, kan ein dimed argumentera for at dei indirekte hadde koplingar den vegen trass i at dei sjølv meldte at dei var nøytrale. Likevel kan ein seia at det stemmer at dei var partipolitisk nøytrale, då dei ikkje direkte knytte seg til det eine eller andre partiet, men ein var ikkje politisk nøytrale, då politikk var ein viktig del av verksemda.

Arbeidarrørsla i Noreg, som har ei tett knyting til venstresida, har historisk sett hatt ein sterkt songtradisjon. I arbeidarrørsla song ein for både å skapa internt samhald, men songen hadde òg ein propagandafunksjon utåt.²¹³ I arkivet til Camilla Krisesenter finn ein i likskap med arbeidarrørsla, teikn til allsong. I arkivet var det eit songhefte med ulike songar med eit kvinnepolitiske innhald. I songheftet var det tre songar, mellom anna «Vi er många», ei feministisk kampvise, men òg «Bella Ciao». Opphavelg er Bella Ciao ein italiensk anti-fascistisk partisansong frå andre verdskrig. Songen har vorte omsett til mange ulike språk og nytta av ulike internasjonale aktørar i ulike kontekstar, og har vorte nytta aktivt i politisk aktivisme. Trass at han har vore nytta av ulike aktørar har han historisk sett vore knytt tett opp til den politiske venstresida, og vore nytta som ein av deira kampsongar, på line med til dømes

²¹⁰ Downs, *Writing Gender History*, 20.

²¹¹ Danielsen, *Da det personlige ble politisk*, 12.

²¹² Torild Skard, «Likestillingsloven 1978», *Kvinnehistorie.no*, 2003, <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-3342>.

²¹³ Knut Kjeldstadli, «Allsang i arbeiderbevegelsen», *Arbeiderhistorie* 22, nr. 1 (23. mars 2018): 109–25, <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5879-2018-01-07>.

«Internasjonalen».²¹⁴ Her kan ein då sjå parallellar mellom både synginga og innhaldet i songane som vart nytta i den venstreorienterte arbeidarrørsla og i krisesenterrørsla.

Ein kan òg sjå denne politiske forankringa internasjonalt og det er likskapstrekk i den politiske forankringa i Noreg med det ein kan sjå i England i den same perioden. I ein engelsk kontekst er det kanskje enda meir tydeleg då det synleggjer seg i det politiske arbeidet. Då Women's Aid Federation skulle forsøkjja å få gjennom ei lovending om vald mot kvinner og få gjennom *the Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act*, tok dei kontakt med eit parlamentsmedlem som for det fyrste sjølv var kvinne, og for det andre var tydeleg posisjonert på den politiske venstresida.²¹⁵

3.2 Haldningsending

Som det vart gjort greie for i førre kapittel, var det å arbeida for samfunnsmessige haldningsendingar mellom anna gjennom samfunnsopplysing, ein sentral del av drifta til krisesenterrørsla. Eg vil òg argumentera for at det i tillegg til å vera ein del av arbeidet, var ei sentral drivkraft for rørsla som heilskap. For å få bukt med den utøvde valden, måtte ein ta problemet med rota. På sett og vis kan ein seia at valden som kvinnene vart utsette for var symptomatisk for større strukturelle problem som måtte handsamast, og at det dimed ikkje var tilstrekkeleg å berre lindra dei akutte sår, men at ein måtte arbeida både behandlande og preventivt. Dette kan ein etter mi meining seia at krisesenterrørsla gjorde mellom anna gjennom sitt arbeid med haldningsending i samfunnet. Ettersom rørsla òg hadde eit mål om at det på sikt ikkje lenger skulle vera behov for dei, var endingar i korleis samfunnet såg på, tenkte om og behandla partnervald avgjerande.

3.2.1 Intergenerasjonelt fokus

Ein kan sjå at rørsla hadde eit noko pragmatisk, og kanskje pessimistisk syn på når ein kunne seia at ein hadde nådd ei tilstrekkeleg grad av positive haldningsendingar i samfunnet. Ein såg nemleg på desse samfunnsendingane som noko som ikkje kom til å skje over natta, men som eit langvarig prosjekt som ville taka tid å fullføra. Krisesenterrørsla anerkjende at sitt eige mål, å nedkjempa og avskaffa kjønnsbasert vald mot kvinner, ville ta lang tid og det ville skje på tvers av generasjonar.²¹⁶ Soleis kan ein tolka dette som at ein såg på vald mot kvinner som eit

²¹⁴ Lucio Spaziante, «Who's afraid of Bella Ciao? Resistance Songs as Neo-Conflict Music», i *Post Conflict Cultures: a reader*, Studies in Post-Conflict Cultures 11 (London: Critical, Cultural and Communications Press, 2019), 217.

²¹⁵ «Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act 1976» (King's Printer of Acts of Parliament), åpnet 4. mars 2024, <https://www.legislation.gov.uk/ukpga/1976/50/enacted>.

²¹⁶ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 7.

problem som ikkje berre angjekk dei sjølve, men som eit intergenerasjonelt problem. Rørsla anerkjende at kvinner i tallause generasjonar før dei hadde vorte utsett for kjønnsbasert vald, at kvinner i den noverande generasjonen vart utsett for dette, og at det med all sannsyn kom til å skje kvinnene i generasjonane som kom til å koma. Med tanke på at ein meinte at dette kom til å ta lengre tid å nedkjempa enn levetida til dei fyrste kvinnene som engasjerte seg i rørsla, kan det tenkast at dette ikkje berre vart sett på som eit intergenerasjonelt *problem*, men ein kan òg tolka dette som ein grunnleggande tanke om eit intergenerasjonelt *ansvar*. Altså var ein avhengig av at generasjonane som kom etter, òg anerkjende problemet og ville jobba med det på lik line som kvinnene i den opphævelege krisesenterrørsla.

På mange måtar kan ein sjå parallellar mellom og samanlikna dette med ei annan sosial rørsle i krisesenterrørsla si samtid, nemleg klima- og miljørørsla. Klima- og miljørørsla sitt fokusområde er berekraftig utvikling, og heilt sidan oppstarten, og framleis i dag, har dei vore heilt tydelege på at det arbeidet ein gjer i notid, er for at dei komande generasjonane skal kunna leva på ei jord det er mogleg å leva på i all overskødeleg framtid. I tillegg har dei eit syn på at generasjonane føre ikkje har handsama problemet slik dei burde, og at det dimed er eit sterkt behov for handling i notida, for framtida. Dette vert kommunisert aktivt utåt, og fleire organisasjonar i rørsla har mellom anna dette som ein del av namnet sitt, til dømes *Framtiden i våre hender*.²¹⁷ Eit slik namn oppmodar om at samtidige generasjonar i varetek dei neste generasjonane sine interesser. Sjølv om krisesenterrørsla og klima- og miljørørsla har ulike interesseområde og arbeider med ulike ting, illustrerer dei gjennom deira felles fokus på intergenerasjonalitet, korleis sosiale rørsler som arbeider for sosial endring, ser på arbeidet som delar av lengre prosessar.

I tillegg til å vera ei anerkjenning av eit langvarig problem, kan det intergenerasjonelle fokuset, slik eg ser det, tilskrivast ein annan funksjon. Det kan òg vera eit uttrykk for ein måte å legitimera seg sjølv i samtida, og eigen framtidig eksistens på. Ved å etablera og stadfesta at kampen mot vald mot kvinner var eit langvarig prosjekt, synte ein med det same at det var eit behov for eit langvarig tilbod og at det var naudsynt å arbeida i eit lengre perspektiv, samstundes som ein forsvara arbeidet ein gjorde i notida. Altså: dette arbeidet tek tid, nokon må arbeida med det, og dei nokon er oss. Dette framstår for meg som eit anna paradoks innføre krisesenterrørsla sitt

²¹⁷ Framtiden i våre hender, «Vår historie», Framtiden i våre hender, åpnet 12. mai 2024, <https://www.framtiden.no/om-oss/vaar-historie>.

arbeid. Det er klare motsetningar mellom ynsket om å så fort som mogleg avskaffa valden mot kvinner, og måten ein tilskreiv eit behov for seg sjølv i framtida.

Vidare må ein spørja seg korleis krisesenterrørsla stilte seg til dette ansvaret som dei hadde teke på seg overfor dei komande generasjonane, og korleis dei arbeidde for å påverka den oppveksande generasjonen i ei positiv retning. Ser ein på dagens tilbod, er det ei sær sars viktig oppgåve for organisasjonar med liknande mandat og soleis nært slektskap med krisesenterrørsla, slik som Nok. Norge og Dixi ressurscenter, som arbeider mot vald og overgrep, å dra ut i skuleverket og undervisa elevar.²¹⁸ Ved å oppsøka skulane driv dei med ei preventiv opplæring for å jobba for at ein på sikt skal kunna unngå problematikken. Denne opplæringa tek både sikte på å spreia informasjon om seg sjølv som eit senter kor ein kan søka hjelp, men òg for å synleggjera kva for faktiske forhold som eksisterer i landet, og motverka at elevane i skulen i dag både vert utsette for vald og overgrep, samstundes som ein arbeider mot at dei skal verta overgripingar eller valdsutøvarar. Dette arbeidet, ser eg som ei direkte forlenging av prosjektet som krisesenterrørsla på 1970-talet etablerte, og som ei stadfesting av at utfordringane dei sjølv adresserte at dei sto overfor, framleis er til stades i samfunnet. Rørsla anerkjende som presisert ovanfor at det var ei vanskeleg oppgåve å avskaffa all vald, og at vald mot kvinner ikkje kom til å opphøyra i deira generasjon, og ikkje i den neste generasjonen heller.²¹⁹ Med den same fråsegna kan ein om ein vender på den òg tolkast i ei anna retning. Fråsegna syner at ein ikkje berre har hatt eit medvit om at dei framtidige generasjonane kom til å verta utsette for vald, men at ein òg har hatt eit medvit om at dei framtidige generasjonane kom til å utsetta andre for vald. Begge desse forholda krev preventivt arbeid for å stogkast, noko dagens tilbod i høgste grad prioriterer. Det kjem fram at krisesenterrørsla òg dreiv med slikt arbeid retta mot stadar kor det kunne verka preventivt, mellom anna på skular, og ein kan òg tolka inkluderinga av sivile tenestepliktige menn i Oslo som eit preventivt tiltak retta mot framtidige generasjonars menn.

3.2.2 Haldningsendring i offentlege instansar

I krisesenterrørsla sin kommunikasjon ut mot samfunnet var det tydeleg at dei såg på privatvald som eit problem som burde tematiserast i større grad, og kor det var stort behov for ei generell haldningsendring. I tillegg til å arbeida for gjennomslag for konkrete endringar i til dømes lovverket, var det òg behov for endring i dei sosiokulturelle normene i samfunnet, då det

²¹⁸ «Om Nok.», *Nok. Norge* (blog), åpnet 23. april 2024, <https://noknorge.no/om-nok/>.

²¹⁹ BBA/A-2508 - Boks 2. «Referat frå Landskonferansen i Tromsø, 1982.», 7.

eksisterte dogme som gjorde at ein som samfunn ikkje tok tak i den private valden.²²⁰ I kritikken som krisesenterrørsla kom med, var særleg politiet ein kritisert part. I «Krisesenterfilmen» produsert i 1980 av det feministiske grasrot-filmselskapet Damefilm AS,²²¹ kjem kritikken av politiet si handsaming tydeleg fram. Der skisserte ein dagarbeidar ved Camilla Krisesenter opp korleis krisesenterrørsla meinte at politiet hadde eit spalta syn på vald, og at det var tydelege skilnadar mellom politiet si handsaming av vald i den offentlege sfæren, og handsaminga deira av vald i den private sfæren. Ho peikte på at om ein mann hadde slått ned ein annan mann på gata, vert det av samfunnet sett på som eit alvorleg brotsverk. Om ein mann derimot slo ned kona si innanfor huset sine fire vegga, vart det sett på som ei privatsak. Dei same haldningane meinte ho at ein òg kunne finna i politiet. Vidare presiserte ho at politiet ikkje tok oppdrag knytt til «husbråk» like alvorleg som andre valdstypar.²²² Her kan ein altså sjå at det ein ikkje berre jobba for samfunnsmessige endringar hjå den vanlege mannen i gata, men at ein av dei viktigaste områda ein arbeidde for endringar i, var i haldningane som eksisterte i dei offentlege instansane. Dette kan òg peika på kor etablerte strukturane var, då dei ikkje berre eksisterte i det private, men etter krisesenterrørsla si meining synte seg i det offentlege.

I loggbøkene til Camilla Krisesenter, er det dokumentert at politiet ofte var dei som tok kontakt med sentra for å skaffa hjelp til kvinner som hadde teke kontakt med politiet. At politiet nytta krisesenteret aktivt for å husa kvinner dei kom i kontakt med, indikerer at offentlege instansar etter ei stund såg på krisesentera som seriøse aktørar og hjelpetilbod som kunne nyttast i politiet sitt arbeid.²²³ I tillegg bad politiet ved ulike høve om at krisesenteret skulle utføra oppgåver som dei ikkje nødvendigvis hadde som ein del av sitt arbeid, slik som oppsøkande verksemd noko ein mellom anna i Bergen hadde eksplisitt spesifisert at ein ikkje dreiv med.²²⁴ I journalboka til Camilla er det journalført eit døme på ein slik situasjon. Her hadde politiet ringt frå ei privatadresse ein stad i Oslo kor dei hadde rykka ut til ein mann som hadde «tyrannisert hustruen». I det aktuelle høve hadde politiet bede om at ei kvinne frå krisesenteret kom til adressa for å roe ned kvinna. Krisesenteret hadde bede politiet om å taka kontakt med psykiatrisk legevakt i staden for dei.²²⁵ Dette tyder slik eg ser det på at ei misoppfatning frå politiet si side om at krisesentera var den primære instansen som skulle taka i vare valdsutsette

²²⁰ Eidslott, «'Kvinne, bryt ikke sammen, bryt ut'.», 35.

²²¹ For meir om denne filmen og om Damefilm elles, sjå Ingrid S. Holtar, «Feminism on Screen: Feminist Filmmaking in Norway in the 1970s» (Doctoral thesis, NTNU, 2022), 235, <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/3017104>.

²²² OBA/A70001 - Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

²²³ OBA/A70001 - G-L0001. Journalbok.

²²⁴ BBA/A-2508 - Boks 2. Opprettelse av Nødtelefon i Bergen.

²²⁵ OBA/A70001- G-L0001. Journalbok, journal frå 5. mai.

kvinner og at ein kunne vidareføra arbeidsoppgåva til krisesenteret. Samstundes syner det òg at politiet til ei viss grad anerkjende krisesenterrørsla sitt syn på seg sjølv som ein spesialinstans for kvinner som vart utsett for vald.

3.3 Juridiske endringar

Ein sentral del av verksemda til sosiale rørsler er ulike formar for aktivisme. Krisesenterrørsla i Noreg er etter mi oppfatning, ikkje ei typisk protestrørsle, som er det ein kanskje fyrst og fremst forbinder med aktivisme. Likevel meiner eg at ein kan sjå tydelege teikn til politisk aktivisme i denne rørsla, ikkje i form av protest, men i form av politisk arbeid og påverknad. Dette er synleg heilt frå dei tidlegaste dagane i den internasjonale rørsla frå tribunalet i Brussel. På tribunalet vart ein konkret oppmoda om å taka tak i politiske saker og påverka i sine respektive heimland slik at ein kunne motverka diverse brotsverk som kvinner vart utsette for på eit internasjonalt plan.²²⁶ Dette gjorde den norske krisesenterrørsla då dei kom heim, og har fortsett med dette til dags dato.

Desse tendensane kan ein òg sjå internasjonalt. I andre land hadde dei lokale krisesenterrørslene jobba aktivt politisk og bidrege til større politiske og juridiske gjennomslag. I Storbritannia hadde ein i 1976 vedteke «The Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act», og lova tredde i kraft i 1977.²²⁷ Lova innebar endringar i korleis ein domstolane skulle handsama saker som omhandla vald i nære relasjonar, og endra saksgangen i slike saker.²²⁸ Innføringa av lova gjorde det mogleg for partar (som her må forståast som fortrinnsvis kvinner) å få ei rettsavgjerd mot ein valdeleg partnar, utan å fyrst måtta føretaka til dømes ei skilsmisse, separasjon eller å starta rettsprosessen for valdsskade.²²⁹ I tillegg til dette slo lova fast at ein med rettsleg heimel kunne fjerna ein valdeleg partnar frå heimen, sjølv om vedkommande eigde han.²³⁰ Lova gjorde heller ikkje forskjell på om det gjaldt ekteskap eller sambuarskap, og gav med det sambuarar ein styrka posisjon med tanke på rettsvern ved vald. Dersom ein levde saman som mann og kone, anten ein var gift eller ikkje, skulle lova gjelda. Lova kom til gjennom at National Women's Aid Federation, som var ein samleorganisasjon for dei engelske sentera (liknande det som Krisesentersekretariatet og Norsk Krisesenterforbund vart i Noreg etter kvart²³¹) oppmoda

²²⁶ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 189–94.

²²⁷ «Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act 1976».

²²⁸ OBA/A70001 - Dc-L0003. «An explanation of the Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act.»

²²⁹ OBA/A70001 - Dc-L0003. «An explanation of the Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act.»

²³⁰ «Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act», LII / Legal Information Institute, åpnet 4. mars 2024, https://www.law.cornell.edu/women-and-justice/resource/domestic_violence_and_matrimonial_proceedings_act.

²³¹ Det var ideologiske skilnadar mellom Krisesentersekretariatet og Norsk Krisesenterforbund. Av omsyn til oppgåva si periodiske avgrensing og problemstilling, vil ikkje dette verta behandla her. For meir om dette kan

den kvinnelege Labour-politikaren og parlamentsmedlemmen, Jo Richardson, til fremja eit representantframlegg om endring av lova når det gjaldt partnervald, noko ho gjorde.²³² På den måten kan ein seia at krisesenterrørsla i Storbritannia hadde ein direkte påverknad på juridiske prosessar og lovendring, gjennom lobbyverksemd inn mot politiske parti, representantar og andre aktørar.

Som nemnd var eit av krisesenterrørsla sine uttalte mål, at dei skulle avskaffa all vald mot kvinner. Eit sentralt aspekt for rørsla i Noreg på lik line med Storbritannia vart difor å få sikra konkrete juridiske sigrar og lovendringar som styrka rettsvernet for kvinner, særskilt dei som var utsette for vald i heimen. Sjølv om det på dette tidspunktet korkje var lov til å slå eller forgripa seg på kona si, førekom det likevel i mange heimar rundt om i landet. Difor var ikkje arbeidet som krisesenterrørsla gjorde for lovendring slik eg ser det nødvendigvis prega av å innføra forbod, då det allereie eksisterte, men heller andre lovendringar som kunne føra til betring av kvinnene sine situasjonar. Særleg saker som omhandla samfunnet si handsaming av problematikken vart prioritert.

Erfaringane frå Storbritannia var viktige for det norske arbeidet. I 1978 fekk Krisesentergruppa i Oslo eit brev frå den britiske krisesenterrørsla. Brevet vart opphaveleg sendt til medlemssentra i Storbritannia, men har òg nådd kvinnene i Oslo. I brevet bad National Womens Aid Federation medlemmane sine om å sjå på korleis den nye lova hadde fungert etter åtte månadar i bruk.²³³ Sjølv meinte dei at endringane i lovverket ikkje hadde fungert tilstrekkeleg og at det var for mange smothol som kunne bli, og vart nytta. Ein var særskilt bekymra over haldningane til politiet, dommarar og advokatar som var dei som skulle handheva lova. Ein stilte praktiske spørsmål til kor mange gonger politiet måtte ringast før det var grunnlag for arrestasjon, og om ein dommar kunne bruka tida kvinna hadde vore i den valdelege relasjonen mot henne då dei kunne argumentera for at tida ho hadde blitt i forholdet synte at det ikkje kunne klassifiserast som ein tilstrekkeleg naudsituasjon.²³⁴ Dette syner på si side at sjølv om ein fekk politiske gjennomslag og endringar i lovverk, medførte det ikkje automatisk ei betring i situasjonen likevel.

ein lesa Christine Nybraaten Colstrup, «Makt og struktur : arbeid med vold i nære relasjonar - mellom det offentlige og offeret» (Master thesis, 2010), <https://www.duo.uio.no/handle/10852/30553>.

²³² Susan Maidment, «Domestic violence and the law: the 1976 Act and its aftermath», *Sociological Review* 31 (2. mai 1983): 5, <https://doi.org/10.1111/j.1467-954X.1983.tb00093.x>.

²³³ OBA/A70001 - Dc-L0003. Brev frå National Womens Aid Federation.

²³⁴ OBA/A70001 - Dc-L0003. Brev frå National Womens Aid Federation.

Ei brevutveksling mellom politiet i Oslo og Krisesentergruppa representert ved den tette samarbeidspartnaren deira, JURK, syner til noko av den same skepsisen mot politiet si handsaming og saksgangen i straffesaker som ein såg i Storbritannia. I brevet kjem det fram at det var ei usemje mellom partane, krisesenterrørsla og politiet, om korleis ein gjennomførte avhøyr.²³⁵ JURK hadde levert ei klage til politikammeret etter ei hending ved ei melding av ei overgrepssak. Frå dokumentet, som berre er politiet sitt tilsvaret og ikkje den opphavslege klaga, verkar det å ha vore ein etablert praksis for JURK og krisesenterrørsla å fylgja kvinner som hadde oppsøkt krisesentera til politiet for å melda dei straffbare forholda. I tillegg ville representanten vera med inn i avhøyet for å støtta kvinna. I brevutvekslinga kjem det fram at det ved i alle fall eitt høve vart problematisk å ha med ein støtteperson inn i avhøyr, og representanten frå JURK vart nekta av politiet å verta med. Det er ikkje klart kor ofte slikt skjedde, eller om ein stort sett fekk ha med seg ein representant inn, men i tilsvaret frå politiet vart det nemnt at ein frå deira side ikkje såg det som ynskjeleg å ha med slike representantar inn i avhøyra. Likevel kan ein sjå at det ikkje var noko i lovverket på denne tida som medførte at praksisen til krisesenterrørsla og JURK ikkje var lovleg.²³⁶ Politiet grunn gav utkastinga med at: «Det gir, etter politikammerets oppfatning, uttrykk for en viss mistillit til vedkommende polititjenestemann/kvinne».²³⁷

Vidare skreiv politikammeret at ein i dagspressa kunne lesa om saker frå utlandet kor offer som vart utsette for valdtekt vart møtt av politi som skulle ha opptredd mistruisk og uhøfleg mot henne. Politiet slo likevel fast at det etter deira syn ikkje var slik i Noreg. Dette var ikkje krisesenterrørsla samde i. Det norske vitnet frå tribunalet i Brussel delte at dei hadde eit anna syn. Ho argumenterte for at når norske kvinner gjekk til politiet for å melda overgrep, vart dei møtte med ein sterk skepsis, og at ein oppfatta at politiet stilte spørsmål til om overgrepet verkeleg hadde funne stad.²³⁸ Vidare sa vitnet at politiet stilte det ein såg som irrelevante og ubehagelege spørsmål til kvinnene, som til dømes om dei hadde tidlegare seksuell erfaring. Desse spørsmåla vart oppfatta av vitnet som spørsmål om kvinna sin karakter, og om ho kunne verta sett på som promiskuøs eller at ho sjølv provoserte fram ein seksuell reaksjon.²³⁹ Ho argumenterte òg for at politiet hadde ei feil oppfatning av kva som inngjekk i «forcible rape»,

²³⁵ OBA/A70001- Dc-L0004. Brev frå Oslo Politikammer.

²³⁶ Ot.prp.nr.63, «Ot.prp.nr.63 Om lov om endringer i straffeprosessloven (advokathjelp til fornærmede i voldtektsaker)», 81 1980, 4, <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1980-81&paid=4&wid=c&psid=DIVL496&s=False>.

²³⁷ OBA/A70001- Dc-L0004. Brev frå Oslo Politikammer.

²³⁸ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 126.

²³⁹ Brantenberg, *Forbrytelser mot kvinner*, 45.

med at dei såg føre seg ein galen mannleg, ukjend overgripas som kasta seg over ei tilfeldig kvinne som gjekk gjennom ein park på veg heim på natta. Forskinga hennar synta at sjansen for å verta trudd i slike saker var fem gonger høgare dersom overgrepet fann stad utandørs. Vitnet meinte at saker som ikkje passa inn i dette mønsteret vart møtt med mistru, og at politiet meinte at det berre var ein viss type kvinner som kunne verte utsett for slike brotsverk.²⁴⁰

Her kan ein oppfatta eit sprik mellom politiet sitt syn og krisesenterrørsla sitt syn på dei same situasjonane, på politiet sitt arbeid, og på forholdet mellom partane. Med denne mangelen på tru på rettferdig behandling og god rettspraksis teken i betraktning, kan ein forstå kvifor ein ynskja å ha med seg ein juridisk støtteperson inn i avhøyra for å unngå slik mistru og ubehag i ein allereie ubehageleg og moglegvis traumatisk situasjon.

Høva der ein fekk med seg ein representant frå JURK i avhøyra, liknar etter mi meining på dagens bistandsadvokatsordning. Det er interessant å sjå at allereie i 1977 hadde krisesenterrørsla fått på plass eit juridisk tilbod der ein støtta desse kvinne i rettsprosessen, fleire år før det vart lovfesta. Historisk sett har ein ikkje alltid hatt rett på juridisk bistand som fornærma i straffesaker på same måte som ein har hatt rett på det som tiltala. Det generelle arbeidet med å innføra rettshjelp til fornærma partar, starta gjennom arbeidet med å sikra det i valdtektssaker. Dette var gjort ved Justis og politidepartementet Ot.prp.Nr.63 (1980-81) om lov om endringer i straffeprosessloven (advokathjelp til fornærmede i voldtaktssaker).²⁴¹ I preposisjonen sitt innleiingskapittel kjem det fram at ei rekkje kvinneorganisasjonar vart bedne om å koma med fråsegner til preposisjonen. Bland desse var Krisesenteret for voldtatte og mishandlede kvinner og JURK.²⁴² På den måten var krisesenterrørsla med i sjølve høyringsprosessen og dimed utforminga av lovforslaget, i tillegg til, slik eg ser det, å ha vore pionerar for prosjektet.

Lovforslaget tok sikte på å styrka rettsvernet til valdtektsoffer. I forslaget anerkjende departementet at å melda slike forhold til politiet kunne opplevast som belastande grunna etterforskningsarbeidet og rettsprosessane sin karakter. Dei peikte særskilt på at det var reelt at den fornærma parten kunne verta møtt med ubehagelege spørsmål, i både avhøyr med etterforskar og av den tiltalte sine forsvararar, til dømes om tidlegare seksuell åtferd og om ein hadde gjeve inntrykk av å samtykka til handlinga. For å letta på slike situasjonar, meinte dei at

²⁴⁰ Russell og Ven, *Crimes against Women*, 126.

²⁴¹ Ot.prp.nr.63, «Ot.prp.nr.63 Om lov om endringer i straffeprosessloven (advokathjelp til fornærmede i voldtaktssaker)»,.

²⁴² Ot.prp.nr.63, 3.

det kunne hjelpa om ein fekk med seg ein advokat som hadde kjennskap til slike saker.²⁴³ Eit interessant aspekt ved dette er at opplevingane som det norske vitnet i Brussel gjorde greie for, fekk gehør gjennom at Justis- og politidepartementet anerkjende forholda som politiet i brevutvekslinga frå 1977 hadde avvist.

Arbeidet med lova kom til etter inspirasjon frå Danmark. I Danmark hadde dei hatt ein debatt om valdtektsoffer sitt rettsvern i 1977, og i 1980 vart ei lov som sikra denne gruppa offentleg finansiert advokathjelp, vedteken. Den norske lova skulle på lik line med den danske sikra eit tilbod som var finansiert av staten. Ordninga skulle òg fungera som eit krav som den fornærma hadde, og ikkje vera behovsprøvd, då det ville by på etiske problem å kartlegga når det var eit tilstrekkeleg behov eller ikkje.²⁴⁴ I tillegg til dette presiserte JURK at dette måtte vera ei rett kvinna hadde, men ikkje ei plikt. Dette er i samsvar med krisesenterrørsla sin grunntanke om at arbeidet i slike saker, både juridisk og mellommenneskeleg, skulle skje på kvinna sine premissar.

Lova skulle i utgangspunktet kun omfatta saker under straffeloven §192, men ein inkluderte òg §193-194. Alle desse paragrafane omhandla det ein klassifiserte som valdtektslovbrot. Med det omfatta lova korkje seksuallovbrot som incest, utuktig omgang med born under 16 eller mishandling. Grunngevinga for å ikkje inkludera andre liknande straffbare forhold i lova, var at ein i den typen saker ikkje stilte like inngåande spørsmål som ein gjorde i valdtektssaker, mellom anna grunna eigne retningsliner for avhøyr av born.²⁴⁵ Ut frå dette kan ein lesa at ein skilde valdtektssaker frå andre liknande saker, og at ein meinte at dette var langt meir belastande enn til dømes mishandling. Slik eg ser det kan dette i stor grad handla om og ha røter i seksuelle tabu som eksisterte i samtida. Sjølv om ein var samde i at valdtektsoffer hadde behov for rettshjelp, var krisesenterrørsla usamde i innsnevringa av lova si verknad på andre paragrafar enn valdtektsparagrafane. Dette var òg ein del av kvinnerørslene usamde i. Det kom fram at dei ynskja å utvida forslaget til å omfatta desse typane lovbro, og særleg mishandling vart vektlagd som viktig å inkludera.²⁴⁶

Trass i at alle høyringspartane (utanom Den Norske Advokatforening) var samde i at forslaget var godt og burde innførast, var politiet kritiske til at den fornærma sin advokat skulle få kome inn i avhøyrret.²⁴⁷ Høyringsprosessen synta at fleire politidistrikt som hadde svart på høyringa

²⁴³ Ot.prp.nr.63, 4.

²⁴⁴ Ot.prp.nr.63, 13.

²⁴⁵ Ot.prp.nr.63, 11.

²⁴⁶ Ot.prp.nr.63, 12.

²⁴⁷ Ot.prp.nr.63, 8.

delte den same oppfatninga. Dette stadfestar at haldningane ein kan sjå i brevvekslinga mellom krisesenterrørsla, JURK og Oslo politikammer frå 1977 òg var gjeldande tendensar i andre delar av landet i 1980. Likevel meinte Justisdepartementet at advokaten skulle få vera til stades under avhøyr, og det vart ein del av lovverket.²⁴⁸

Sjølv om bistandsadvokatorordninga som vart innført ikkje var identisk med praksisen til JURK og krisesenterrørsla, liknar det likevel. Det er òg viktig å merka seg at diskusjonen om ein skulle innføra offentleg finansiert juridisk bistand til fornærma i alle straffesaker vart reist i arbeidet med innføringa av bistand til valdtektsoffer, som krisesenterrørsla fyrst tilbydde. Spørsmålet om utvidinga av ordninga vart reist av Dommerforeninga, som konkluderte med at det moglegvis burde skje etter at det noverande forslaget hadde vore testa ei stund.²⁴⁹ Her kan ein sjå at krisesenterrørsla tok initiativ til og starta altså eit privat tiltak for å styrka rettsvernet til den valdsutsette kvinna, som seinare vart eit ansvar som det offentlege tok på seg og vidareførte. Dette er eit av fleire døme på at krisesenterrørsla på mange måtar gjekk i front for endringar som har vorte etablerte, finansierte og seinare lovfesta av det offentlege, men som fyrst starta om dugnadsfinansiserte tilbod.

3.2.3 Tilbod etter opphald på krisesenter

Etter opphaldet på krisesenter var det få etablerte hjelpetilbod for kvinnene. I journalboka til Camilla Krisesenter kan ein lesa at fleire av kvinnene som oppsøkte dei, reiste heim til mannen sin att etter opphaldet.²⁵⁰ Krisesenterrørsla peikte på at eit fundamentalt problem som bidrog til å føra valden vidare var at kvinner ofte var direkte knytt til mannen sin økonomi, og i lita grad hadde moglegheiter til å etablera eit nytt liv for seg sjølv og eventuelle barn etter eit opphald på senteret. Difor var det ei frykt hjå dei at kvinnene skulle gå attende til mannen dei hadde flykta frå, noko ein òg såg at var tilfellet.²⁵¹ Eit uttalt politisk mål for krisesenterrørsla vart difor å etablera eit utvida tilbod, som ikkje var akutte bustadar, som kunne sikra desse kvinnene eit langsiktig tilbod i etterkant og hjelp til å starta eit liv for seg sjølve. Tilbodet dei ynskte seg var at det skulle etablerast bustadar der kvinner som hadde budd på senteret kunne bu saman i kollektivliknande konstallasjonar.²⁵² I krisesenterfilmen fortalde ei kvinne om at ho og tre andre kvinner som ho hadde møtt på senteret og bror hennar hadde klart å skaffa seg ein bustad som dei leigde saman, og at ho no kunne fokusera på å få seg utdanning og ein trygg økonomi. Det

²⁴⁸ Ot.prp.nr.63, 17.

²⁴⁹ Ot.prp.nr.63, 12.

²⁵⁰ OBA/A70001 - G-L0001. Journalbok.

²⁵¹ OBA/A70001 - Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

²⁵² OBA/A70001 - Ua-L0001. «Krisesenterfilmen.»

verkar som om det er denne typen kvinnekollektiv, modellert etter måten dei budde på sentera, som var idealforma for tilbodet ein ynskte seg. Det er noko uklårt kven ein ynskte at skulle ha ansvar for dette tilbodet, men etter mi forståing verkar det som at dei meinte at dette skulle etablerast av andre aktørar enn seg sjølv. Ved innføringa av lov om kommunale krisesentertilbod, slo §2 fast at kommunane er pliktige til å hjelpa dei som har budd på krisesenteret i reetableringsfasen. I §4 vert det òg slått fast at kommunen skal sørga for god samhandling mellom krisesenteret og andre delar av det kommunale tenesteapparatet for å sikra oppfølging av den valdsutsette.²⁵³ I dag er ikkje kvinnekollektiv løysinga ein går for, men det er tydeleg at ein i lovverket har forsøkt på svara på det krisesenterrørsla bad om når det gjaldt å sikra god oppfølging i etterkant.

3.2.4 Vidareføring av tradisjon

I dag er Krisesentersekretariatet den einaste paraplyorganisasjonen for krisesentera etter nedlegginga av Norsk Krisesenterforbund 1.juli 2015. Krisesentersekretariatet er framleis ein pådrivar for lovendring og følgjer tradisjonen frå den tidlege krisesenterrørsla. Ein av dei noverande juridiske kampane dei har kjempa mest for er å gjera det lettare å idømme valdsutøveren omvendt valdsalarm. Dette har dei no fått gjennomslag for. 8.april 2024 trødde det ei lovendring i kraft i Straffeprosesslova som skal gjera det enklare å gi elektronisk kontroll av besøksforbod og kontaktforbod, på folkemunne kalla omvendt valdsalarm, til valdsutøvarar. Fram til no har ein berre kunne blitt idømd dette gjennom ein rettskraftig dom, noko som kan vera ein langvarig prosess, og som kan utsetta den valdsutsette for større mengder stress og utryggleik. Den nye lovendringa gjer det mogleg for påtalemyndigheita, altså ikkje domstolen, å kunne påby personar som har fått i lagd eit besøksforbod å gå med ein slik alarm, slik at det ikkje berre er den valdsutsette som må bera ein alarm.²⁵⁴ I likskap med den tidlege krisesenterrørsla sitt arbeid, kan ein sjå at ein i dag òg arbeider for endringar som skal flytta både bevisbyrda og ansvaret for situasjonen frå valdsutsett til valdsutøvar.

*

²⁵³ Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) - Lovdata, paragr. 2 og 4.

²⁵⁴ «Endringer i straffeprosessloven mv. (elektronisk kontroll av besøksforbud)», sak, Stortinget (Justiskomiteen, 16. juni 2023), <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/Voteringsoversikt/?p=94760&dnid=1>.

Dette kapitlet har sett på korleis krisesenterrørsla både posisjonerte seg og arbeida politisk og ideologisk mot samfunnsmessige og juridiske endringar. Den ideologiske forankringa til rørsla var opphavelig noko uklår, i alle fall i Bergen, då det var mange ulike menneske som engasjerte seg i rørsla som hadde ulike forklaringsmodellar på kvifor kvinner vart utsette for vald. Usemja som dette førte med seg, resulterte i at ein valde å inntaka ein mykje tydelegare feministisk profil. Kapitlet argumenterer for at dette skapte ein tydelegare identitet, gjorde rørsla meir homogen mindre prega av intern konflikt. Kapitlet har òg synt at rørsla trass at ein uttalte at ein ikkje hadde det, hadde band til den politiske venstresida, og har argumentert for at sjølv om rørsla ikkje var partipolitisk, var ho politisk. Kapitlet har òg argumentert for at rørsla, i likskap med mellom anna klima- og miljørørsla, hadde eit intergenerasjonelt syn på handsaming av vald mot kvinner og at ein samstundes meinte at det var eit intergenerasjonelt ansvar å nedkjempa det. Kapitlet har òg belyst at det var eit paradoks i rørsla sitt syn på eiga framtid ettersom ein ynskja at det ikkje lenger skulle vera eit behov for dei, samstundes som ein legitimerte eigen eksistens i notida og framtida. Vidare synte kapitlet at ein av dei viktigaste områda der krisesenterrørsla arbeida for haldningsendringar var hjå offentlege instansar, særleg politiet. Avslutningsvis har kapitlet synt at krisesenterrørsla både internasjonalt og i Noreg har vore forkjemparar og pådrivarar for juridiske lovendringar. Kapitlet har særleg argumentert for at krisesenterrørsla spelte ei særskild viktig rolle i etablera bistandsadvokatordninga i Noreg. Til slutt har kapitlet synt til at krisesenterrørsla sin tradisjonane for politisk og juridisk påverknad har vorte vidareført at etterkomarane.

Konklusjon

Kjønnsbasert vald mot kvinner er eit problem som strekk seg langt tilbake i historia, og som diverre òg strekk seg fram og inn i vår tid. I dag er det ei brei semje i det norske samfunnet om at kjønnsbasert vald og mishandling i nære relasjonar er eit samfunnsproblem. Det er òg brei semje om at det er det offentlege Noreg som har eit særleg ansvar for å nedkjempa dette og taka i vare dei som har vorte utsett for det. Slik har det likevel ikkje alltid vore. Denne oppgåva har utforska ei sosial rørsle som tidleg tok ansvar for å både identifisera eit samfunnsproblem, og å etablera eit tilbod mot problematikken i Noreg: den norske krisesenterrørsla. Oppgåva har undersøkt kvifor og korleis krisesenterrørsla arbeida i kampen mot kjønnsbasert vald på transnasjonalt, nasjonalt og lokalt nivå. Dette har vorte gjort gjennom å sjå på aktørane, organiseringa og politikken i Oslo og Bergen, som trass sine lokale verkeområde, likevel var ein del av ei større transnasjonal rørsle driven av kvinner i fleire vestlege land. I utforskinga av denne problemstillinga, har det synt seg fleire overordna konsept som rører ved, og som kan seiast å kjenneteikna historia til krisesenterrørsla, nemleg *forbindelsar*, *systemsolidaritet* og *visjonar*.

Det fyrste kapittelet utforska dei bakanforliggande årsakene til opprettinga av den norske krisesenterrørsla i den andre halvdelen av 1970-talet. Sidan oppstarten har dei vore ein del av ein større kontekst enn kun den norske. Krisesenterrørsla kom til som eit resultat av transnasjonale forbindelsar, ettersom norske kvinner møtte kvinner frå andre delar av verda på det internasjonale tribunalet om brotsverk mot kvinner i Brussel i 1976. Kapittelet har argumentert for at med erfaringane dei hadde gjort seg der, reiste dei norske delegatane heim og delte dei med kvinner på Kvinnehuset i Oslo, på den internasjonale kvinnedagen. Ideen om å etablera eit liknande tilbod som kvinner i Storbritannia og USA hadde etablert, vart introdusert for og tilpassa ein norsk kontekst. Som del av dette, starta dei norske kvinnene eit omfattande arbeid for å kartlegga og identifisera kjønnsbasert vald som samfunnsproblem på nasjonalt nivå. Denne identifiseringa var naudsynt både for å setja i gong handlingar mot, og for å politisera den private valden. Vidare vart det argumentert for at med problemet identifisert, oppretta ein fyrst det ein såg som mellombelse krisetelefonar, i påvente av fysiske krisesenter som kravde meir ressursar å etablera. Krisetelefonane spreidde seg raskt til andre delar av landet då det var gode teknologiske føresetnadar for det ettersom telefondekninga i landet hadde auka betrakteleg. Då krisetelefonane på slutten av 1970- og byrjinga av 1980-talet utvikla seg til å

verta krisesenter, endra òg funksjonen av telefonen seg frå å vera primærtilbodet, til å verta eit sekundært hjelpemiddel.

Det andre kapittelet tok føre seg korleis det konkrete arbeidet til krisesentera og krisetelefonane såg ut, og vekta særleg perioden mellom 1977 og 1983. I dette kapittelet vart aktørskap, og særleg systemsolidaritet utforska. Det vart argumentert for at systemsolidaritet var ein gjennomgangstone for både rekrutteringa, opplæringa og utføringa av arbeidet rørsla føretok seg. Grunna denne systemsolidariteten vart menn, som i delar av rørsla tidlegare hadde fått medverka, i stor grad ekskluderte. Kapittelet argumenterer for at dette vart gjort for å skapa «women's only-spaces», både fysiske og ikkje-fysiske rom kor kvinner kunne tala opent og fritt med kvarandre, utan å ha menn til stades, då dei i kraft av sitt kjønn representerte valden kvinner vart utsette for. Det vart òg argumentert for at frivilligheit var ein viktig føresetnad for krisesenterrørsla, då krisetelefonane og krisesentera opphaveleg var drifta av frivillige og ikkje-profesjonelle aktørar. Kapittelet viser likevel at aktørane trass dette i stor grad vekta profesjonalitet og fagleg kunnskap i arbeidet sitt, og at ein stilte krav til sosialfaglege, juridiske og emosjonelle ferdigheiter for å vera frivillig. I tillegg vart det understreka at rørsla både arbeidde på individnivå og på strukturnivå, gjennom å tilby individuell hjelp til einskildkvinner, samstundes som ein opparbeidde seg empirisk grunnlag for å uttala seg om, og bidra til å redusera førekomsten av valden mot kvinner i samfunnet generelt.

Det tredje og siste kapittelet har undersøkt kva for både politiske og samfunnsmessige visjonar krisesenterrørsla hadde. Med fokus på tidleg 1980-talet har det tredje kapittelet synt at krisesenterrørsla gjekk frå å vera ei mindre og noko splitta rørsle som inneheldt fleire forklaringsmodellar og engasjementsårskar, til å verta ei meir einskapleg og homogenisert rørsle med ein tydeleg feministisk profil. Sjølv om den feministiske profilen ikkje alltid var eksplisitt uttalt, gjennomsyra den feministiske ideologien sentrale styringsdokument som vart danna då rørsla gjekk mot ei nasjonal organisering i 1982. Kapittelet har òg synt at rørsla, trass i at ho sjølv uttalte at ho ikkje hadde det, hadde sentrale likskapstrekk med venstresida i den norske politikken, noko som òg var ein tendens i Storbritannia. Det vart argumentert for at rørsla arbeidde målretta for samfunnsendingar på fleire plan til dømes for å endra politiet sitt syn på og handsaming av privatvalden. Utover det hadde rørsla òg eit intergenerasjonelt fokus for å nedkjempa valden på sikt, og arbeidde med det preventivt overfor dei komande generasjonane. Vidare argumenterte kapittelet for at krisesenterrørsla historisk har vore tidlege med å etablere praksisar, der ansvaret for dei seinare har vorte tekne over av det offentlege. Kapittelet syner at krisesenterrørsla, på line med sine utanlandske systerrørsler, var involverte i og pådrivarar for

konkrete lovendringar i si samtid. Dette vart eksemplifisert i kapittelet gjennom å sjå på arbeidet rørsla gjorde inn mot innføringa av bistandsadvokatsordninga. Kapittelet har òg synt at dette er ein praksis som paraplyorganisasjonen for krisesentera, som er etterkommarar av den tidlege rørsla, har fortsett med til den dag i dag.

Åra 1976 og 1983 har i denne oppgåva vorte identifisert som viktige vendepunkt for historia om krisesenterrørsla. Tribunalet i Brussel i 1976, med det etterfølgande møtet på kvinnehuset i Oslo, har vore med å forma krisesenterrørsla. Slik eg ser det kan dette seiast å ha vore betrakta som eit vendepunkt både i samtid og ettertid. 1983 står sett i ettertid fram som eit vendepunkt på institusjonelt nivå. Då omtala både Oslo og Bergen, som var føregangsdøme for rørsla, seg som «krisesenter», og hadde med det oppnådd ynskje om «et mer fullverdig tilbud», med både telefonline og fysisk senter. Dette er òg dagens praksis, då dei lokale krisesentera har kvar si telefonline ein kan nå dei på, i tillegg til den landsdekkande VO-lina.

Heilt sentralt for krisesenterrørsla si organisering og arbeid i denne perioden er transnasjonale, nasjonale og teknologiske *forbindelsar*. Oppgåva har synt at inspirasjon frå utlandet både i form ideutveksling, men òg inspirasjon til mobilisering av motstand, har vore avgjerande for etableringa av rørsla. Frå oppstarten av, og gjennom heile den undersøkte perioden, har det har vore mykje kontakt mellom rørsla i Noreg og med systerrørsler særleg i Storbritannia, både gjennom fysiske reiser og gjennom skriftleg kontakt. Innflytelsen ein har fått frå den innleiande og jamlege kontakten utanlands førte til at ein fekk eit liknande tilbod i Noreg. Det er likevel viktig å merka seg at tilbodet var liknande, men ikkje identisk. I Noreg vedtok ein at ordlyden i namna til dei ulike krisesentera og telefonane skulle inkludera både mishandla og valdtekne kvinner. På den måten skilde den norske rørsla seg frå tilboda ein hadde etablert i Storbritannia og USA, som hadde meir einsarta fokusområde og som skilde mellom behandlingane av desse typene vald. Slik eg ser det kan ein årsak til at dette skjedde i Noreg vera at tilboda kom til etter tribunalet i Brussel, og ikkje før slik som var tilfellet i Storbritannia og USA. På den måten vart kvinnene gjort medvitne om fenomen og konsekvensane av dei, og fekk presentert to ulike, men samstundes liknande tilbod, som kanskje kunne fungera best saman. Dimed er det tydeleg at sjølv om inspirasjonen var viktig, var det nettopp inspirasjon det var, og ikkje ein fastsett mal som ein måtte følgja, og med det adapterte ein tilbodet til å verta meir passande for dei lokale sosiale, økonomiske og politiske forholda.

I tillegg til forbindelsar utover Noreg sine landegrenser, har forbindelsar vore viktig på andre plan. På eit nasjonalt og lokalt nivå har forbindelsar mellom rørslene vore svært viktige. Rørsla i Oslo inspirerte rørsla i Bergen, og rørsla i Bergen var mellom anna med på å hjelpa drifta i

gang i Stavanger. Ved vedtaka under Landskonferansen i Tromsø i 1982, vedtok rørsla at sjølv om ein framleis skulle operera som sjølvstendige senter og aktørar med eigen autonomi, skulle ein omtala seg sjølv som ei einskapleg rørsle dersom ein støtta Landskonferansen si plattform. Med dette knytte dei sterkare band mellom dei lokale tilboda, og fekk ein tydelegare profil utåt.

Utanom desse fysiske forbindelsane har ein viktig del av krisesenterrørsla sitt arbeid vore prega av ikkje-fysiske forbindelsar. Ved å taka i bruk krisetelefonen var krisesenterrørsla med på å skapa forbindelsar mellom forholda som fanst i dei private heimane og det norske storsamfunnet. Krisetelefonane gjorde det mogleg for kvinner i vanskelege situasjonar å ringa inn for å få emosjonell støtte og konkrete råd til handling av andre kvinner som ikkje ville dømme dei.

Slike mellommenneskelege forbindelsar som oppstod grunna krisetelefonen og krisesentera, vitnar òg om ein fundamental tanke om *systemsolidaritet*. Systemsolidariteten kan i likskap med forbindelsane seiast å ha vore gjeldande på transnasjonalt, nasjonalt og lokalt plan. Då dei norske representantane i Brussel vart opplyste om situasjonen for kvinner rundt om i verda, vart dei emosjonelt rørte av det dei hadde høyrte. Med dette kan ein argumentera for at den internasjonale systemsolidariteten var den som oppstod fyrst og som opphaveleg gav motiv for nasjonal systemsolidaritet og konkret handling mot mishandling.

Systemsolidariteten med kvinner rundt om i verda førte til at ein tok med seg både engasjement og tankegods heim, adapterte det til ein norsk kontekst, og såg etter dei same strukturane på nasjonalt og lokalt nivå. Med dette vart den internasjonale systemsolidariteten òg til nasjonal systemsolidaritet.

I ein norsk kontekst synte systemsolidariteten seg lokalt gjennom arbeidet ein utførde på dei ulike sentera og telefonane, kor kvinne skulle støtte kvinne. Sjølv om nokon frivillige engasjerte seg av andre årsaker enn kvinnesak, var ein gjennomgangstone for dei som engasjerte seg at dei gjorde det for å hjelpa andre kvinner ut av det dei såg som ein uholdbar livssituasjon. Slagordet i pressemeldinga frå Landskonferansen i 1982, «kvinner enes i kamp mot undertrykking av kvinner»,²⁵⁵ syner at dette var eit grunnleggande premiss for verksemda. Samstundes som denne fråsegna syner til at ein hadde solidaritet med kvinnene som vart utsette for vald, syner det òg til systemsolidaritet mellom kvinnene som engasjerte seg,

²⁵⁵ BBA/A-2508 - Boks 2. «Pressemelding fra Landskonferansen for krisentra/telefoner for midhandlede og voldtatte kvinner i Tromsø i 1982.»

felleskapskjensla mellom dei i kraft av å vera kvinner og at dei saman hadde ein praksis og motstandar å mobilisera mot.

Systersolidariteten kom òg til syne gjennom organiseringa av rørsla. Kvinner som tidlegare sjølv hadde vorte utsette for vald, vart i etterkant rekrutterte til å verta frivillige. Slikt kunne bygga tillit, truverd og intime, systerliknande band mellom kvinna som trong hjelp, og krisesenterrørsla som hjelpeapparat. Den flate strukturen som innebar at ein ikkje skulle skilja mellom vakter og brukarar, men sjå kvarandre som likeverdige, bidrog ytterlegare til fellesskap og egalitet mellom kvinnene uavhengig av deira livssituasjon.

Desse tre nivåa av solidaritet har spelt saman. Arbeidet ein gjorde på lokalt nivå gjennom å hjelpa einskildkvinner i lokalmiljøet, bidrog til å redusera mengda av saker på eit nasjonalt plan. Gjennom å redusera talet av saker på eit nasjonalt plan bidrog ein samstundes til å redusera førekomsten av valden på verdsplan. Med dette kan ein seia at arbeidet som vart utført av krisesenterrørsla i Noreg var eit bidrag til den større internasjonale kvinnefrigjeringskampen, så vel som den norske.

I arbeidet som vart utført på individ- og strukturnivå, var det klåre *visjonar* om ei verd utan vald mot kvinner. Gjennom å påverka og endra dei sosiokulturelle normene i samfunnet og gjennom å sikra seg politiske sigrar og endring av lovverket, kunne denne visjonen vonleg nåast. Krisesenterrørsla arbeidde difor ikkje berre med det konkrete tilbodet ein fann på sentera og over telefon, men òg aktivt med politikk og samfunnsopplysing utåt.

For å kunna arbeida målretta mot vald mot kvinner, var det behov for ideologiske forklaringar på problematikken. Krisesenterrørsla sto opphavelig i eit spenn mellom to forklaringsmodellar, men valde ein strukturell forklaringsmodell som peikte på at valden mot kvinner kunne forklarast ut frå samfunnsmessige årsaker, og ikkje personlege. Med dette gjekk rørsla inn for ei klårare feministisk forankring.

Gjennom visjonane har krisesenterrørsla arbeidd for og sikra juridiske og samfunnsmessige endringar. Ved dei tette forbindelsane til særleg Storbritannia og Danmark, såg ein at andre delar av den transnasjonale krisesenterrørsla hadde vunne fram og sikra ein del konkrete gjennomslag som bidrog til å gjera situasjonen for valds- og valdtektsutsette betre. Dette let ein seg inspirera av, og den norske krisesenterrørsla har i likskap med sine systerrørsler i utlandet bidrege til langvarige endringar. Ved krisesenterrørsla og JURK sitt tilbod om juridisk støtte til kvinner som skulle melda brotsverk til politiet, gjennom mellom anna å følge dei til avhøyr, starta ein eit privat initiativ som likna bistandsadvokatorordninga som kom på plass fleire år etter. I arbeidet

med denne lovendringa var krisesenterørsla òg særleg aktive i høyringsprosessen, og bidrog med det til å forma lovforslaget som seinare vart vedteke.

I tillegg til politiske endringar har krisesenterrørsla slik eg ser det, spelt ei stor rolle i endringar i sosiokulturelle normer når det kjem til kjønnsbasert vald i Noreg. Krisesenterrørsla anerkjende at å endra slike haldningar og praksisar, ville vera eit langvarig prosjekt og hadde med det eit intergenerasjonelt fokus på vald. Likevel arbeidde ein aktivt for å endra normene i samtida, særleg inn mot til dømes politiet og deira syn på og behandling av offer for denne typen brotsverk, og for at samfunnet elles skulle sjå på privat vald som like alvorleg som offentleg vald.

Tradisjonen for å arbeida politisk og for samfunnsendring samstundes som ein yter hjelp til brukarar, er ein tradisjon som Krisesentersekretariatet har vidareført. Dei har i dag vore ein primus motor i arbeidet for omvendt valdsalarm, som vann fram i 2024, og er aktive i haldningskampanjar den dag i dag.

Desse tre elementa – forbindelsar, systersolidaritet og visjonar - sett i samanheng, fortel ei historie om ei rørsla som har oppnådd mykje og hatt stor påverkingskraft i samtida og i ettertida. Likevel har det òg synt seg at rørsla har vore prega av fleire spenningar og paradoks. I rørsla har det vore spenningar mellom arbeid på struktur og individnivå, mellom menn og kvinner, og mellom eit ynskje om å ikkje vera behov for seg og langvarig arbeid.

Arbeidet ein har utført har vore prega av ein dualitet. Arbeid på individnivå og på strukturnivå kan verka som to motpolar som krev ulike arbeidsformer og fokus. Likevel har rørsla operert i kvar sfære, samstundes som ein balansert mellom dei. I tillegg kan ein sjå at andre spenningar kan skuldast ein kollisjon mellom idealisme og pragmatisme. Dette gjeld både for inkluderinga av menn i rørsla, og for anerkjenninga av at målet om ei verd utan vald ville vera vanskeleg å oppnå. I begge desse døma ligg det ein idealistisk grunntanke til grunn, men denne har vore vanskeleg å utføra grunna andre forhold. I spennet mellom menn og kvinner, er dette særleg tydeleg. Krisesenterrørsla har ynskt seg dedikerte rom av og for kvinner, men har moglegvis måtte inkludera menn av pragmatiske og økonomiske årsaker. Det same kan ein sjå i ynskje om ei verd der det ikkje var behov for krisesenterrørsla lengre. Sjølv om ein ikkje ynskte langvarig eksistens då det ville bety at problemet framleis fann stad, såg ein likevel langsiktig arbeid og mål som viktig. I dette ligg det ei anerkjenning av at idealsamfunnet som ein ynskja seg var langt frå det faktiske samfunnet ein fann seg i.

Ved å sjå på forbindelsar, systersolidaritet og visjonar, har denne oppgåva undersøkt kvifor og korleis krisesenterrørsla arbeidde i kampen mot kjønnsbasert vald på transnasjonalt, nasjonalt og lokalt nivå i perioden 1976 og 1983. Krisesenterrørsla har historisk vore viktige pådrivarar for mange tilbod og tiltak som i dag er drifta av det offentlege, og som mange i dag ser på som ei sjølvfølge at er eit offentleg ansvar. Ein generell tendens med arbeidet og historia til krisesenterrørsla er difor at dei ved fleire høve sjølv har identifisert behov for tiltak, for så å møte denne etterspurnaden med private strukturar som seinare har vorte etablerte som offentlege institusjonar. Fyrst og fremst gjeld dette etableringa av trygge rom og stadar kor valdsutsette kan oppsøka, altså krisesenter og telefon, men det gjeld òg på eit politisk nivå, med innføringa av bistandsadvokatorordninga og opprettinga av sikkerhetsnettet for kvinner i etterkant av opphald. I dag har alle desse ansvara vorte tekne i vare av det offentlege, men eksisterer i ein noko anna eller utvida form enn den krisesenterrørsla opphavelig starta opp. 1970- og 1980-talet si krisesenterrørsla kan med dette tilskrivas ei viktig rolle i dagens handsaming av kjønnsbasert vald.

Avslutningsvis er det verd å merka seg at det framleis er behov for meir historisk forskning på krisesenterrørsla. I denne oppgåva har eg utforska ulike delar med krisesenterrørsla i oppstarten av drifta, men det er andre sentrale tematikkar som framleis ikkje har vorte behandla. I framtidig forskning på dette området er det fleire interessante aspekt ein kunne ha tematisert. For det fyrste hadde det vore interessant å undersøka ytterlegare krisesenterrørsla sitt forhold til menn og maskulinitet. Paradokset som oppstod gjennom å fyrst ekskludera menn frå rørsla, for så å likevel snike dei inn bakvegen og inkludera dei gjennom siviltenesteordninga, er forskingsmessig interessant, og kunne ha vorte kopla opp mot andre kvinneorganisasjonar si handsaming av menn i same periode. Vidare må ein anerkjenna at grunna valet om å fokusera på Oslo og Bergen i denne oppgåva, er ho storbyorientert. Difor ville det ha vore interessant om ein i seinare forskning hadde fokusert på korleis dette krisesenterarbeidet såg ut i dei små, lokale distriktsdelane av rørsla, kor det var både mindre økonomiske og materielle ressursar enn i dei store byane, og kor anonymitetsaspektet kanskje var annleis grunna mindre forhold. Til slutt hadde det vore interessant å vidare undersøka krisesenterrørsla og dei andre kvinneorganisasjonane bidrog til arbeidet som har ført til dagens bistandsadvokatorordning, og sjå på andre lovprosessar dei har vore involverte i, då det framgår tydeleg av materialet eg har sett på at dei har vore viktige, men dette er lite tematisert.

Arkivmaterial

Bergen Byarkiv, Noreg (BBA)

A-2508, Nødtelefon og krisesenter for kvinner Bergen

Boks 1

Boks 2

Boks. 3

Oslo Byarkiv, Noreg (OBA)

A70001, Camilla Krisesenter

Ac-L0001 – Landskonferansen for krisesentre og krisetelefoner

Dc-L0003 – Materiale vedr. Senterdrift/stenging og diverse

Dc-L0004 – Informasjon til medlemmer/brukere, husholdsregler, statistikk, m.m.

G-L0001 – Vaktjournaler/beskjedbøker

Pa-L0001 – Personal

Ua-L0001 – Film

Xa-L0001- Trykksaker

Lovtekstar, preposisjonar og konvensjonar

«Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act 1976». King's Printer of Acts of Parliament. Åpnet 4. mars 2024.

<https://www.legislation.gov.uk/ukpga/1976/50/enacted>.

«Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner CETS 210 - Lovdata». Åpnet 4. desember 2023.

<https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2011-05-11-22>.

LII / Legal Information Institute. «Domestic Violence and Matrimonial Proceedings Act».

Åpnet 4. mars 2024. https://www.law.cornell.edu/women-and-justice/resource/domestic_violence_and_matrimonial_proceedings_act.

«Likestillingsloven - likestl. - Lovdata Pro». Åpnet 1. mars 2024.

<https://lovdata.no/pro/#document/NLO/lov/1978-06-09-45>.

Lov om kommunale krisesentertilbud (krisesenterlova) - Lovdata. Åpnet 28. august 2023.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-44>.

«Lov om straff (straffeloven) - Kapittel 25. Voldslovbrudd mv. - Lovdata». Åpnet 3. januar 2024. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-10#%C2%A7283.

Ot.prp.nr.63. «Ot.prp.nr.63 Om lov om endringer i straffeprosessloven (advokathjelp til fornærmede i voldtektsaker)», 81 1980. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1980-81&paid=4&wid=c&psid=DIVL496&s=False>.

Stortinget. «Endringer i straffeprosessloven mv. (elektronisk kontroll av besøksforbud)». Sak.

Justiskomiteen, 16. juni 2023. <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/Voteringsoversikt/?p=94760&dnid=1>.

«Torturkonvensjonen». Åpnet 19. mars 2024.

<https://fn.no/avtaler/menneskerettigheter/torturkonvensjonen>.

Aviser

«Krisetelefon for voldtatte kvinner», *Aftenposten* 1977.02.01. Aftenposten. Norge; Oslo; Oslo, 1977.

«Krisesenter for mor og barn åpnes», *Fredriksstad Blad* 1979.11.30. Fredriksstad Blad. Norge; Østfold; Fredrikstad, 1979.

«Legevaktordningen», *Grimstad Adresstidende* 1966.09.20. Grimstad Adresstidende. Norge; Agder; Grimstad;,1966.

«*Fra Selvær.*» *Nordland*, 13. utg., Nordland (Norge;Nordland;Bodø;, 1922), 2. *Sirene*. 1977 Nr. 5. Oslo: Sirene, 1977.

Kvinnefronten, "Krisesentra - Krisetelefoner", *Kvinnejournalen* (Oslo: Kvinnefronten, 1987), 46.

Trykte primærkilder

Brantenberg, Gerd. *Forbrytelser mot kvinner: [referat fra] Internasjonal tribunal i Brussel 4.-8.mars 1976*. Oslo, Rådhusgt.2: Kvinnehuset, Tribunalgruppa, 1976.

Dahl, Tove Stang. *Kvinner som ofre. Norbok*. Stensilserie (Universitetet i Oslo. Institutt for kriminologi og strafferett : trykt utg.) 39. Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for kriminologi og strafferett, 1980.

Russell, Diane E., og Nicole van de Ven. *Crimes against Women: Proceedings of the International Tribunal*. Millbrae, Cal: Les Femmes, 1976.

Valvo, Brita Holm. *Du skal ikke slå-: om kvinnemishandling og krisesentra*. Oslo: Universitetsforlaget, 1981.

Bibliografi

- Aarhus Universitet. «Transnational Interaction among Feminist Activists in the Nordic Countries, 1970s-2000», 21. mai 2019. <https://nordics.info/show/artikkel/transnational-interactions-among-feminist-activists-in-the-nordic-countries-1970s-2000>.
- Blom, Ida, red. *Cappelens kvinnehistorie*. Bd. 3. Oslo: Cappelens forlag, 1992.
- . «Structures and Agency: a transnational comparison of the struggle for women's suffrage in the Nordic countries during the long 19th century». *Scandinavian Journal of History* 37, nr. 5 (1. desember 2012): 600–620. <https://doi.org/10.1080/03468755.2012.729023>.
- Blom, Ida, Sølvi Sogner, og Bente Rosenbeck. *Kvinner i den vestlige verden fra år 1500 til i dag*. Oslo: Cappelen akademisk forl., 2005.
- Clavin, Patricia. «Defining Transnationalism». *Contemporary European History* 14 (1. november 2005): 421–39. <https://doi.org/10.1017/S0960777305002705>.
- Colstrup, Christine Nybraaten. «Makt og struktur : arbeid med vold i nære relasjoner - mellom det offentlige og offeret», 2010. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/30553>.
- Crenshaw, Kimberlé. *On Intersectionality: Essential Writings*. New York: The New Press, 2020.
- Danielsen, Hilde. *Da det personlige ble politisk: den nye kvinne- og mannsbevegelsen på 1970-tallet*. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013.
- Downs, Laura Lee. *Writing Gender History*. 2. utg. London: Bloomsbury, 2010.
- Eidslott, Erika. «'Kvinne, bryt ikke sammen, bryt ut'. Vold mot kvinner og krisesenterbevegelsen i Norge, 1945-2009». Master thesis, The University of Bergen, 2019. <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/20054>.
- Erfaringsssentrum. «Hva er en erfaringskonsulent?» *Erfaringsssentrum.no* (blog), 9. august 2023. <https://erfaringsssentrum.no/hva-er-en-erfaringskonsulent/>.
- European Commission. «What Is Gender-Based Violence? - European Commission». Åpnet 4. januar 2024. https://commission.europa.eu/strategy-and-policy/policies/justice-and-fundamental-rights/gender-equality/gender-based-violence/what-gender-based-violence_en.
- European Institute for Gender Equality. «What Is Gender-Based Violence? | EIGE», 29. november 2023. https://eige.europa.eu/gender-based-violence/what-is-gender-based-violence?language_content_entity=en.
- Fischer, Claude S. *America Calling: A Social History of the Telephone to 1940*. Reprint 2020. ACLS Humanities E-Book. Berkeley: University of California Press, 1992.

- Flam, Helena. «Micromobilization and Emotions». I *The Oxford Handbook of Social Movements*, 264–76. Oxford University Press, 2015.
https://www.academia.edu/21620474/Micromobilization_and_Emotions.
- Fløystad, Ingeborg. «Women's History in Norway: A Short Survey». I *Writing women's history: international perspectives*, 221–28. Houndmills, Basingstoke, Hampshire: Macmillan, 1991.
- Framtiden i våre hender. «Vår historie». Framtiden i våre hender. Åpnet 12. mai 2024.
<https://www.framtiden.no/om-oss/vaar-historie>.
- Førde, Kristin Engh. «100 år med kvinnedag». Kvinnehistorie.no, 2010.
<https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-8114>.
- Gisle, Jon. «Juridisk rådgivning for kvinner». I *Store norske leksikon*, 25. oktober 2023.
https://snl.no/Juridisk_r%C3%A5dgivning_for_kvinner.
- Gram, Trond, og Ole Martin Rønning. *De lange linjer: arbeiderbevegelsens historie i Norge. Norbok*. Oslo: Res publica, 2017.
- Greensite, Gillian. «History of the Rape Crisis Movement», u.å.
- Hagemann, Gro. «'Husmorparadiset' - Norgeshistorie». Norgeshistorie.no, 2015.
<https://www.norgeshistorie.no/velferdsstat-og-vestvending/1804-husmorparadiset.html>.
- Halsaa, Beatrice. «FNs Internasjonale kvinneår 1975». Kvinnehistorie.no, 2007.
<https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-1939>.
- Haraldsdotter, Ylva. «Kvinnojourernas verksamhet - Nationellt centrum för kvinnofrid (NCK) - Uppsala universitet». Uppsala universitet, 10. juni 2024.
<https://www.nck.uu.se/kunskapsbanken/amnesguider/kommunernas-kvinnofridsarbete/kvinnojourernas-verksamhet/>.
- Hellesund, Tone. «Intimitet i forvandling: om hvordan den nye norske kvinnebevegelsen satte intimitet på dagsordenen». I *Da det personlige ble politisk: den nye kvinne- og mannsbevegelsen på 1970-tallet*, 61–102. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2013.
- Holtar, Ingrid S. «Feminism on Screen: Feminist Filmmaking in Norway in the 1970s». Doctoral thesis, NTNU, 2022. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/3017104>.
- Kallelid, Ole. *Avholdsbyen: historien om avholdsbevegelsen i Stavanger*. Stavanger: Promenaden forl, 1996.
- Kirchhof, Astrid Mignon. «Finding Common Ground in Transnational Peace Movements». *Australian Journal of Politics & History* 63, nr. 3 (september 2015): 432–49.
- Kjeldstadli, Knut. «Allsang i arbeiderbevegelsen». *Arbeiderhistorie* 22, nr. 1 (23. mars 2018): 109–25. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5879-2018-01-07>.

- . «Kollektive bevegelser». I *Historier om motstand: Kollektive bevegelser i det 20. århundre*, 13–32. Oslo: Abstrakt, 2010.
- Klandermans, P., og Jacquélien van Stekelenburg. «Social movement theory: Past, present and prospect». I *Movers and Shakers: Social Movements in Africa*, redigert av Stephen Ellis og Ineke van Kessel. African Dynamics 8. Leiden: Brill, 2009.
- Korsvik, Trine Rogg. «Kvinnekamp!: politiske spenninger i kvinnefrigjøringsbevegelsene i Norge og Frankrike i 1970-åra». I *Historier om motstand : kollektive bevegelser i det 20. århundret*, 93–122. Oslo: Abstrakt, 2010.
- . *Sex, vold og feminisme: hvordan voldtekt og porno ble politisk på 1970-tallet*. 1. utgave. Oslo: Cappelen Damm akademisk, 2019.
- Maidment, Susan. «Domestic violence and the law: the 1976 Act and its aftermath». *Sociological Review* 31 (2. mai 1983): 4–25. <https://doi.org/10.1111/j.1467-954X.1983.tb00093.x>.
- Markoff, John. «historical analysis and social movements research». I *The Oxford Handbook of Social Movements*, 68–85. Oxford University Press, 2015.
- Nok. Norge. «Om Nok.» Åpnet 23. april 2024. <https://noknorge.no/om-nok/>.
- «Om LOKK - LOKK». Åpnet 12. mai 2024. <https://www.lokk.dk/om-os/om-lokk/>.
- Petrak, Jenny, og Barbara Hedge. «Rape: History, Myths and Reality». I *The Trauma of Sexual Assault: Treatment, Prevention and Practice*. John Wiley & Sons, 2003.
- Power, Collette. «Women-Only Space». Phd, University of Liverpool, 2008. <https://livrepository.liverpool.ac.uk/3174478>.
- Qi, Tingting. «Transforming Sisterhood to an All-Relational Solidarity». *Race, Gender & Class* 17, nr. 3/4 (2010): 327–35.
- Quist, Christina, Marianne Vikås, Jarle Grivi Brenna, Jonas Nilsson, Hilde Kristine Misje, og Øyvind Engan. «54 mennesker drept det siste året, viser VG-kartlegging». VG, 9. april 2024. <https://www.vg.no/i/L18BwQ>.
- Regjeringen.no. «Allmenn verneplikt». Redaksjonellartikkel. regjeringen.no, 4. november 2014. <https://www.regjeringen.no/no/tema/forsvar/innsikt/allmenn-verneplikt/id2009109/>.
- «|Roks». Åpnet 12. mai 2024. <https://www.roks.se/om-roks>.
- Rustad, Unni, Berit Morland, og Linn Stalsberg. *Vi var mange : kvinneaktivister fra 70-tallet forteller*. Redigert av Ellen Aanesen. Oslo: Forlaget Oktober, 2018.
- Ryste, Marte Ericsson. «Krisesenterbevegelsen». Kvinnehistorie.no, 2019. <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-3433>.

- Rønning, Mats, Anita Gismervik, Ingvill Sørensen, Audun Byre, og Anette C. Gulsett. «Fredspolitik og folkelige bevegelser i nyere norsk historie». *Historisk tidsskrift* 84, nr. 2 (15. juni 2005): 325–48. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2944-2005-02-13>.
- Røstvik, Camilla M. «Tampon Technology in Britain: Unilever's Project Hyacinth and the '7-Day War' Campaign," 1968-1980». *Technology and Culture* 63, nr. 1 (2022): 61–86. <https://doi.org/10.1353/tech.2022.0002>.
- Schrag, Zachary M. *The Princeton Guide to Historical Research. Skills for Scholars*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 2021.
- Skard, Torild. «Likestillingsloven 1978». Kvinnehistorie.no, 2003. <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-3342>.
- Skaarer, Åse Camilla. «Gifte kvinners rett til arbeid». Kvinnehistorie.no, 2019. <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-2680>.
- Spaziante, Lucio. «Who's afraid of Bella Ciao? Resistance Songs as Neo-Conflict Music». I *Post Conflict Culures: a reader*, 214–22. Studies in Post-Conflict Cultures 11. London: Critical, Cultural and Communications Press, 2019.
- Språkrådet, og Universitetet i Bergen. «Naudtelefon». I *Nynorskordboka*. Åpnet 3. januar 2024. <https://ordbokene.no/nn/ordbokene.no>.
- Statistisk sentralbyrå. *Historisk statistikk 1994: = Historical statistics 1994*. Norges offisielle statistikk C 188. Oslo: Statistisk sentralbyrå, 1995.
- Sørvoll, Jardar, Knut Kjeldstadli, og Idar Helle. *Historier om motstand: kollektive bevegelser i det 20. århundret*. Oslo: Abstrakt, 2010.
- Thue, Lars. *Norsk telekommunikasjonshistorie: B. 3 : Nye forbindelser : 1970-2005*. Bd. B. 3. Oslo: Gyldendal fakta, 2006.
- Twarog, Emily E. LB. «Before #MeToo: The History of the 9to5 Job Survival Hotline». *Labor* 19, nr. 1 (1. mars 2022): 96–108. <https://doi.org/10.1215/15476715-9475744>.
- Vostral, Sharra L. «Masking Menstruation: The Emergence of Menstrual Hygiene Products in the United States». I *Menstruation: A Cultural History*, Palgrave Macmillan., 243–58. London, 2005.
- Women's Legal Landmarks. «The Opening of the First Refuge (1971)», 8. august 2017. <https://womenslegallandmarks.com/2017/08/08/first-womens-refuge-opens-1971/>.